

## **Norske soppsnamn**

**- ein studie av ein stor og omfangsrik vokster i nyare tid**

BENTHE SKRØVJE

RETTLEIAR

Vidar Haslum

**Universitetet i Agder, 2019**

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag



## Forord

Naturfaglege emne er noko eg har interessert meg for i all mi tid, og soppanes verd blei eg kjent med gjennom interessa mi for mat og sanking frå naturen. Etter kvart som eg blei stadig betre kjend med soppane, oppdaga eg namna, det er ei fascinerande samling vakre, poetiske og interessante namn som opnar døra til ei like fascinerande verd. Då eg skulle ta mastergraden i nordisk språk og litteratur, tok eg eit masteremne i namnegransking og eg så moglegheita for å kunne skrive om noko som eg er veldig interessert i, nemleg dei norske soppnamna.

Det er sjølv sagt nokre favorittnamn blant soppnamna, namn som er gode og som sit med ein gong, slike som *fiolgubbe*, *blomkålsopp* og *satansopp*. Og det finst nokre finurlege og poetiske namn som òg er interessante, slike som *uventu slørsopp*, *frierslørsopp*, *vranggrynhatt* og *slimhorn*. Alle namna er laga i ein bestemt tradisjon for korleis me lager artsnamn og dei har ei forklaring. Det er dette eg har undersøkt i oppgåva mi.

Eg vil rette ein stor takk til rettleiaren min, Vidar Haslum, for gode innspel og hjelp undervegs. Eg har tatt mange krokveggar, men han har henta meg inn på rett spor meir enn ein gong.

I byrjinga trudde eg at dette var eit smalt emne, men etter kvart som eg har jobba med stoffet har det utvida seg og eg har lært mykje om språk, soppar, vitskapshistorie og norsk kultur. I løpet av tida eg har arbeidd med oppgåva har eg tatt innføringskurs i latin, og eg har gått opp til prøva for soppakkunnige. Det har vore ei spennande reise som har gitt meg mykje kunnskap som eg vil ha glede av resten av livet. Eg håper òg at andre kan få glede av arbeidet mitt både i forhold til sopp og soppnamn, men òg når det gjeld artsnamn på andre artar.

I dag er artsmangfaldet i verda trua, mange artar står i fare for å døy ut og det er imperativt å setje fokus på naturvern. Artsnamna er inngangen til kunnskapen om artane, namna gjev artane identitet og ein plass i dei store samanhengane i verda.

Kristiansand, oktober 2019

Benthe Skrøvje

## Samandrag

Oppgåva er ei undersøking av norske soppnamn. Soppnamn finn me på tre ulike nivå, folkelege soppnamn, faglege norske soppnamn og vitskaplege soppnamn. Det er dei faglege norske soppnamna som er hovedfokus i oppgåva. Dei faglege norske soppnamna som blir undersøkt er henta frå publikasjonen *Norske soppnavn* (NSNF, Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011). Det er desse soppnamna som er gjeldande norske artsnamn i Noreg i dag.

Oppgåva tar for seg opphav, språkstruktur, innhald og bruk av soppnamna. Norsk kultur har tradisjonelt vore skeptisk til sopp, dei har ikkje vore viktige til verken mat, rituelle stimuli eller anna bruk, det er dermed svært få arveord og folkelege norske soppnamn. Kring 1850 hadde me ikkje meir enn eit tjugetals norske soppnamn. Etter kvart som vitskapen har utvikla seg det blitt stadig fleire norske faglege soppnamn, i 2011 hadde me 2930. Dei aller fleste av desse er boklege konstruksjonar som har kome frå fagmiljøa. Namna er laga i ein språkleg og vitskapleg tradisjon. Vokstere i faglege norske soppnamn har først og fremst gått føre seg frå slutten av 1800-talet og fram til i dag.

Enkelte folkelege soppnamn, nokre lån frå ei felles europeisk språkav og sterk påverknad frå svenske soppnamn er grunnstammen i det soppnamneleksikonet me har i dag. Soppnamna er oftast bygd opp med basis i eit primærnamn, og etter kvart som ein finn nye artar har ein bygd ut, og bygd om soppnamna. Soppnamneleksikonet er i stadig utvikling og fagmiljøa har stor autoritet. Det er fagfolk som står bak endringar og nylagingar.

Soppnamn blir brukt til å identifisere soppartar, og det semantiske innhaldet i soppnamna møter oftast dette behovet med å seie noko konkret om korleis soppen ser ut, kvar han veks, korleis han lukter og slik bortetter. I soppnamna finn du mange beskrivande adjektiv og metaforar.

Soppnamneleksikonet er livleg og omfattande, og eit resultat av eit bevisst språkleg og fagleg arbeid med soppartar.

Kunnskapen om soppartane materialiserer seg i dei faglege norske soppnamna og i ei tid der artsmangfaldet er trua, og miljøsa er den viktigaste saken, er norske soppnamn høgst aktuelle.

## Summary

This thesis is a study of Norwegian fungi names. We find fungi names on three different levels, common names for fungi, Norwegian professional names for fungi and scientific fungal names. The professional Norwegian mushroom names are the focus in the study. The names investigated are from the publication *Norske soppnavn* (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011).

The thesis addresses origin, language structure, content and use of fungi names.

Norwegian culture has traditionally been skeptical of fungi, and they have not been important as either food, ritual stimuli or other uses, so there are very few inherited words and popular Norwegian mushroom names. As science has evolved, yet more Norwegian professional fungi names have evolved. In the early 1800-hundreds there were less than 30 names, in 2011 the number has grown to about 3000. The vast majority of these are literal constructions that have come from the academic area. The fungi names are created in a linguistic and scientific tradition. The immense growth in professional Norwegian fungi names primarily emerged from the end of the 19th century until today.

Some common fungi names, some loans from a common European language heritage, and strong influence by Swedish fungi names are the mainstay of the current fungi lexicon. Fungi names usually consist of a primary name as basis, and as one finds new species, one has developed and rebuilt the fungi names. The fungus lexicon is constantly evolving and the academic community has great authority.

We use fungi names to identify species, and the semantic content of fungi names meets this need to say something concrete about how the fungus looks, when it grows, how it smells and so forth. In the fungi names, you will find many descriptive adjectives and metaphors. The fungi lexicon is lively and extensive, and a result of a deliberate linguistic and academic work with fungi.

Knowledge about fungi species materializes in the Norwegian fungi names. Species diversity is at risk, the environmental issue is the most important issue, Norwegian fungi names are therefore a most relevant study.

## Innhald

Forord .....	2
Samandrag .....	3
Summary .....	4
1. Innleiing .....	7
2. Teori .....	11
2.1 Kva er sopp? .....	11
2.2 Soppnamn som språkleg studieobjekt .....	12
2.3 Er soppnamn namn? .....	14
2.4 Kultur- og vitskapshistorie, utvikling av eit fagspråk .....	18
2.4.1 Kulturhistorie, norske soppnamn i ein mykofob kultur .....	19
2.4.2 Soppsaaka, ideologi og mattradisjonar .....	21
2.4.3 Vitskapshistorie, ei historie om å setje namn .....	25
2.4.4 Kva er viktig i dag? .....	30
2.5 Soppnamn på fleire nivå .....	31
2.5.1 Folkelege soppnamn .....	32
2.5.2 Soppnamn i ordsamlingar og ordbøker .....	36
2.5.3 Faglege norske soppnamn .....	38
2.5.4 Vitskaplege soppnamn .....	43
2.6 Faglege norske soppnamn, ei eksplosiv vekst .....	46
3 Metode .....	51
4 Presentasjon av funn .....	53
4.1 Innleiing .....	53
4.2 Språkstruktur .....	53
4.2.1 Dei primære soppnamna .....	55
4.2.2 Utbygde faglege norske soppnamn .....	57
4.2.3 Ombygde soppnamn .....	61
4.2.4 Oppsummering og drøfting .....	62
4.3 Opphav .....	64
4.3.1 Heimlege folkelege soppnamn, arveord .....	65
4.3.2 Direkte lån .....	68
4.3.3 Omsetjingar .....	71
4.3.4 Kombinasjonar av lån og omsetjingar .....	74
4.3.5 Oppsummering og drøfting .....	75
4.4 Innhald .....	78

4.4.1 Makromorfologiske trekk – direkte skildring av sopparten.....	79
4.4.2 Mikromorfologiske trekk.....	89
4.4.3 Entonym.....	90
4.4.4 Metaforiske soppnamn.....	91
4.4.5 Oppsummering og drøfting.....	98
4.5 Bruk.....	101
4.5.1 Folkelege soppnamn.....	102
4.5.2 Faglege norske soppnamn.....	102
4.5.3 Vitskapelege soppnamn.....	104
4.5.4 Oppsummering og drøfting.....	104
5. Oppsummering av resultata.....	107
Etterord.....	109

## 1. Innleiing

Som menneske bruker me språket til mykje. Me set ord på det som tyder noko for oss og som me har bruk for. Me kan bruke stadnamn til å orientere oss i eit landskap og personnamn til å halde orden på menneska me lever saman med. Namna er ei språkleg materialisering av det me nemner. Kunnskap ligg lagra i ord. Å lære om verda og naturen me lever i handlar for ein stor del om å lære ord. Dersom du vil lære noko om sopp, er soppnamna det heilt sentrale. I det norske språket har me omtrent 3000 norske soppnamn, i byrjinga av 1800-talet hadde me berre eit tjuetals norske soppnamn. Det er ein enorm auke. Resultatet av denne ordproduksjonen er eit livleg og levande leksikon som er vel verdt å undersøke ut frå ein språkleg ståstad. Soppnamna bruker me til å lære om sopp, å sjå sopp og å kommunisere om sopp. Me bruker soppnamna til å orientere oss i verda av sopp.

Soppnamna identifiserer ulike soppar. Døme på slike soppnamn er *flugesopp*, *stor kragesopp* og *fiolgubbe*. Jo meir vitskapleg ei tekst om sopp er, jo større krav til presisjon. På den måten får me tre ulike nivå, eller bruksområde, for soppnamn.

1. *Folkelege soppnamn*, av og til nemnd som trivialnamn, er dei soppnamna som blir brukt i daglegtale og meir folkelege tekster om sopp. Døme på slike namn er *flugesopp* og *røyksopp*. Bruksområdet for desse soppnamna er daglegtale og ulike tekster som ikkje er naturvitskaplege eller faglege. Desse soppnamna er knytt til eit lokalt nivå.
2. *Faglege norske soppnamn* er meir presise enn dei folkelege soppnamna, me finn dei i soppbøker og faglege tekster om sopp. Desse namna utgjer eit presist fagleg leksikon som er utvikla i eit nasjonalt vitskapleg miljø. Døme på slike soppnamn er *raud flugesopp* og *pærerøyksopp*. Desse soppnamna er knytt til eit nasjonalt nivå.
3. *Vitskaplege soppnamn* er internasjonale, dei er alltid latiniserte og kjem oftast frå latin eller gresk. Desse namna er regulerte av internasjonale avtalar og svært presise. Døme på slike namn er *Amanita muscaria* og *Lycoperdon pyriforme*. Desse soppnamna er knytt til eit internasjonalt nivå.

Menneska i Noreg har levd i eit landskap der det finst mykje sopp, nokre få av desse soppene har fått lokale, folkelege namn. Me treng ord på det me ser og opplever. Etter kvart som samfunnet og vitskapen har utvikla seg, har det blitt behov for nye ord. I løpet av dei siste hundre åra har fagmiljøa arbeidd systematisk med dei norske faglege soppnamna. Byrjinga til all kunnskap er å kalle ting med rett namn, og arbeid med å etablere eit fagspråk og eit artsnamneleksikon vil alltid vere heilt sentralt i utviklinga av fagfelt som biologi og mykologi. Føremålet er sjølvstøtt å utvikle eit sams fagspråk og ein terminologi ein kan bruke i forskning, utvikling og utdanning. Kunnskap blir bygd gjennom språket,

og eit norsk fagmiljø treng norsk fagspråk. Ein sentral funksjon for dei norske faglege soppnamna, som er ein del av terminologien, er at dei skal fungere i kommunikasjon mellom spesialistar.

Det norske fagmiljøet er ein del av eit internasjonalt fagmiljø. Såleis er dei vitenskaplege soppnamna ein viktig del av fagspråket. Norsk språk, og dei folkelege soppnamna, er likevel den språklege grunnvullen. Fagspråk eksisterer side om side med folkespråk, grensa mellom dei er flytande, av og til overlappar dei kvarandre, og heile tida er fagspråk og terminologi i endring. Mykologi er ein forholdsvis ny vitenskap. Soppriket blei først anerkjent som eit eige rike så seint som i 1947 (Høiland, 2005). Det er ein vitenskap der utvikling av kunnskap og tilhøyrande orddanning har vore særskild produktiv. Det er i spenningsfeltet mellom vitenskap, fagspråk og folkespråk at språkleg produksjon og kreativitet er verksam. Dei faglege norske soppnamna blir påverka av både dei vitenskaplege soppnamna og av dei folkelege soppnamna.

I løpet av dei siste 150 åra har talet på faglege norske soppnamn stege frå eit tjuetals soppnamn til nærare 3000 soppnamn, det vil seie ein auke på 1500 %. Det er ein enorm produksjon av nye ord. I soppnamneleksikonet finn me ei livleg og levande språkutvikling der kreativitet og nyskaping kjem til syne i form av eit utal talande soppnamn i mange variantar. Det vesle folkelege soppnamneleksikonet me hadde på 1700- og 1800-talet var verken omfattande nok eller presist nok for ein vitenskap. Det voks fram eit behov for mange fleire og meir presise soppnamn. Vitenskapen, det vil seie biologi/mykologi, har undersøkt soppriket på ein systematisk og målretta måte, noko som har resultert i vokstere av soppnamneleksikonet. Dei aller fleste soppnamna me har i dag, er boklege konstruksjonar. Det har gått føre seg ei akademisering av fenomen i verda. Det gjeld ikkje berre soppnamn, det gjeld innan nær sagt alle fagfelt, frå biologi til teknologi. Når ein set ljøs på fenomen, eller oppdagar heilt nye fenomen, må dei ha eit namn eller ei nemning, først då kan ein bevare kunnskapen og kommunisere om han.

Målet mitt i denne oppgåva er å undersøke dei språklege nyskapingane i det norske faglege soppnamneleksikonet. Det er eit stort, levande og dynamisk leksikon som syner noko om korleis språk er i utvikling. Det overordna forskingsspørsmålet mitt er:

Korleis har faglege norske soppnamn utvikla seg i norsk språk?

Den store auken i soppnamneleksikonet gjev eit omfattande materiale ein kan undersøke ut frå ein språkleg ståstad. Eg har ynskt å sjå på utvikling over tid og finne ut noko om kva for forhold som påverkar namnevalet når nye soppnamn blir konstruerte. Eg har sett på samfunnsmessige, teknologiske, språklege og kulturelle forhold.



Eit spørsmål eg har vore opptatt av i denne samanhengen er kvar namngjevarane hentar inspirasjon til nye namn, og kva som motiverer namnevalet. Det er mange spenstige og interessante faglege sopppnamn. Det å bla i namnesamlinga *Norske sopppnavn* (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011), og lese hundrevis av sopppnamn, er verkeleg spanande lesing. Det vekker interesse, kva ligg bak alle desse namna? Det er interessant å sjå på korleis dei ulike nivåa av sopppnamna har påverka kvarandre, kvar kan ein finne påverknad frå det folkelege leksikonet, og på kva for måtar det vitskaplege leksikonet har påverka namnevalet av dei faglege norske sopppnamna.

Vidare er det naturleg å undersøke korleis sopppnamna blir konstruerte reint språkleg. Sopppnamna er ordformer og nomenfrasar bygd opp på ulike sett. Kva for typar kan ein finne i sopppnamneleksikonet, og kan ein finne mønster eller utviklingstrekk over tid?

Ein kan kanskje tenkje at sopppnamn er eit litt smalt fagfelt, men etter kvart som eg har arbeidd meg inn i temaet, har det vakse utover og innover i mange ulike fagfelt. Eg har måtte arbeide noko tverrfagleg med oppgåva. For å tolke sopppnamna må ein ha kunnskap om sopp, det finn ein i biologien, nærare bestemt mykologi. Vidare har eg måtte setje meg inn i vitskapshistorie for å forstå meir av utviklinga til dei faglege norske sopppnamna. Kulturhistorie og samfunnsmessige forhold er òg aktuelt.

I teoridelen gjer eg først kort greie for kva sopp er. Deretter drøftar eg om sopppnamn eigentleg er namn reint språkleg sett. Så tek eg for meg vitskapshistorie og kulturhistorie for å synleggjere utviklinga av sopppnamna, fagspråk og terminologi er viktige stikkord her. Eg gjer vidare greie for dei ulike nivåa av sopppnamn og ser på korleis dei har påverka kvarandre. Teoridelen blir dermed forholdsvis omfattande.

Materialet i undersøkinga av sopppnamna er dei faglege norske sopppnamna i namnesamlinga *Norske sopppnavn* frå 2011, eg ser på struktur, opphav, innhald og bruk av desse. I tillegg hentar eg sopppnamn frå tidlegare namnesamlingar og enkelte andre kjelder. I presentasjonen av funna kvantifiserer eg i nokon grad og lagar ein god del tabellar, ut frå desse drøftar eg underveis i oppgåva.



## 2. Teori

### 2.1 Kva er sopp?

Me er omringa av sopp på alle kantar, frå soppen i osten me et, i ølet me drikk, fotsopp på føtene, mjøldugg på bærbuskane, hussopp i kjellaren, sjampinjongen i pastasausen til honningsoppen på plenen om hausten. I kroppen din der du sit og les akkurat no, lever det opptil fleire artar sopp. Sopp er ein viktig del av det store samspelet i naturen og ein del av det å vere menneske..

Soppriket er mangfaldig, mikroskopiske soppar som lever i ost, øl, i oppvaskmaskinen eller under tånegler kjem eg ikkje til å skrive om. Eg skriv om namna på storsopp, dei fruktlegema, dei "klumpane" eller utvekstane me vanlegvis tenkjer på når me høyrer ordet sopp. Dei lever i lag med plantar, levande eller daude, me kan ta på dei og kjenne at dei er annleis enn plantar og dyr. I tillegg kjem namn på nokre slimsoppar.

Alle soppar høyrer til eit eige rike, nemleg soppriket. Det tok litt tid før vitskapen anerkjente soppriket som eit eige rike. Carl von Linné plasserte soppene blant plantane, ettersom ein på den tida delte organismane inn i to; dei som kunne bevege seg høyrde til dyreriket, og dei som ikkje kunne bevege seg høyrde til planteriket. Zoologane studerte dyr og biologane studerte plantar. Først i 1947 blei soppriket offisielt eit eige rike (Høiland, 2005). Soppene steig altså frå å vere ein slags lågareståande plantar til å få status som ein eigen type organismar.

Anslaga på mengda sopparter varierer, det går endatil føre seg ein diskusjon om sjølve artsomgrepet, så nøyaktige tal er ikkje så lett å finne. Men eit anslag er at soppriket tel om lag 100 000 kjente artar (Læssøe & Petersen, 2019), i Noreg finst det meir enn 12 000 (Gulden & Marstad, Soppboka, 2018), og stadig nye artar blir registrerte.

Verdas største organisme er ein sopp (Spilde, 2003), han dekker eit område på ti kvadratkilometer og det vitskapelege namnet er *Armillaria ostoyae*, det faglege norske soppnamnet er *mørk honningsopp*. Sjølve soppen ligg i jorda, mellom røter og steinar, det me kallar "sopp" er fruktlegema. Akkurat som eit epletre er meir enn epla, er ein honningsopp eller ein kantarell meir enn dei soppene me legg i korga. Skilnaden er at me kan sjå stammen og blada til epletreet sjølv om det ikkje er eple på det, men me kan ikkje sjå mycelet til soppen. Me kan berre sjå fruktlegemet, sjølve soppen, når tilhøva er dei rette. Soppene dukkar opp på mystisk vis etter regn, dei veks ofte i hekseringar, dei kan lukte rart og dei har dei underlegaste skapnader. I tillegg er nokre av dei dødeleg giftige. Det er ikkje så underleg at menneska har forbunde dei med underverda og djevlskap.

Soppene varierer svært mykje i form, størrelse, farge, lukt, veksemåte og levemåte. Det dei har felles er at dei treng andre organismar for å leve og vekse. Dei kan anten leve av dautt organisk materiale som nedbrytarar (saprofyttisme), dei kan leve på ein annan levande organisme (parasittisme), eller i *samarbeid* (mutualisme) med ein annan organisme.

Me treng stort sett ikkje mikroskop eller anna avansert utstyr for å identifisere og studere storsoppene, og det var naturleg nok desse soppene botanikarar og mykologar først kartla og ga namn. Nokre av desse soppene har folkelege soppnamn som har levd i folkespråket over lang tid. Etter kvart som vitskapen har utvikla seg har me fått ei mengd nyare soppnamn. Ei stor mengd nye artar er blitt oppdaga og DNA-analysar har gjort at ein må rydde i slektskapet mellom soppartane. Det skapar behov for fleire faglege namn på soppene. Det er alle desse faglege norske soppnamna på storsoppar som er hovudfokus i oppgåva mi. Når eg i det vidare skriv om *sopp* i oppgåva mi er det *storsopp* eg meiner, altså dei fruktlegetema me kan sjå og ta på og som vanlegvis veks i skogar, i parkar og hagar og på dautt organisk materiale.



Fruktlegetema til sopp varierer i storleik, farge og form. Desse soppene har fått namna; gul gelésopp, kritøsterssopp, honningsopp, glimmerblekksopp, ametystsopp, raudnande flugesopp og gullgaffel. Foto: Benthe Skrøvje

## 2.2 Soppnamn som språkleg studieobjekt

Språk har uendelege moglegheiter for å skape nye kombinasjonar som gjev meining. Det er plastisk, skapande og det gjev oss stadig nye måtar å nemne og tolke verda på. Korleis me nemner tinga kring oss seier noko om korleis me opplever verda, og det gjev oss moglegheit til å beskrive verda på ein bestemt måte. Samstundes gjev språket og orda oss ein måte å sjå verda på, det er først når ein kan soppnamna ein verkeleg *ser* soppene. Soppnamna er ei tolking av soppene, dei seier noko om kva namngjevarene observerte, opplevde og følte i møte med soppene. Namn gjev liv til ting, dersom me ikkje har ord for det som finst kring oss eksisterer det ikkje på same måten som når ting har fått eit namn.

Det er skrive mykje om stadnamn og personnamn, men eg har funne lite om artsnamn, og mest ingenting om soppnamn. Det finst nokre språklege undersøkingar av fuglenamn, mellom anna hovudfagsavhandlinga til Kristoffer Kruken frå 1983, *Litt om fuglenamn i trøndermåla*. Eg har funne ein del artiklar om soppnamn i tidsskrifter om sopp, dei er stort sett skrivne frå ein naturvitskapleg ståstad, ikkje frå ein språkvitskapleg ståstad. Eg har dermed arbeidd mykje med å trekkje dei naturvitskaplege kjeldene inn i ei språkvitskapleg ramme. Det har blitt noko nybrottsarbeid, og eg har vore inno m mange ulike fagfelt. Språkvitskap er grunnbjelken i arbeidet, og eg er inno m disiplinær som språkhistorie, semantikk, morfologi, onomastikk og leksikografi.

Faglege norske soppnamn er interessante i studiet av språk, mellom anna fordi mykologi er ein forholdsvis ny vitskap. Ny kunnskap treng nye ord, og etter kvart som mykologane studerer sopp får me nye soppnamn. Soppnamna blir laga i ein tradisjon, der ein nyttar element frå det namneleksikonet ein har frå før og blandar det saman med element frå andre livsområde, språkområde og språklege tradisjonar. Soppnamna er i kontinuerleg utvikling, ein byggjer dei ut og om slik at ein kan bruke dei til å beskrive soppene på stadig meir presise måtar. Slik at ein kan bruke norske soppnamn til å samarbeide vitskapleg om å byggje ny kunnskap.

Eit viktig spørsmål eg har drøfta er om soppnamn, eller artsnamn for den saks skuld, eigentleg er namn. I tradisjonell namneforskning er det stadnamn og personnamn, og av og til namn på husdyr eller leikety som har vore studieobjekt. Artsnamn er lite undersøkt, dei har blitt rekna som ein del av fagspråk og terminologi. Eg har undersøkt soppnamna på ein måte som er inspirert av måten ein har undersøkt stadnamna, eg har sett på struktur, opphav, innhald og bruk.

For å forstå og tolke soppnamna må ein ha kunnskap om sopp. Dette er ikkje ei naturvitskapleg oppgåve, men naturleg nok er det mykje naturvitskapleg teori med. Ikkje minst har eg henta teori frå biologi og vitskapshistorie. Kulturhistorie er eit anna fagfelt eg har vore inno m. Bruk, tradisjon og haldningar i samfunnet speglar seg i språket. Og nordmenns bruk, tradisjon og haldningar til sopp set spor i dei norske faglege soppnamna.

Det er altså eit visst tverrfagleg preg over oppgåva mi med soppnamna. Språkvitskap er grunnlaget, men naturvitskap og kulturhistorie, eller etnobotanikk, gjev viktige bidrag i studiet av soppnamna. Eg trur den tverrfaglege tilnærminga kan gjere oppgåva mi spanande å lese for fleire, for språkinteresserte, kulturinteresserte, naturinteresserte og ikkje minst for soppentusiastar.

### 2.3 Er soppsnamn namn?

I daglegtale og naturvitskapleg litteratur snakkar me heile tida om *soppsnamn*, *plantenamn*, *fuglenamn* og så vidare, altså artsnamn. Når ein les artiklar i *Namn og Nemne* finn eg ikkje så mykje om denne typen *namn*. Namneforskarar er i det heile tatt skeptiske til å kalle soppsnamn for *namn*, dei er omtalt som *nemne*, og dei er dermed prinsipielt ikkje ein del av onomastikken, eller namneforskinga. Dei er appellativ, ikkje proprium. Det er likevel mykje likt mellom artsnamn og andre namn, artsnamna har propriele trekk.

I naturvitskaplege fagmiljø brukar dei omgrepet *namn* om artsnamn. Biologar som les *Blyttia* til dømes ser ut til å vere veldig interesserte i kva som er opphavet til plantanamna. *Blyttia* er eit fagtidsskriftet for botanikarar som inneheld mange artiklar av typen "Hva betyr plantenaavnet jåblom?". Av 19 fagartiklar i *Blyttia* i 2017 handla to om plantenamn. Det må kanskje seiast at det er ein forfattar, Kjell Furuset, som skriv ein heil serie artiklar med overskrifta: *Hva betyr plantenaavnet .....?* Det er heilt naturleg for ein biolog eller mykolog å sei noko slikt som *Denne planten heiter ljåblom*, eller *Denne soppen har ikkje noko fått noko norsk namn enno*. Tidsskriftet til Sopp- og nyttevekstforeninga, *Sopp- og nyttevekster*, har jamleg artiklar som handlar om soppsnamn eller namn på nyttevekster. Oliver Smith har til dømes gjennom ei årrekkje skrivne ei spalte om tydinga til dei vitskaplege namna på sopp og nyttevekster.

Vibeke Dalberg peiker på nokre propriele særtrekk som kjenneteikner namn, altså proprium, og som skil dei frå appellativa (Dalberg, 2002). For det første seier ho at proprium har ein identifiserande funksjon, ein bestemt ting/individ vert skilt ut frå andre individ av same slag. Namn er i prinsippet monoreferensielle, dei refererer til eit bestemt individ. Det er likevel slik at kvar person ikkje får sitt eige unike namn, dei deler det med fleire. Eg heiter til dømes *Benthe* til fornamn, det er eit namn eg deler med 263 andre kvinner i Noreg i dag, tar eg me dei som stavar namnet *Bente* er det 16 200 norske kvinner som har dette namnet som første fornamn. Du finn ikkje fornamn i ei vanleg ordbok, då må du gå til ei namnesamling, som namngjevare kan velje fornamn frå. Eller ein kan finne på eit heilt nytt namn og så søkje om å få gje det namnet til barnet. Fornamna og etternamna me gjer til borna våre heng saman med tradisjon, og me brukar dei for å identifisere ein bestemt person.

Soppsnamna finn ein òg i eigne samlingar, akkurat no gjeld publikasjonen *Norske soppsnavn* frå 2011 (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011). Me finn òg nokre soppsnamn i vanlege ordbøker, men som eg kjem inn på seinare i oppgåva, gjer ikkje ordbokoppføringane krav på å vere *artsnamn*. Det vil sei artsnamn i tydinga *ein referanse til ein bestemt art*. Det ligg inga forplikting i oppføringa *røyksopp* i Bokmålsordboka, annleis er det når *pærerøyksopp* står oppført i namnesamlinga eller i ei

soppbok. I soppbøker står faglege norske soppnamn saman med vitskaplege soppnamn, i tillegg kjem ei beskriving av artane saman med bilete eller teikningar. Faglege norske soppnamn er ikkje monoreferensielle på same måten som personnamn. Personnamn refererer til ein bestemt person medan soppnamn referer til ein bestemt art.

Dei vitskaplege namna kan me kanskje seie at er monoreferensielle, det eksisterer nemlig eit typeeksemplar, eit bestemt eksemplar av soppen som blir oppbevart på eit universitet eller museum og som ein kan studere for å finne ut om ein annan sopp er same art. Typeeksemplaret dokumenterer arten saman med ei beskriving. Når ein mykolog finn ein heilt ny art må han altså dokumentere arten/soppen med eit typeeksemplar og ei beskriving. Når det er på plass, får finnaren (autoren) av den nye soppen lov til å gje soppen eit namn. Typeeksemplaret er namneberar (Ohl, 2018, s. 107). Slik er det for soppartar og alle andre artar, til dømes edderkoppar, fuglar eller sjøpattedyr. I alle soppbøker finn ein det vitskaplege namnet saman med det faglege norske soppnamnet. Saman med det vitskaplege namnet finn ein ofte ei forkorting av namnet til autoren. Eit døme på ei slik oppføring er:

mørk raudspore, *Entoloma clypeatum* (L.) P.Kumm.

Denne oppføringa viser det norske faglege soppnamnet først, deretter kjem det vitskaplege soppnamnet. Til sist syner oppføringa kven det var som ga arten namn. I dette tilfellet var det Linné som først ga soppen namn, det kan ein sjå på initialane (L.) rett bak artsnamnet. Noko seinare kom den tyske presten og legen Paul Kummer og beskreiv arten nærare, og han fekk setje nytt modifisert namn. Det kan ein sjå på initialane P. Kumm. Det finst eigne lister over autorer og deira initialar. Den norske biologen Axel Gudbrand Blytt (1843-1898) har til dømes initialane *Blytt*. Carl von Linné er den einaste som har berre ein bokstav som initial, nemleg *L.* Linné stiller verkeleg i særklasse blant biologane.

Ein kan argumentere for at dei vitskaplege artsnamna er monoreferensielle, i og med at typeeksemplaret er eit unikt individ som fungerer som ei norm for arten. Det finst ein eigen, og temmeleg streng "namnelov" for namngjeving av artar; *The International Code of Nomenclature for algae, fungi, and plants* (IAPT, 2018). På engelsk refererer ein til han som *the code*, eg kjem til å referere til han som *koden*. Eg kjem tilbake til koden seinare i oppgåva mi.

Faglege norske soppnamn viser ikkje til noko enkelt individ eller typeeksemplar, dei har likevel ein heilt spesiell identifiserande funksjon som skil seg frå vanlege appellativ.

Dalberg skriv vidare at proprium er nøytrale i forhold til numerus og determinasjon (Dalberg, 2002), ein bøyer vanlegvis ikkje namn. Dei vitskapelege soppnamna finn ein alltid ubøygde i sopplitteraturen, namna står i eintal og ubestemt form. Formuleringar som: *Amanita muscaria har mykorrhiza med ulike treslag*. Eller: *I denne skogen veks Cortinarius rubellus*, er typiske, mens det er utenkjeleg å skrive eller seie noko slikt som: *\*Eg fann fire fine Amanita muscariar*. Det er også slik at dei vitskapelege namna blir stava med stor forbokstav i familienamnet, altså det namnet som kjem først. Ein kan dermed seie at dei vitskapelege soppnamna har propriale trekk når det gjeld numerus og determinasjon.

Når det gjeld bøyning av dei faglege norske soppnamna varierer det noko, det kan sjå ut som at dei oftast blir brukt ubøygde når heile det faglege soppnamnet er i bruk, medan talar ein om ei soppsekt bruker ein fleirtal. Frå sopplitteraturen har eg funne nokre typiske døme:

*Kjempetraktmusserong* er en god sopp.

(Gulden & Marstad, 2018, s. 207)

Foruten de to omtalte slektene Trollmorkler (Gyromitra) og Ekte morkler (Morchella), se side 322 og 335 finnes den store slekten Høstmorkler (Helvella) hvor bare mørk høstmorkel (H.lacunosa) og lys høstmorkel (H. crispa) kan bli store nok til å gå som matsopper.

(Gulden & Marstad, 2018, s. 317)

I desse døma bruker forfattarane stor forbokstav på dei norske slektsnamna.

I daglegtale kan ein godt høyre formuleringar som:

Den der er nok ein falsk kantarell. Tar du med deg dei kantarellane der?

Eg fann traktkantarell i skogen i dag.

Eg vil helst ha steinsopp i omeletten, eg likar ikkje smørsopp, men kantarellar er godt.

Det varierer altså litt om soppnamna blir bøygde eller ikkje, alt etter om det er tale om eit fagleg norsk soppnamn, eller om det er slekter eller grupper av sopp ein omtalar. Dei folkelege soppnamna, som jo ofte fell saman med slektsnamn, blir ofte brukt i fleirtal. Det kan altså verke som om jo meir artsspesifikke soppnamn er, jo meir propriale er dei.

Etternamn blir klassifisert som namn, sjølv om dei ikkje peiker på eit bestemt individ, men heller på eit individ i ei gruppe menneske, eit individ i ein familie eller slekt. Dei vitskapelege soppnamna har slektsnamn som er skild ut frå artsnamnet. Dei norske soppnamna har ikkje noko slektsnamn som står for seg sjølv. Men det kjem ofte fram kva for slekt soppen høyrer til, det er oftast det siste leddet



av artsnamnet som syner slektskap. *Sandmorkel* høyrer til dømes til slekta *morklar* og *kamflugesopp* høyrer til slekta *flugesoppar*.

Når det gjeld artsnamn har me ein tendens til intuitivt å bruke dei i språket på same måte som proprium. Namnet er knytt til ein bestemt art. Ein kan reise spørsmålet om kva ein art er for noko. Er det ein "ting", og har artar "individuelle" trekk? Når ein omtalar sopp, i sopplitteratur eller i andre soppfaglege samanhengar, er det alltid interessant å peike på karaktertrekk som kjenneteiknar arten, og soppnamnet bruker ein for å identifisere denne. I tillegg snakkar me heilt naturleg om artar som *livskraftige*, *døyande* eller *trua*. Det vil ikkje vere naturleg på same måte å snakke om eit utdøydd bilmerke til dømes. Det kan ha samanheng med at artar er levande organismar.

Proprium har ifølge Dalberg ikkje klassifiserande eller beskrivande tyding, dei er ikkje appellativiske. Personnamn har ikkje leksikalsk meining. Kallenamn er eit unnatak her, då ein kan få kallenamn etter bestemte eigenskaper eller ei bestemt hending. Sopp får namn på omtrent same måten som kallenamn. Lukter soppen vondt kan han få namnet *stanksopp* eller *stankkremle*. I det heile tatt tyder dei fleste soppnamna noko. Namna har semantisk tyding og mange av dei er veldig transparente, slik døma *mørk stankflathatt* og *bleikloden steinsopp* syner. Med litt kunnskap om sopp frå før kan ein fort få eit bilete av soppen berre med å lese namnet. Det gjeld mange av dei norske faglege soppnamna og det gjeld mange av dei vitskapelege namna. Dei eldste soppnamna har ei tyding som ikkje alltid er like opplagt, ein må gjere ein del undersøkingar og leite i kjelder for å tolke namnet.

Det er ikkje alle soppnamna som er deskriptive. Entonyma er soppnamn der sopparten er kalla opp etter ein person. I slike namn er det mindre samanheng mellom arten og det semantiske innhaldet i soppnamnet. Soppnamnet *Sigmunds vannprikk* framkallar ikkje noko konkret bilete av sopparten for andre enn dei som allereie kjenner han. Det er eit soppnamn som ikkje har klassifiserande tyding.

Som ein konklusjon på spørsmålet om soppnamna kan reknast som namn, vil eg seie at soppnamn har propriale trekk. Dei vitskapelege soppnamna er meir propriale enn dei faglege norske soppnamna. Soppnamn er *artsnamn*, og artsnamn er ei eiga gruppe namn som er vel verdt å studere nærare. Eg har brukt omgrepet *soppnamn* så langt, og eg kjem til å gjere det i resten av oppgåva. Det er eit presist og godt innarbeidd omgrep som alle forstår, og det blir flittig brukt i fagmiljøa. Omgrepet *nemne* er etter mitt syn ikkje fullgodt alternativ i denne oppgåva, sjølv om enkelte vil seie at *soppnamn* ikkje er *namn*, men *nemne*.

## 2.4 Kultur- og vitskapshistorie, utvikling av eit fagspråk

Språkutvikling heng nøye saman med samfunnsutvikling, og når det gjeld utviklinga av norske soppnamn, er biologisk og mykologisk forskning heilt sentral. Dei faglege norske soppnamna er stort sett boklege påfunn frå fagfolk. Vitskapen følger den teknologiske og kulturelle utviklinga i samfunnet. Teknologi ga reiskap til å studere plantar og sopp, og den kulturelle og ideologiske utviklinga oppmuntra til framvokster av fagmiljø og vitskapleg verksemd av ymse slag. Det er fagmiljøa, først filosofar og naturvitarar, så biologar og no mykologar, som har studert soppverda og sett ord på det dei har observert. Med den intense og systematiske kartlegginga av verda som starta i renessansen, og som framleis er i full gang, har det strøyma på med termar og nemningar på nær sagt alle fagfelt, frå kjemiske prosesser i menneskekroppen til astronomiske fenomen, og altså sopp i alle variantar.

Vitskapshistoria handlar ikkje berre om teknologisk utvikling, det handlar òg om ideologi og kulturelle forhold i samfunnet. Når nye ting blei oppdaga og beskrivne kom nye omgrep og nemningar med på kjøpet. Me tolkar helst ny kunnskap i samband med det me veit frå før, og slik blir gammal og ny kunnskap, gamle og nye ord, vevd inn i kvarandre.

Johan Myking skil mellom fagspråk og allmennspråk. Han skriv at grenseflatane mellom dei to er mange, og at fagspråk inneber både leksikalske uttrykk og meir eksakt kunnskap om eit avgrensa fagfelt (Myking, 2018, s. 369). Soppnamn er nært knytt til fagspråk, dei gjev ikkje like god meining om ein ikkje har kunnskap om sopp i tillegg. *Allmennspråk* er i Nynorskordboka definert som som "den delen av ei målform eller eit målføre som dei fleste brukarane har til felles, til skilnad frå særpråk" (UiB, 2017). *Særpråk* blir definert som "- variant av ei målform eller eit målføre som blir talt av (grupper av) personar med visse sams drag, til dømes alder, kjønn eller yrke - det er særleg i ordtilfanget at eit særpråk merkjer seg ut". Det er altså ordtilfanget som er særmerkt for særpråk, eller fagspråk, og innanfor biologi og zoologi står artsnamn i ei særstilling. Det er mange norske faglege soppnamn, heilt eksakt har me 2930 norske soppnamn i 2011 (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011), desse høyrer inn under fagspråket. Det er enkelte grenseflatar der soppnamna sig utover mot allmennspråket. Det er eit levande soppmiljø i randsona av fagmiljøet, dei bruker soppnamna aktivt og dei er glade i dei. Namna kjem til syne i soppbøker, populærvitskaplege artiklar og matoppskrifter.

### 2.4.1 Kulturhistorie, norske soppnamn i ein mykofob kultur

Me gjev namn til det som er viktig for oss. Namn gjev identitet og status, det gjeld folk, stader, husdyr og artar. Ove Arbo Høeg sitt legendariske verk *Planter og tradisjon* frå 1974 er på 688 sider, side 113-126 handlar om sopp. Det er altså nokre få soppartar som har vore viktige i norsk tradisjon og på den måten fått æra av eigne namn. Høeg skriv mest om *knivkjuke*, *knuskkjuke*, *fisesopp*, *kusopp* og *løpekule*, desse er artar som har festa seg i folkeminnet. Sett i forhold til mengda soppartar som faktisk veks i skogane våre er det folkelege soppnamneleksikonet forsvinnande lite. Kvifor er det slik?

Sopp har tradisjonelt ikkje vore viktig i norsk kultur, verken som mat, rituelle stimuli eller til annan bruk. I Japan skriv dei dikt om sopp og i Frankrike kan ein finne flotte soppdekorasjonar på vertshus og i stover. Det er ikkje heilt slik i Norden, sjølv om me bur nær naturen og alle soppene som veks der. Me har rett og slett vore eit mykofobt folkeferd, og det gjeld heile det germanske språkområdet. Eg veit ikkje heilt kvifor det er slik, me har mange sær gode matsoppar, men det har vore stor motstand mot å ete dei. Ein kan kanskje tru det er fordi ein del soppar er giftige og derfor blei det åtvare så sterkt mot å ete sopp. Ei innvending der er at det er like mange giftige soppar i meir mykofile samfunn som Frankrike og Polen. Det er sannsynligvis fleire tilfelle av forgiftingar i desse landa enn i Noreg. Franskmenn, polakkar og italienarar held likevel fram med å ete sopp med stor entusiasme. Bondebefolkninga i Norden derimot har tradisjonelt avskydd sopp, dei åt ikkje sopp som mat i naudstider eingong, då åt dei heller bark. Sopp var "[...] nå bare for fine følk å krøtter" (Høeg, 1976, s. 114). Denne avskyen for sopp speglar seg i språket, både i mangel av soppnamn og innhaldet i soppnamna.

Slimsopp er egentleg ikkje sopp, men me tek dei med likevel, dei er ein del av soppnamneleksikonet.



Trollsmør, *Fuligo septica* Foto: Benthe Skrøvje

Høeg skriv om trollsmør, *Fuligo septica*, at han har folkelege namn som *trollkattspy*, *trøllkattspy*, *trollkjerringspye*, *trollkjerringsmør* og *trollkjerringspøtt*.

Slimsoppen dukkar uventa og umotivert opp; på ein stubbe eller dau ved tyt det ut ei gul kremaktig kake eller klump, som etter kvart skiftar farge, og så er han plutsleg vekk. Det

var knytt mykje overtru til slimsopp, ein meinte

han kunne vere farlege for krøttera, ein skulle ikkje ta i han. Dei blei satt i samband med trollskap.

Ulvemelk, *Lycogala epidendron*, er ein annan slimsopp som har hatt folkelege namn, Høegh nemner *trollkjerringsmør* og *trøllkjerringgrøt*.

I norsk daglegtale finn me ikkje mange ordbilete som har med sopp å gjere. Ein kan kanskje tenkje seg at det går an å kalla kjærasten sin for "ein sopp", då er det sjeldan godt meint. I det mentale registeret vårt er sopp noko som ligg på den negative sida, som noko lunefullt, slimet, illeluktande og potensielt dødeleg. Det er ikkje kulinariske gleder og skjønheit som me først kjem i hug når me tenkjer på sopp. George Lakoff og Mark Johnson argumenterar for at "Vårt alminnelige begrepssystem, som vi både tenker og handler ut fra, er grunnleggende metaforisk." (Lakoff & Johnson, 2003, s. 7). Går ein ut frå at omgrepet *sopp* er metaforisk, kan ein seie at djupt nede i det mentale registeret i det norske språket ligg det ein metafor; *sopp er noko djevleskap*. Denne metaforen er med på å styre handlingane og tankane våre.

Hamsun laga fantastiske ordbilete, i romanen *Victoria* (1898) finn me denne skildringa av kjærleiken:

Ak, kjærligheten den gjør menneskehjertet til en sophave, en frodig og uforskammet have hvori står hemmelighetsfuld og fræk sop. (Hamsun, 1961, s. 43)

Det er eit godt bilete, og ein kan gjere seg mange tankar om kva han eigentleg meiner, men eg får dessverre ikkje berre gode kjensler om denne sopphaven. Mykofobien i kulturen speglar seg ikkje berre i litteratur men også i kunst. Dersom sopp er med i ulike maleri, tolkar me dei som symbol på noko i forfall, som noko mystisk eller illevarslande.

Romarane var glade i sopp og dei sette pris på dei kulinariske kvalitetane. Forfattaren Marialis (40-120 e.Kr) skreiv at; "Lett er det å savne sølv og gull og kjærlighetens glede, verre er det å unnvære sopp" (Ryvarden & Høiland, 2014, s. 80). Den romerske soppgleda svann bort i mellomalderen. Kan hende var kirkefaderen Augustin med på å trekke soppen ned i vanæra. Etter at han braut med dei soppelskande manikeerne, forakta han soppeting og åtvare mot å bruke sopp. Eller det var kan hende fordi sentrum for vestleg kultur vart flytta nordover, mot Mellom-Europa der dei soppene romarane elska så høgt ikkje var å finne.

Me veit ikkje mykje om kva nordmenn flest i mellomalderen visste om sopp, men det kan sjå ut som om det var lite, ettersom det mest ikkje eksisterer skriftlege kjelder. Sett i eit europeisk perspektiv blei det kulturelle og økonomiske sentrum flytta nordover, og den antikke soppgleda ser ikkje ut til å vere med inn i dei germanske områda. Det var likevel ikkje slik at skriftkunnige i mellomalderen ikkje var opptekne av naturen kring seg og artane, dei hadde namn på dei artane som var viktige for dei. I Konungs skuggsá (ca 1250-60), eller Kongsspegelen, finn ein i delen om *Kunnskap for kjøpmenn* ei utgreiing over ikkje mindre enn 20 kvalartar kring Island og ei liste over selar i Grønlandshavet. Det blir ikkje sagt noko om plantar og i alle fall ikkje om sopp. Me finn ikkje spor etter sopp i andre skriftlege kjelder heller.

Ei viktig språkleg kjelde er namn. Me har mange stadnamn som *Bjerkvik, Rosseland, Porsmyr* og *Eikeland*, men ingen eldre stadnamn som referer til sopp. Dei einaste stadnamna eg kjenner til som har med sopp å gjere, er moderne gate- og vegnamn, slike som til dømes i byggjefeltet Hånes i Kristiansand der folk bur i *Musserongstien, Kantarellstien, Riskestien* og så vidare. I Lørenskog finn ein mellom anna *Røyksoppstien, Brunskrubbeveien* og *Korallsoppveien*. Det er altså først i nyare tid soppene er funne verdige som inspirasjon til å lage stadnamn. Men det kan sjølvstg også vere fordi det i moderne tid har blitt ufatteleg mange vegar som skal ha sine egne namn, og då har kommuneplanleggjarane måtte leite i stadig nye ordgrupper.

Folk i Noreg har blitt oppkalla etter både dyr og plantar, slik som *Bjørn, Ulf* og *Lillian* og *Rose*. I moderne tid finn me både *Ravn, Lerke, Minken, Timian* og *Mynte* (Utne, 2011). Men det er utenkjeleg å kalle opp ei dotter eller ein son etter ein sopp, ikkje eingong kjæledyr får namn etter sopp. Eg har derimot høyrd *sopp* nytta som skjellsord, eller som eit løynd kallenamn på til dømes ein eks-mann eller ein annan person ein ikkje liker.

Germanarane åt ikkje sopp. I Sør-Europa og Øst-Europa har dei heilt andre tradisjonar og kjensler i forhold til sopp. Me henta ein god del soppnamn frå desse språkområda på 1700- og 1800-talet. Det gjeld namna *morkel, musserong, sjampinjong* og *kantarell* (Eckblad, 1994). I Noreg har me få nedarva folkelege namn på storsoppar, dei faglege norske soppnamna er for ein stor del nye konstruerte namn, lån frå andre språk og omsetjingar.

#### 2.4.2 Soppsaka, ideologi og mattradisjonar

Det er først i siste halvdel av 1700-talet me finn spor av at folk i Noreg brukte sopp til mat, og då var det berre i dei øvste sosiale laga. Det er ein skikk som er komen frå kontakt med Europa, og det var berre morklar og sjampinjongar som blei brukt til matlaging. Og som nemnt, ikkje i dei breie lag av folket.

Sjølv i dag er mange skeptiske til å bruke sopp frå skogen i matlaging. Når eg kjem med soppkorga mi er det mange som er nyfikne, men like mange vil slett ikkje ete slikt. Då eg var jentunge kjente me berre ei dame som plukka og åt sopp, og ho var litt "rar". I gata der eg budde på 70-talet og på heimplassen til foreldra mine åt ingen sopp, dei sparka i soppene. Det var først då hermetiske sjampinjongar kom ein gong på 80-talet, at sopp blei akseptert i matskapet heime. Og då var det berre halve huslyden som åt dei. Dei negative kjenslene til sopp er merkeleg seigliva i kulturen vår. Det til tross for at det har vore mange framstøyt for soppsaka dei siste 150 åra.

Slutten av 1700-talet var potetprestanes tid og det var mange som var opptekne av naturforholda i landet og evna vår til livberging. Då gjaldt det å ta i bruk dei ressursane me hadde, sopp var ein ubrukt ressurs som enkelte peika på. Overklassen hadde kontaktar og førebilete på kontinentet, Frankrike blant anna, og lærte eit og anna om sopp derifrå. I Frankrike lærte dei seg kunsten å dyrke sjampinjongar, og ein må tru at overklassa i Noreg importerte og åt ein del av desse. Slik blei sopp sett på menyen i enkelte norske heimar på 1800-talet. Kong Karl Johan (1763-1844) av Sverige og Noreg var fransk av slekta Bernadotte, han tok med seg sansen for å ete sopp til Sverige og Noreg. Han var så glad i *steinsopp* at denne soppen framleis heiter *karljohan*<sup>1</sup> på svensk. På norsk blei same soppen av og til kalla *herresopp*, ettersom det var ein sopp for herrefolket.

Hanna Winsnes, prestekona som skreiv kokeboka *Lærebog i de forskjellige Grene af Husholdningen* i 1845, hadde berre ei oppskrift med sopp, nemleg om sursylting av sjampinjongar. Ho kalla dei *champignon*er (Eckblad, 1994, s. 88), ein skrivemåte frå fransk. P. Chr. Asbjørnsen var opptatt av litt av kvart, også mat. Han skreiv ei kokebok i 1864 under pseudonymet Clemens Bonifacius, boka vakte rabalder fordi Asbjørnsen meinte måten dei norske bondekonene laga graut på ikkje var heilt god. Hanna Winsnes var òg med i striden, som blei kalla grautstriden. Boka til Asbjørnsen blei snart selt ut og andre utgåva kom i 1865, og i den utgåva tok Asbjørnsen med eit langt kapittel om sopp ein kunne ete. Han ville hjelpe nordmennene til eit meir moderne matstell, og oppmuntra dei til å ete sopp i staden for klein graut. I denne utgåva har han med fleire soppnamn (moderne soppnamn står i parentes):

melskivlinger (mjølsopp)  
champignon (sjampinjong)  
rørsop (røysopp)  
brusksop (lauksopp/nelliksopp)  
maiskivling (vårfagerhatt)  
oxetungesop (oksetungesopp)  
peberlinger (skarpe risker)  
brøtlinger (milde risker)  
helveller (morklar)  
voxsivlinger (vokssopp)  
honningskivling (honningsopp)

(Eckblad, 1994, s. 111)

Asbjørnsen er tydeleg inspirert av svenske soppnamn, han hadde lese svenske soppbøker (Eckblad, 1994). Særleg ei bok var viktig, *Skandinavians förnämsta ätliga ock giftiga svamp* skriva av W. Smitt (1863), ein forretningsmann frå Stockholm. Denne boka kom til Noreg i 1864, og det var fargeplansjer

---

<sup>1</sup> I Dyntaxa.se er *stensopp* ført opp som artsnamn og *karljohan*, *karljohanssvamp* og *Karljohans svamp* som synonym.

av soppene i ho. Det Asbjørnsen skriv om sopp kan me kjenne att frå denne boka. Når det gjeld namna kjenner me spesielt igjen endinga - *skivling* for skivesoppene, det er slik dei framleis bruker denne endinga i svenske soppnamn. Det er ei ending me ikkje finn i nokre faglege norske soppnamn i dag.

I soppbøkene frå slutten av 1800-talet blir det uttrykt eit sterkt ynskje om å ta i bruk sopp som menneskemat. På same vis som ein del andre viktige "sakar" som skulle vere med å byggje nasjonen, var det òg ein "soppsak". Den vesle soppelskande delen av folket meinte det var dumt at folk flest åt dårleg og ofte dyr mat, når skogen bogna av god og gratis mat. Ein måtte lære det norske folket å sanke sopp! Det blei dermed ei viktig oppgåve å lære opp folk til å plukke rett sopp. J.W.Smitt hadde med ei fargeplansje med ulike soppartar som kunne hjelpe folk å bli kjent med dei artane ein kan ete. I tillegg beskreiv han soppene. På mange måtar er det slik soppbøker framleis er bygd opp. Men ikkje alt er likt, i soppboka si skriv Smitt i ei fotnote at "Tvifvelaktiga arter kan man försöka på hunder eller kattor, begynnande med ej alltför stor dosis" (Smitt, 1867, s. 13). Det er ein metode som ikkje er gangbar i dag.

Chr. Bugge skriv begeistra i 1871:

Sopperne udgjøre nogle af de vigtigste, sundeste og mest nærende Fødemidler i Planteriget. De nærme sig Kjød ved deres store Kvælstofgehalt og derved, at indeholde en vellugtende flygtig Bestanddel, som meddeler sig til den af dem tilberedte Føde. (Bugge, 1871, s. 3)

H.H.Rash, ein annan soppentusiast på slutten av 1800-talet, gjer det klart at sopp er mat for folk, og at det kan redde dei i frå svolt og naud.

Baade i Norge og Sverig gives der flere Distrikter hvor Agerbruget ofte giver et daarligt Udbytte, og hvor Befolkningen i Misværaar maa gribe til Træernes Bark for at stille sin hunger. Denne Føde er imidlertid baade lidet nærende og usund, og en stor Dødelighed er altid en Følge af en saadan Levemaade.

Frembringer da Jorden i disse Egne aldeles Intet, som i saadanne haarde Aar kan anvendes til at stille hungeren med, undtagen Træernes Bark?

Jo! den frembringer, og det rigeligere end mange andre frugtbarere Egne i Verden, et Slags Vægster, der kaldes Sop, som vel alle kjende af Navn, men faa af Gavn, som af de fleste ansees uduelige eller skadelige, men hvoraf mange kan, dersom de anvendes paa rette Maade, redde mangfoldige Mennesker fra hunger og Elendighed. (Rasch, 1869, s. 5)

Kongstanken i sopp-saka var å utnytte ressursene i skogen til mat for folket, skogen var full av sopp, men bønder og småfolk ville heller ete bark. I staden for å importere sopp frå utlandet, kunne folk i Noreg sjølv plukke og selje sopp. Asbjørnsen og ein del andre framstående kvinner og menn meinte sopp var god og gratis mat. Apotekaren Harald Thaulow (han blir nemnd som fagperson i Bugges bok frå 1871) betalte til og med fattigfolk for å ete sopp-suppe saman med han, utan at det førte særleg fram (Eckblad, 1994, s. 73). Dei svoltne og dei fattige møtte ikkje opp, dei ville ikkje ete sopp-suppe sjølv om ho var både nærande og gratis. På sopp-utstillingar og demonstrasjonar var det ikkje fattigfolk som kom, det var byens betrestilte borgarar som møtte opp. Det er framleis litt slik, det er godt utdanna, middelaldrande damer med korg som plukkar sopp, ikkje hardt prøva foreldre som verkeleg hadde trengt å spe på matbudsjettet. Sopp er ikkje, og har aldri vore matauk i landet vårt.

I kokeboka si "Heimestell for smaa hushold, helst paa lande" (Garborg, 1903) nemner Hulda Garborg *flugusopp, fin-sopp (champignon) kusopp og smørsop*. Ho var nok ikkje heilt stø i sopp-arter, i dagboka si den 27.08.1904 skriv ho at "Jeg gikk borte i skoven med en stor kurv og plukkede trøfler. Så kom der en ung mand med lyst skjegg ..." Mannen var Sigurd Obstfelder og Hulda skriv vidare at ho laga i stand en "rar middag bestående hovedsagelig av trøffelbiff." I ein avisartikkel i 1928 fortel ho om same hendelsen; "Jeg hadde stekt trøffelskiver som biff og serverte poteter og grønne erter til." Men faktum er at det ikkje veks trøflar i Noreg, så det må ha vore noko anna ho serverte. Det kan ha vore *fåresopp* eller *steinsopp* ho ga Obstfelder (Gulden, 2017). For å vite nøyaktig kva art det dreier seg om er det sjølv-sagt at ein må kjenne rette namnet, spesielt når ein veit kor galt det kan gå om ein et feil sopp. Kunnskap om sopp-arter og kjennskap til namna må til for å kunne utnytte dei kulinariske gledene med sopp. Kunnskapen kjem frå vitenskapen, frå mykologane, og det er dei som har laga soppnamna. Kunnskap om sopp, og med det soppnamn, blei fremma av vitenskapen saman med entusiastiske forkjemparar for sopp-saka.

Det er ei eldsjel som verkeleg jobba for sopp-saka i Noreg på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, og det er Olav Sopp. Han blei døypt Johan Oluf Olsen i 1860. Han blei svært interessert i sopp allereie som skulegut då Christian Bugge kom til heim-plassen Hamar og heldt kurs om sopp. Johan Oluf Olsen fekk tak i bøker, og lærte seg mangt og mykje om sopp. Etter kvart reiste han sjølv rundt og heldt foredrag og skreiv bøker om sopp. Berre 23 år gammal, i 1883, ga han ut ei lita bok om sopp: *Spiselig sop, dens opbevaring og tilberedning med en liden sopkokebog*. I 1907 ga han ut ei større sopp-bok etter svensken Elias Fries' verker, då var han blitt så engasjert i sopp-saka at han skifta namn til Olav Sopp. Han mista etter kvart gløden for matsopp då han reiste til Tyskland og oppdaga gjærsopp og magien kring ølbrygging. Resten av livet via han til dei små sopp-anes boblande gleder. Sopp hadde mykje å seie for spreiding av kunnskap om sopp til folket, men når det gjeld utviklinga av



gode norske soppnamn har han nok ikkje vore sentral. I det heile tatt er det ikkje kokebokforfattarane som har forma soppnamna våre. Det var imidlertid eit behov for å ha eins namn, og norske namn, på soppartane. Utover på 1900-talet kom det ein jamn strøm av norske soppnamn.

#### 2.4.3 Vitskapshistorie, ei historie om å setje namn

Filosofane i antikken var opptekne av naturen og dei gjekk systematisk fram for å finne ut meir om verda dei levde i. Dei skjønnte at sopp ikkje er heilt det same som plantar, sjølv om dei såg at soppen kom opp av jorda på same måte som plantar.


Aristoteles (384-322 f.Kr) blir ofte kalla taksonomiens far, han var systematisk og han sette namn på mange plantar og dyr. Han delte dyr og plantar inn i grupper etter kva han observerte av ulike kjenneteikn. *Historia Animalium* handlar om dyr, det han skreiv om plantar er tapt for ettertida (Mayr, 1982). Tankane hans om korleis ein kan klassifisere og systematisere dyre- og planteverda blei til dels gløymd i mellomalderen, men i renessansen blei dei funne fram igjen.

Med trykkjekunsten blei verda endra for alltid. Vitskapen fekk heilt nye kår ettersom spreinga av kunnskap blei så mykje enklare. I renessansen vann òg eit nytt syn på verda og naturen fram, og ein systematisk dokumentasjon av verda byrja for fullt. I første halvdel av 1500-talet blei det oppretta botaniske hagar i Pisa, Padua og Firenze. Den første lærestolen i botanikk blei oppretta i Padua i 1533. Biologar og studentar reiste rundt, samla plantar, pressa dei og beskreiv det dei fann. Soppane blei òg med, ettersom dei blei rekna til planteriket. Men sopp kan vere upålitelege, dei egna seg dårlig i herbaria og dei botaniske hagane, og var nok ikkje første prioritet.

Dei aller første treblokk-illustrasjonane av sopp kom seint på 1400-talet, i *Ortus Sanitaris* blei seks ulike arter presenterte. I 1729 kom *Nova plantarum*, eit banebrytande verk av P.A. Micheli med ikkje mindre enn 1900 plantar, 900 av dei var sopp, 73 av 108 kopperplatar handla om sopp og algar (Ainsworth, 1976). Ein må tru at nokre av desse, og av dei seinare trykka, fant vegen til Noreg, og med dei språkstoff til norske soppnamn.

I Noreg hadde me ikkje noko eige universitet på denne tida, det var prestane som hadde høgare utdanning og det var dei som blei sendt ut i heile Noregs land for å finne ut kva slags planter som vaks der. Det var kan hende både økonomiske og vitskaplege motiv for å kartlegge naturen (og naturressursane). I alle fall blei botanikk noko norske prestar sysla med i ledige stunder på 1600- og 1700-talet. Jonas Ramus, prest på Ringerike, kom rundt 1715 ut med ei planteliste; *Træer og Urter, som voxer af sig selv i Norrige*, det er fire oppføringar i denne lista som gjeld sopp. Og av dei to

norske sopppamn, nemleg *Fluesop* og *Troidhat*. Begge namna er ført opp som norske namn etter ei kort beskriving på latin; *Fungus venenatus albus*. Det tyder noko slikt som "giftig kvit sopp" (fungus = sopp, venenatus = giftig, albus = kvit). Det er uklart kva for art Ramus meiner her, er det raud eller kvit flugesopp? I det folkelege leksikonet er *flugesopp* det same som raud flugesopp, *Amanita muscaria*, men då er det rart å bruke det latinske epitetet *albus*, som jo tyder kvit, når den raude flugesoppen er så skarp raud som han er.



Oppslag frå Ramus si bok, *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør*, beliggende i Bergens Stift i Norge (1715)

Det er ingen detaljerte skildringar eller illustrasjonar av soppene i boka, så kva slags sopp har han egentleg har lista opp er noko uklart. Den latinske beskrivinga til Ramus minner om vitskaplege sopppamn slik me kjenner dei i dag. Sett bort frå dei to norske namna *Fluesop* og *Troidhat* er det latin Ramus bruker. Grunngevinga hans er det verdt å merke seg:

Urterne ere med Latinske Navne optegnede, fordi der er kun ganske faa, som med Nordiske Navne ere betiendte. Det er og vel troligt, at der findes mange flere i saa vit begrepet Land; Men hvo kan det af egen Erfarenhed altsammen overkomme? (Ramus, 1715, s. 174)

Ein annan norsk prest, naturforskar og topograf på 1700-talet er sunnmøringen Hans Strøm (1726-1797), han beskreib dei naturlege og økonomiske forholda på Sunnmøre i to bind, *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør*, beliggende i Bergens Stift i Norge (Strøm, 1906). I verket finn eg 11 soppantar, men det er berre *fis-sop*, *sop* og *flue-svamp* som er norskspråklege namn. Skildringa av *Sop* kan tyde på at det er røysopp har han meiner, dei soppene som me seinare

møter som *kusopp*. Strøm nemner at kyr et desse soppene, men at det ikkje er bra for kvaliteten på mjølka. Strøm skildrar først sopparten på latin, deretter på norsk.

*Boletus stiptatus pileo glabro pulvinato marginato, s. Boletus bovinus*. Denne kaldes Sop, likeform *Agaricus*, men er deri fornemmelig adskilt fra samme, at den har ingen Folder. Der er vel mange Slags af den ; men denne her benævnte er dog den almindeligste og meest bekiendte, da den ædes med Begierlighed af Kreaturene, og opsøges ofte af dem langt borte, men skal efter vore Bønders Erfaring udtørre deres Melk. (Strøm, 1906, s. 106)

Strøm sitt utval av soppantar ser noko tilfeldig ut, den systematikken me møter i meir moderne faglitteratur manglar. Soppene kjem saman med plantane, og Strøm bruker ikkje Linnés binære nomenklatur fullt ut. Strøm fortel heller ikkje om ein einaste sopp at han er god til mat, eller om at han er giftig for menneske å ete. Det står opp om biletet av at sopp i eldre tid ikkje eingong blei vurdert som mat.

Latinske skildringar av ulike artar som me ser hos Strøm og Ramus, meir eller mindre systematiske, bidrog til at artar blei beskrivne og det var meir systematikk enn tidlegare. Fagspråket var i utvikling, men framleis var det vanskeleg for botanikarane å vite heilt eksakt kva for art det handla om. Etter kvart blei det jo veldig mange artar, det var naudsynt med meir orden og system. Det sørge svensken Carl von Linné for. Han la grunnlaget for den *binære nomenklaturen* for plantar og dyr, det gjorde han mellom anna med verka sine *Flora Lapponia* (1737) og *Flora Suecica* (1745). Med dette systemet kunne naturvitarar over heile verda kommunisere på eit meir presist og vitskapleg nivå. Linné var kreasjonist, han trudde på eit guddommeleg system av artar, og at det var oppgåva hans å oppdage dette systemet. Han brukte seie at "*Deus creavit, Linnaeus disposuit*" (Gud skapte, Linné ordna) (Wright, 2014, s. 199). No fekk vitskapen eit internasjonalt system som etter kvart skulle syne seg å kunne takle ikkje berre tusenvis, men hundretusenvis av ulike artar, levande og utdøydd.

I Noreg kom fleire topografiske verk ut over 1700-talet, desse var inspirert av europeiske biologar og vitskapmenn. Det fleste skreiv på latin. For oss er nok Ramus si liste med artsnamn noko uforståeleg, men den gongen ga ho meining til latinkunnige. Eit døme frå Ramus si bok er *Fungus ramosi colore vario*, det tyder på latin noko slikt som "ein forgreina sopp med varierende fargar" (fungus = sopp ramosi = med greiner, colore = farger vario = varierende). Det er kan hende ein klubbesopp eller ein korallsopp Ramus tenkjer på.



Korallsopp, *Ramaria* Foto: Benthe Skrøvje

Ein annan botanisk aktiv geistleg var biskop Johan Ernst Gunnerus som ga ut Noregs første flora, *Flora Norvegica* (Jørgensen, Weidemann, & Fremstad, 2016). Det var eit tobindsverk som kom ut i 1766 og 1776. Gunnerus var ikkje botanikar, men av religiøse og patriotiske årsakar kjende han seg plikta til å kartleggje dei norske plantane. Han samla plantar, algar og sopp, og han las det andre opplysningsmenneske på den tida hadde skrive om emnet.

Gunnerus kjende godt til Linné og brukte den binære nomenklaturen som blei utvikla på denne tida. Dei to brevveksla over tid, dei skreiv på svensk/norsk eller på latin. Floraen til Gunnerus er ikkje særleg systematisk bygd opp etter våre standardar, men han inneheld heile 1118 numre eller artar. 79 av artane er sopp, og av desse har Gunnerus norske namn på 78 (Jørgensen, Weidemann, & Fremstad, 2016). Ein del av artane har både to og tre norske namn. Det er ingen andre av dei topografiske forfattarane frå den tida som har med så mange norske namn som Gunnerus.

Årsaka til alle dei norske namna til Gunnerus ligg nok ikkje i at han hadde spesielt god kontakt med folkespråket, eller hadde samla inn norske artsnamn på ein systematisk måte. Det var heller at han gjekk inn for å ha både latinske og norske namn. Dersom det ikkje fants norske namn fann han rett og slett på namn som han meinte var høvelege. Nokre av soppnamna kjenner me att; *Ku-sop*, *Fiissopp*, *Morkler*, *Ekorn-nødder*, *Judas-Øre* og *Fluesopp*. *Judasøyre* er eit soppnamn me framleis bruker, men når Gunnerus skriv: "På norsk populært Judas-Øre" (Jørgensen, Weidemann, & Fremstad, 2016, s. 250), er det ikkje sannsynleg at det er same arten. *Judasøyre* er sjeldan i Noreg, han er funne berre nokre få stader på vestlandet. Gunnerus refererer til andre forfattarar i samtida og det kjem ikkje alltid fram om sopparten er funne eller ikkje. Han har belegg i herbariet sitt på nokre sopparter, men for langt dei fleste må ein resonnerer seg fram til kva for art han meiner. Gunnerus oppgjev ofte to eller tre norske namn på artane og ein del av dei finn me ikkje att verken før eller seinare. Han har funne dei på sjølv, og det er ikkje noko å seie på fantasien. Han er ikkje heilt til å stole på etter dagens standard, slik ein kan sjå av oppføringa nedanfor. Det som står i parentes er notar frå den norske omsetjinga frå 2016.

DCCXCVII [797]. *Hydnum imbricatum* [*Sarcodon imbricatum*, granskjellpigg], stilket med hvelvet, skjellet hatt. På norsk Tennsopp. Vokser på Nes i Hallingdal ifølge Oeder. Italienerne spiser den som en delikatesse.

Note: Som påpekt av Eckblad & Høiland (1985) har Gunnerus misforstått Michelius' tegning, og opplysningen om at den anvendes som en delikatesse i Italia er derfor feil. Derimot er Oeders angivelse fra Nes korrekt.

(Jørgensen, Weidemann, & Fremstad, 2016, s. 302)

Verka til Ramus, Strøm og Gunnerus minner oss på at vitskapen har gått ein lang veg, dei soppbøkene me les i dag kviler på ein lang vitskapleg tradisjon og eit massivt arbeid med observasjon og tilhøyrande produksjon av ord.

Linnés system blir brukt av botanikarar og zoologar over heile verda i dag, det har stadig blitt utvikla vidare gjennom internasjonale avtalar. Soppene fann seg ikkje heilt til rette i det systemet Linné laga for plantar. Han meinte sopp var eit slags primitivt planteslag. Utover 1800-talet utvikla kunnskapen om sopp seg i raskt tempo, dei svenske biologane/mykologane Christian Hendrick Persson (1761-1836) og Elias Magnus Fries (1794-1878) var begge frå Uppsala og førte arven frå Linné vidare. Dei beskrev mange soppartar på vitskapleg vis, og ga dei vitskaplege namn etter det binære systemet.

Mikroskopet er ei anna teknisk nyvinning som hatt stor innflytelse på naturvitskapen. Dei første mikroskopa kom i bruk på 1600-talet, og det blei mogleg å beskrive artane meir nøyaktig. Noko som førte til at fleire artar blei beskrivne og namngjevne. Elektronmikroskopet blei funne opp i 1931 av tyskarane Ernst Ruska og Max Knoll, ein kunne stadig sjå meir, og me fekk beskrivingar av enda fleire artar. Og med det fleire artsnamn. Soppnamn frå 1800-talet referer oftast til makromorfologiske trekk, det vil seie det me kan sjå, kjenne og lukte. Medan nokre moderne soppnamn referer til mikromorfologiske trekk, det vil seie karakteristika ved sopparten som ein berre kan sjå gjennom eit avansert mikroskop. Døme på det første er *skjeggriske* og døme på det siste er *rusporet flekkskivesopp*. Det går fint an, sjølv utan lupe, å sjå at *skjeggriske* har "skjegg" kring hattekanten. Annleis er det med *rusporet flekkskivesopp*, ein treng mikroskop for å sjå kjenneteikna på arten, i dette tilfellet korleis sporane ser ut.

I 1953 knekte James Watson, Francis Crick, Maurice Wilkins og Rosalind Franklind DNA-koden (Watson, 1953), og dei kunne vise at alle Jordas organismar har felles arvestoff, og derfor felles opphav. Mykologane fekk ein ny måte å beskrive soppar, og slektskapen dei imellom på, og med det enda fleire artsbeskrivingar, og enda fleire namn. I tillegg gjorde DNA-analyser at det synt seg at soppar ein trudde var i slekt ikkje var det, og sopp ein ikkje trudde var i slekt viste seg å vere i slekt. Språket er som me veit i kontinuerleg endring, det gjeld vitskapen òg, og vitskapen har utvikla seg i eit nærmast rasande tempo dei siste hundreåra. Det skapar uro og endring i fagterminologi og artsnamn.

Det gjeld dei vitskaplege namna, men òg dei faglege norske soppnamna. Det er fleire omsyn å ta når ny kunnskap gjer at eit soppnamn ikkje lenger følger systematikken. Det kan vere to artar som syner seg å vere ein, eller det kan vere ein art som syner seg å vere to. Eller det kan vere ein art ein trudde

høyrde til ei slekt syner seg å høyre til ei anna slekt. Skal ein i slike tilfelle endre namnet slik at systematikken stemmer, eller skal ein behalde eit innarbeidd soppnamn?

Ramus hadde fire soppar med latinske namn på si liste frå 1715, han hadde to norske namn, begge norske namn for flugesopp. I dag har lista vokse til meir enn 5000 vitskaplege namn (Artsdatabanken, 2017) og kring 3000 faglege norske soppnamn (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011). Ein må gå ut frå at talet på artar ikkje har auka nemneverdig, men fleire artar har fått namn. Det er fem utviklingstrekk ein kan peike på som har gjort denne enorme produksjonen av norske soppnamn mogleg:

- Ei samfunnsutvikling som ga eit godt klima for utforsking av naturen og utvikling av naturvitskapane.
- Soppsaaka kring hundreårskiftet (1800-1900) var ideologisk.
- Teknologisk utvikling når det gjeld kommunikasjon, det vil seie trykkekunsten og etter kvart dataverktøy som gjer spreiding, lagring og behandling av kunnskap meir effektivt.
- Teknologiske nyvinningar som mikroskopet og DNA-analysar, gjer det mogleg å beskrive artar på nye og stadig meir detaljerte måtar.
- Utviklinga av ein systematisk måte å namngje artar på, som byrja med at Carl von Linné grunnla den binære nomenklaturen.

#### 2.4.4 Kva er viktig i dag?

Det dukkar framleis opp nye soppartar som treng eit eige norsk namn og ei beskriving. Det blir etter kvart så mange namn at det kan vere vanskeleg å halde styr på dei, sjølv for ein mykolog. Vanlege soppakkunnige<sup>2</sup> har ikkje ein sjanse. Ein kan spørje seg om kva som er meininga med alle desse faglege norske soppnamna, det finst jo vitskaplege namn. Nokre av dei norske namna, slik som *fjellflåhette*, *fantedyngbeber* eller *narrekransøye*, er namn berre nokre få kjenner til. Men artane finst, dei er godt dokumenterte, og dei har fått eige namn. Ikkje berre vitskaplege, internasjonale namn, men òg norske namn.

Tidlegare har eg peikt på at det er ting, artar eller individ som er viktige for oss som får namn. Når fleire soppartar får namn, kan det tyde på at dei blir meir verdsett. Når dei får namn ser me dei. Verda slik me kjenner ho er i endring og i fare for å bryte saman. Me treng å kjenne til verda, det vil seie naturfenomen, geologi og artar for å forstå samspelet i naturen slik at me kan gjere det som er

---

<sup>2</sup> Soppakkunnige er det same som det ein før kalla soppkontrollør. Det er Norges sopp- og nyttevekstforbund som sertifiserer dei soppakkunnige, og det er desse som sit på soppkontrollane rundt om i landet. På prøven for soppakkunnige må kandidatane kunne identifisere kring 140 ulike artar.

mest mogleg rett. Me bur på Jorda og skal ta vare på ho, då treng me kunnskap. Mange artar har døydd ut, mange er trua og det å verne om naturen og miljøet er sannsynligvis det viktigaste me gjer i vår tid. Difor treng artane namn. Kunnskap går gjennom språket, og artsnamn er dermed heilt vesentlege.

Dei som beskriv ein art er taksonomar, og dei er det framleis ein del av. Når taksonomen har beskrive arten skal han ha vitskapleg namn. Det vil seie eit namn som tilfredsstillir reglane i den internasjonale avtalen, *koden* (IAPT, 2018). Enkelte forskingsinstitusjonar auksjonerer bort namnerettighetane på ein ny art, slik at dersom du har pengar kan du få kalla opp ein art etter firmaet ditt eller nokon du er glad i. På den måten får arten blest i media og det kjem inn pengar til forskning. Og den det gjeld kan skryte av å ha til dømes sin eigen edderkoppart. Eit nokså kjent døme på ein slik prosess er ormepadda *Dermophis donaldtrumpi* (Georgiou, 2019). Eit selskap som produserer miljøvenlege byggemateriale vann bodrunda då ei blind og lemmelaus ormepadde skulle få namn. Ormepadda syter helst for sine eigne. Selskapet, Envirobuild, meinte det høgde godt å kalle ormepadda opp etter Donald Trump. I 2018, for 25.000 dollar fekk dei kjøpt namnerettighetene og ho vart heitande *Dermophis donaldtrumpi*. Det er neppe fordi dei var glad i den omtalte presidenten at dei kalla ormepadda opp etter han, men kan hende er det respektlaust ovanfor ormepadda.

PR-verdien av namn er altså viktig for både namngjevaren som får merksemd, og for forskingsinstitusjonen som får inn pengar til å forske meir. Det kan godt diskuterast om dette er ein god namnepraksis. Heilt sidan Linnés tid har artar blitt kalla opp etter folk, i moderne tid er det blitt fleire slike døme. Merksemd kring artar og auka kunnskap om artsmangfald, og ikkje minst om trua artar er viktig for alle, ikkje berre for utdanningsinstitusjonar og vitskapsfolk. Det er ikkje berre nashorn og afrikanske elefantar som treng merksemd og vern, det gjeld òg trua edderkoppar, humler og sopp.

## 2.5 Soppnamn på fleire nivå

Me finn soppnamna i eit kontinuum mellom det folkelege og det vitskaplege, mellom allmennspråk og fagspråk. Sigurd Fries (1997) skil mellom *naturlege namn* og *systematiske namn*. Dei naturlege namna har vokse fram i folkespråket over langt tid, og er ein del av allmennspråket, medan dei systematiske namna er laga av vitskapen.

Eg vel å skilje mellom *folkelege soppnamn*, *norske faglege soppnamn* og *vitskaplege soppnamn* når eg undersøker soppnamna. Dei faglege norske soppnamna er på eit nasjonalt nivå, og dei er påverka av eit lokalt nivå, dei folkelege soppnamna, og eit internasjonalt nivå, dei vitskaplege soppnamn. For

å forstå dei norske soppnamna må ein sjå på dynamikken mellom det lokale, det nasjonale og det internasjonale.

### 2.5.1 Folkelege soppnamn

I kontinental og hermenautisk tradisjon ser ein på språk som ein del av menneskeleg samhandling. Språk er ikkje noko ein kan studere for seg sjølv utan å trekke inn sosiale og kulturelle samhandlingar (Kjøll, 2013, s. 26). Når det gjeld studiet av namn og nemningar er dei sosiale, kulturelle og historiske forholda tett vevd saman med korleis namna har blitt til. Namn og nemningar ber i seg konnotasjonar som kan seie mykje om menneska og kulturen som bruker språket. Og orda i språket er på si side med på å forme vår måte å sjå verda på.

Eg har tidlegare gjort noko greie for mykofobien i dei germanske områda og mangelen på folkelege soppnamn. Dei negative haldningane til sopp kjem til ein viss grad til syne i folkelege namn som *stanksopp*, *åtselsopp*, *trollhatt* og *fisesopp*. Blomar har ein hatt betre kjensler for, og i motsetnad til sopp har dei ofte vakre namn, ein del har til og med fått namn etter jomfru Maria eller andre heilage personar. Eg har berre funne ein einaste referanse til jomfru Maria når det gjeld sopp, det er *jomfru Marias brødkorg* (Høeg, 1976, s. 116), det er eit soppnamn som ikkje er i bruk i dag så vidt eg veit. Dei einaste noverande soppnamna med referanse til Bibelen er *judasøre*, *luciferskjellsopp* og med litt velvilje *satansopp*, og det er vel ikkje heidersnamn nokon av dei.

Døme på eit anna soppnamn med noko negativ klang er *fisesopp*, det er eit folkeleg namn som blant anna Høeg skriv mykje om (Høeg, 1976, ss. 118-119). Namnet står framleis ført opp i Nynorskordboka (UiB, 2017). Eg kan derimot ikkje finne belegg i soppbøker eller anna soppfagleg litteratur på det folkelege soppnamnet *fisesopp*. Det faglege norske namnet er *røyksopp* (og det er ei gruppe sopp). Det er eit godt namn, men det var altså ikkje det mest vanlege folkelege namnet på 1800-talet. Ivar Aasen nemner *fissopp* og *fisball* (Aasen, 1860) som norske namn på *Lycoperdus bovista*<sup>3</sup>, han skriv ingenting om *røyksopp*. Det kan tyde på at *fissopp*namnet ikkje eingong kom innafor døra til Biologisk institutt, det blei verande i folkespråket og hos språkforskarane. Det kan vere fleire årsakar til at akkurat dette folkelege namnet ikkje er i offentleg bruk. Det mest openbare er at namnet vekker assosiasjonar som ikkje heilt høver seg verken i foredrag eller kokebøker. Det må nemnast at ein del *røyksopp* høyrer til slekta *Lycoperdon*, eit slektsnamn som omsett til norsk tyder "ulvefis"

---

<sup>3</sup> I dag er både *Lycoperdon* og *Bovista* vitskaplege slektsnamn for dei to slektene, *røyksopp* og *eggrøyksopp*.



frå gresk *lycos* = ulv, og *perdomai* = å slippe fjerter). Latinisert verkar det heilt greitt, og ein kan seie det høgt i dei mest fornemme kretsar.

Eg vil tru at det vitskaplege namnet *Lycoperdon* kjem frå eit folkeleg namn på røyksopp som har blitt latinifisert. På ein liknande måte som flugesoppnamnet. (Raud) flugesopp, *Amanita muscaria* er eit soppnamn som Høeg nemner i *Planter og tradisjon*, han skriv ikkje så mykje om flugesoppen, anna enn at det er eit namn som er godt kjent i heile landet. Ennå i dag er det raud flugesopp folk flest kjenner namnet på. Det er ein vakker sopp som veks overalt, og han har eit spanande namn. Ramus nemner *fluesop* som eit norsk namn i si bok (Ramus, 1715). I mange europeiske språk heiter soppen flugesopp på nasjonalspråket, det gjer han òg i det vitskaplege namnet. Det latinske epitetet *muscaria* kjem frå latin og tyder flue.



Pærerøyksopp, *Lycoperdon pyriforme*  
Foto: Benthe Skrøvje

Den første skriftlege referansen til flugesopp er frå Alberto Magnus *De vegetabilibus* frå 1256, han skriv; "vocatur fungus muscarum, eo quod in lacte pulverizatus interficit muscas", (Magnus A. , 1256) det tyder noko slikt som "han blir kalla flugesopp fordi pulver av han løyst opp i mjølk drep fluer" . I verket *Flora Lapponica* frå 1737 fortel Linné at flugesoppen blei brukt mot fluer. Det var også Linné som ga soppen det vitskaplege namnet *Agaricus muscaria*, det blei endra i 1783 til *Amanita muscaria* då mykologen Jean-Baptiste Lamarck fann ut at soppen høyrde til familien *Amanita*. Flugesoppnamnet har altså eksistert i folkespråk i Europa lenge før det vitskaplege namnet, og det er folkespråk som har vore inspirasjon til det vitskaplege namnet.

Dei fleste topografiske forfattarane i Noreg på 1700-talet nemner flugesopp som *ein* art, nokre av dei skriv òg at ein kan bruke han til å drepe fluger. Det er likevel usikkert om det er noko dei har henta frå andre (europeiske) kjelder, eller om det faktisk var ein levande tradisjon i Noreg. Latin var eit levande språk, og dei prestane som beskrev naturen hadde god kjennskap til europeiske floraer. Eg har tru på at flugesoppnamnet er komen til Noreg via planteinteresserte prestar, ikkje fordi flugesopp blei brukt som flugemiddel i Noreg. Høeg har ikkje med noko om denne bruken av soppen (Høeg, 1976). Sikkert er det i alle fall at raud flugesopp er ikonisk, ein finn han i barnebøker og illustrasjonar og han er omkransa av myter. Alt frå at vikingane åt flugesopp (det gjorde dei nok ikkje)

til at kristendommen byggjer på ein flugesoppkultur. Islendingane er glade i vikingemyter, og soppen heiter faktisk *bersekjarsveppur* på islandsk, sjølv om ein ikkje finn nokre kjelder som kan støtte teorien om at vikingane rusa seg på flugesopp. Det finst derimot belegg for at sibirske folkestammar, særleg korjakkar, har brukt raud flugesopp som rusmiddel (Ryvarden & Høiland, 2014, s. 52).

Ramus nemner også *Troldhat* som eit norsk synonym for flugesopp. Det er eit namn som speglar det negative synet på sopp. Soppene var trollete, dei kom opp frå ingenting, utan forvarsel, og dei kunne vere både sleipe og illelukta. Det er uvisst om folk flest kjende til at dei var giftige, dei



Raud flugesopp, *Amanita muscaria* Foto: Benthe Skrøvjø

topografiske forfattarane på 1700-talet skriv ikkje noko om giftigheit. Ei årsak til at me ikkje finn beskrivingar av giftigheit på 1700-talet, kan vere at folk slett ikkje tenkte tanken på å ete sopp på den tida. Om soppen som veks i dei norske skogane var giftige eller ikkje, var heilt uinteressant. Det var først ut på 1800-talet at enkelte nordmenn byrja ete sopp. I dag blir det alltid vist til om ein sopp er giftig eller ikkje, anten det er ein artikkel i ei avis eller om det er i soppfaglege publikasjonar.

Ivar Aasen nemner tre synonym for *Amanita muscaria*, og det er *Flugesopp*, *Raudesopp* og *Skurvesopp* (Aasen, 1860). Det er heilt naturleg å kalle soppen raudesopp på grunn av fargen, skurvesoppnamnet kjem nok av dei kvite flekkane på hatten, det liknar skurv. Eg kan godt sjå for meg at det har vore fleire folkelege namn på denne soppen, men det er flugesoppnamnet som har blitt verande, godt stødd av vitskapen.

Ivar Aasen skriv om namngjeving av artar:

Forsaavidt man nu vil foretrække de indenlandske Navne fremfor alle andre, gjælder det altsaa om at udvælge et af de forskjellige Navne til Hovednavn til skriftlig Brug; herved vil rigtignok de øvrige navne sættes tilside som overflødige, men ialfald kunde dog enkelte af disse ogsaa komme til Nytte, enten som Navne på nærstående Arter eller endnu bedre som Slægtnavne og Klassenavne; (Aasen, 1860, s. 30)

Det faglege norske namnet på *Amanita muscaria* er *raud flugesopp*, og no fungerer det folkelege "flugesopp" som slektsnamn. Det er eit namn i Aasens ånd kan ein godt seie. Ramus sitt namn *Troldhat* blir ikkje brukt om flugesopp i dag. Trollmetaforen er likevel ikkje tapt heilt i historias mørke, I Norske soppnavn (NSNF, Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011) finn eg seks ulike artar

som har *troll* som forledd; *trolljordtunge*, *trollmørkel*, *trollrøyksopp*, *trollskinn*, *trollslørsopp* og *trollsmør*.

Eit anna tradisjonelt soppnamn i norsk språk er *kjuka*. Då eg var jentunge tok faren min meg med ut i skogen for å plukke kjuker, eg trur ikkje me brukte dei til noko særskilt, men kjuker var han opptatt av. Han voks opp på ein gard i indre Agder før den andre verdskrigen og kalla kjukene for "tresopp" av di dei voks på tre. I norsk kultur er kjuker noko som har vore viktig, dei fekk namn. Ordet *kjuka* er i slekt med islandsk *kjúka* som tyder "knoke, mjuk ost" og kan hende med norsk *kuk*. Tydinga kan opphavelig ha vore "klump" (de Caprola, 2013). *Kjuka* er det same som *kåte*, begge orda tyder "tresopp". Det er ord som har vore med oss lenge, desse soppene har betydd noko for folk i tidligare tider.

Ismannen *Øtzi* levde for meir enn 5000 år sidan, han hadde med seg tørka *knivkjuka* (Ryvarden, 2019) og *knuskkjuka* (Høiland, 2019) på ferda då han døydd. Det kan tyde på at menneska i Europa har nytta akkurat desse soppene i uminnelege tider. Me veit ikkje kva *Øtzi* nytta soppen til, det kan ha vore til å gjere opp eld med, eller det kan ha vore som blodstillande middel. I Frankrike blei *knuskkjuka* tradisjonelt brukt medisinsk, og Høeg viser til to plassar i Noreg der *knusk* blei brukt medisinsk, i Volda og Agdenes (Høeg, 1976, s. 122). Elles i Noreg brukte dei nok helst *fissopp* som blodstillande middel i folkeleg medisin (Høeg, 1976). *Knuskkjuka* kom inn i skolemedisinen då den franske kirurgen Brossart i 1751 fann ut at soppen verka blodstillande, derifrå vandra han til dei norske apoteka der han blei selt fram til midten av førre hundreår (Eckblad, 1994, s. 45).

Høeg har med fem og ei halv side om kjuker (Høeg, 1976, ss. 120-125). Han nemner spesielt to kjuker, nemleg *knuskkjuka* og *knivkjuka*. *Knuskkjuka*, *Formes fomentarius* blei brukt til å lage *knusk* av og han blei òg kalla *knusksopp*. Framleis seier me at noko er "tørt som *knusk*", sjølv om slett ikkje alle veit kva *knusk* er. Før fyrstikkenes tid slo ein med flint på stål slik at det blei gnist av det, gnisten blei fanga opp av *knusken* som tok til å gløde. Det var gamle dagars fyrtoy og heilt sikkert ein viktig ting i dagleglivet.

Ein laga *knusken* av innmaten til *knuskkjuka* som blei lagt i vatn, ofte kokt i lut og deretter banka mør, lagt i vatn igjen, og banka i fleire omgangar til ein fekk tynne flak som vart skrapa til pulver eller *knusk*. I gammal tid brukte dei mykje ordet *tønder*. Høeg nemner begge desse orda i tillegg til ord som *gnusk*, *tønner*, *knøysk*, *tonder*, *tunder*, *tondr* og *tunnr* (Høeg, 1976, ss. 120-121). Det er noko uklart om det var berre *knuskkjuka* som blei brukt eller om dei òg brukte *ildkjuka*, *Phellinius alni*. Biskop Gunnerus kalla *ildkjuka* for *Fiinknøsk* og *knuskkjuka* for *Knøsk* (Jørgensen, Weidemann, & Fremstad, 2016) i Flora Norvegica frå 1776.



Knivkjuke, *Piptoporus betulinus* Foto: Benthe Skrøvje

Det kan godt hende at folk i gammel tid ikkje skilde mellom artane *knuskjuka* og *ildkjuka* i det heile tatt, begge blei brukt til å produsere knusk eller tønner. Men dei skilde i alle fall heilt klart mellom *knivkjuka* og *knuskjuka*. *Knivkjuka*, *Piptoporus betulinus*, veks på bjørk, ho er mjuk og kvit og blei brukt til å setje kniv og anna reiskap i. Ho blei òg brukt til å lage ballar til å leike med, slike blir nemnd i folkeviser. Andre namn på knivkjuka som Høeg nemner er *knivegås*, *nivskjuka*, *kvitkåte* og *kvitsøpp*.

Dei folkelege namna, *knivkjuka* og *knuskjuka*, er med i lista over faglege norske soppnamn i dag. Om ikkje far min brukte kjuker til noko var dei heilt klart til stades i minnet hans om ein sopp som tydde noko, alle andre soppar sparka han helst i.

Eit anna soppnamn som kjem direkte frå det folkelege leksikonet er *kusopp*. I dag er det eit slektsnamn med ikkje mindre enn ti ulike artar med norske namn. Det er berre *seig kusopp*, *elfenbeinskusopp* og *sumpkusopp* som har fått med seg *kusopp* som del av namnet. Dei andre artane er *hulrøysopp*, *lerkesopp*, *ringlaus smørsopp*, *grå lerkessopp*, *sandsopp*, *grå lerkessopp* og *smørsopp*. Kusoppene høyrer til slekta *Suillus*. Alle dei vitenskaplege namna på kusoppar har *Suillus* med som slektsnamn, men altså berre tre av ti artar har det norske slektsnamnet med i det faglege soppnamnet. Dei vitenskaplege soppnamna er meir systematiske enn dei faglege norske soppnamna. I det folkelege leksikonet er det endå meir ullent, *kusopp* var nok helst ei felles nemning på alle røysoppar. Det var ein type soppar kyrne var heilt ville etter å ete. I dag lever det folkelege namnet vidare som fagleg norsk sopp-slektsnamn, eigentleg heilt i Ivar Aasen si ånd.

### 2.5.2 Soppnamn i ordsamlingar og ordbøker

*Norsk ordbok*, *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* er ei uvurderleg kjelde til informasjon om ordtilfanget i Noreg. Det er ikkje mogleg å søke digitalt i heile ordboka, men det er mogleg å søke i Metaordboka. Det er svært mange soppnamn oppført her, anten med referanse til ei utgåve av ei ordbok, eller i setelarkivet. Det er ei umogleg oppgåve å telje dei. I setelarkivet støyter eg på dei same kjeldene som eg viser til andre stader i denne oppgåva, til dømes Høeg og Eckblad når

det gjeld eldre soppnamn. Når det gjeld nyare soppnamn er det kjelder som Artdatabanken, Gro Gulden og Klaus Høiland som kjem opp. Eg vel derfor å halde meg til desse kjeldene.

I Bokmålsordboka (UiB , 2017) finn eg 21 soppnamn, nokre av dei er synonyme (*stanksopp/åtselsopp, fåresopp/sauesopp*) og fem av dei som er faglege, det vil seie at dei kan identifisere ein bestemt art (*blomkålsopp, stanksopp, kantarell, steinsopp, fåresopp*). 14 av dei er slektsnamn (*flugesopp, morkel, kremle, kjuke, kusopp, honningsopp, parasollsopp, piggsopp, riske, røyksopp, sjampinjong, skrubb, slørsopp, trompetsopp*). I Artsdatabanken vil du til dømes finne 18 ulike *skrubbar* og sju *honningsoppar*. Dei to siste oppføringane i Bokmålsordboka er eldre faglege soppnamn som ikkje er anbefalte (*sauesopp, åtselsopp*), du vil ikkje finne desse namna Artsdatabanken eller i moderne soppbøker.

I Nynorskordboka (UiB , 2017) finn eg 18 soppnamn. Nokre er synonyme, *røyksopp/fisesopp* og *åtselsopp/tevsopp*. Eg finn fire soppnamn som er faglege (*blomkålsopp, knuskkjuke, knivkjuke, steinsopp*), elleve slektsnamn (*flugesopp, honningsopp, kusopp, parasollsopp, morkel, sjampinjong, kremle, riske, slørsopp, smørsopp, røyksopp*), og tre soppnamn som er ikkje er i fagleg bruk (*fisesopp, tevsopp, åtselsopp*), du finn verken *fisesopp, tevsopp* eller *åtselsopp* i Artsdatabanken.

Ein heilt vanleg sopp, *fåresopp*, er oppført i Bokmålsordboka med både forma *fåresopp* og *sauesopp*, i Nynorskordboka finne eg ingen av desse. Eg veit ikkje heilt kvifor denne soppen har fått to synonym i Bokmålsordboka, men ingen i Nynorskordboka. Det kan verke litt tilfeldig, særleg når me ser at ein mindre kjend art som *stanksopp* er oppført med to synonym i både Bokmålsordboka og Nynorskordboka. I Bokmålsordboka finn eg soppnamna *stanksopp* og *åtselssopp*, i Nynorskordboka finn eg namna *åtselsopp* og *tevsopp* for denne soppen (*Phallus impudicus*).

I ordbøker er det ikkje det faglege som er hovudføremålet med ordsamlingane, det er det folkelege leksikonet som er ført opp der. Dei faglege soppnamna finn du i sopp- og nyttevekstforeningens namnesamlingar og i Artdatabanken. Endringar i ordbøker når det gjeld soppnamn gjeld først og fremst rettskriving. Det gjeld til dømes *sjampinjong*, som før 1938 blei skriven *champignon* etter fransk skikk. Restaurantbransjen og ein del matbloggare føretrekk framleis ofte denne skrivemåten.

Folkelege namn som *åtselsopp* og *fisesopp* er framleis i ordsamlingar som Nynorskordboka, men så lenge dei ikkje er å finne verken i Artsdatabanken, sopp-bøker eller kokebøker, blir dei heller ikkje brukt, verken av soppfolk, kokkar eller andre folk. Du vil nok aldri høyre tale om *fisesopp* på ein soppkontroll eller i eit populærvitskapleg TV-program, det er dei faglege norske soppnamna som tek over, og dei folkelege soppnamna som ikkje blir nytta som faglege soppnamn går ut av bruk. Eg hugsar til dømes ei soppglad dame frå barndommen, ho leita etter *herresopp*, det er eit norsk

synonym for *steinsopp* som no nesten er heilt borte. *Herresopp* fekk namnet fordi det var fintfolk som åt dei. I Nyttevekstforeningen si liste over norske soppnamn frå 1936 (Nyttevekstforeningen, 1936) er *herresopp* ført opp som synonym til *steinsopp*, *Boletus edulis*. I dei seinare utgåvene av Norske soppnavn er herresopp-namnet borte.

### 2.5.3 Faglege norske soppnamn

På 1700-talet var det mange vitskapsfolk som nytta latin, men norsk blei òg nytta. Eg har tidlegare nemnt Jonas Ramus og den første *Norriges Beskrivelse* 1715 (1735), han skreiv på norsk og brukte latinske beskrivingar av artane. Johan Ernst Gunnerus skreiv ei mykje meir omfattande liste over planter, *Flora Norvegica* 1766-1776. Han nytta latin, og han hadde norske artsnamn. Gunnerus brevveksla òg med Linné, i breva veksla dei mellom å skrive på latin og skandinaviske språk (svensk og norsk). Det var kan hende enklast for dei å skrive om vitskaplege emne på latin og så nytta dei morsmåla innimellom (Karlsen E. , 2018, s. 471). Bruken av latin svann etter kvart hen i Noreg. Fram til 1857 måtte dei som ville ta examen artium skrive latinsk stil til eksamen. I 1896 blei latin heilt sløyfa som fag i gymnaset, men mange heldt fram med å undervise i latin på eigne språklinjer, og frå 1919 oppretta Stortinget ei sjølvstendig latinlinje. I 1974 fell denne bort igjen, og i dag er det berre nokre få vidaregåande skuler som har latin som eit tilbod i framandspråk. I dag er latin eit språk for spesielt interesserte. I medisin og i kyrkjelege kretsar finn ein nokre rester av latin, og i naturvitskapane blir latin framleis brukt i samband me artsbeskrivingar.

Latinske namn på vekster og sopp blei mindre interessante og etter kvart uforståelege for folk flest utover på 1800-talet og 1900-talet. Dei tydde ikkje stort, verken for lekfolk eller vitskapsfolk, i alle fall ikkje på same måten som før. Det blei viktigare å få norske namn på vekstane, både av pedagogiske omsyn sidan studentane ikkje kunne latin meir, og av nasjonale omsyn, ein nasjon måtte ha artsnamn på sitt eige språk.

På 1900-talet såg ein at det var naudsynt å arbeide systematisk med norskspråkleg terminologi, både for vitskapen og industrien. På begge felt var det ei rivande utvikling, og fagspråket måtte halde følge. I tillegg var det ei politisk utvikling mot eit folkeleg demokrati. Norskspråkleg teknisk og naturvitskapleg terminologi som kunne nyttast både blant folk flest og blant vitskapsfolk hadde høg prioritet. Det gjaldt òg soppnamna. Det var ikkje berre det reint praktiske, at ein trengte eit fagspråk som var med på å få fart i denne utviklinga, det var òg ei ideologisk side. For å byggje ein nasjon måtte ein ha eit eige språk, og eigne fagtermar på alle moglege fagfelt.

I 1902 blei *Landsforeningen til Udnyttelse af vore Nyttevekster* stifta. Foreininga peika på at Noreg innførte mange varer som allereie fantes i norsk natur, det var berre å gå ut å hente. Ein kunne til dømes plukke sopp i norsk skog i staden for å importere frå andre land lenger sør i Europa.

Nyttevæxtforeningens oppgave er i utpræget mon at oplyse almenheden og at vække ubemidledes lyst til ved frivillig arbeide i og med naturens overflod av ydelser at erhverve sig indtægter. (Torkelsen, 2004, s. 6)

Eit eins soppnamneleksikon er heilt vesentleg når ein skal spreie av kunnskap om sopp. Og i 1936 publiserte *Våre nyttevekster* ei liste med kring 400 norske soppnamn (Nyttevekstforeningen, 1936), det var forløparen til *Norske soppnavn*, ei lita bok/publikasjon som er gitt ut i fire utgåver, i 1976, 1985, 1996 og den siste i 2011. Den norske soppnavnkomiteen blei skipa i 1968, det var Nyttvekstforeningen, Norsk soppforening og Norsk botanisk forening som tok initiativ til komiteen og dei arbeidde først og fremst med å sette namn på norske storsoppar, og då dei mest kjende artane. I 1976 kom første utgåva av *Norske soppnavn* ut. Ho inneheldt 1200 soppnamn, utgåva frå 1985 inneheldt 1800 namn, utgåva frå 1996 2300 namn og i utgåva frå 2011 var det med 2930 namn. Alle utgåvene har med faglege og vitskaplege soppnamn. Det var først og fremst mykologar som sat i komiteen. Mange av desse var knytt til *Nyttevekstforeningen* og/eller *Norsk soppforening*, samstundes som dei forska på sopp på eit universitet. Desse listene med soppnamn har stor autoritet, og det er dei namna som blir brukt i faglege samanhenger.

I 2005 blei Artsdatabanken oppretta, det er ein nasjonal kunnskapsbank for biologisk mangfald. Noko av det første dei måtte gjere var å få ei oversikt over artsnamn, norske og vitskaplege. Soppnamnkomiteen fekk som oppgåve å gå gjennom alle artsnamna på sopp og komme med norske artsnamn. Artsdatabanken sørger òg for kontakt med Språkrådet, både gamle og nye namn blei lagt ut til høyring. Dei namna som ein finn i *Norske soppnavn* er dermed dei anbefalte namna, og dei finn du i Artsdatabanken saman med dei vitskaplege namna, enkelte tidlegare brukte namn og artanes systematiske plassering, altså taksonomien. I Artsdatabanken finn ein òg nynorske namn.

Artsdatabanken har utarbeidd nokre prinsipp for namngjeving av artar:

Under følger en oversikt over prinsipper som blir lagt til grunn når det skal lages nye norske navn på arter.

- Et overordnet prinsipp er å endre minst mulig på tidligere etablerte navn. Dette gjelder også for arter som er assosiert med andre organismer, der disse bytter navn.
- Navnet bør være beskrivende og/eller gi assosiasjoner som er karakteristiske for taksonet. Dette kan være økologi, farge og form, eller i noen tilfeller karakterer som fanges opp under mikroskop. Eksempler: Fjellklokkemose, strandvortemelk, brunfiolett slørsopp, rødvingetrost, stjernespoet rødskivesopp, fjellbloddråpesvermer
- De vitenskapelige navnene og andre lands trivialnavn kan godt brukes som utgangspunkt for norske navn. Eksempler: *Draba verna* – vårrubloom, *Russula maculata* – flekkremle, *Sphagnum papillosum* – vortetormose, *Parnassius apollo* – apollosommerfugl
- Svenske eller danske trivialnavn bør brukes dersom de vurderes som gode og kan oversettes direkte til et godt norsk navn. Dette kan bidra til å sikre en mer enhetlig navnsetting på tvers av landegrensene i Norden.
- Vakre og interessevekkende navn bør tilstrebes framfor navn som gir negative assosiasjoner. Eksempler: Huldreslørsopp, gullmose, praktlav, marinøkkel, sørgekåpe, sølvblåvinge
- Navnet kan gjerne gjenspeile gruppetilhørighet, men skal også tilstrebe å være robust i forhold til endringer i klassifisering av gruppen. Eksempel: Fordi flere karplanter innenfor nærstående slekter i nellikfamilien slutter på -arve, er de robuste mht. flyttinger innenfor familien.
- I tilfeller hvor en art har flere underarter, varieteter, former (infraspesifikke taksoner) i Norge, skal arten beholde det eksisterende navnet som hovedregel. De infraspesifikke taksonene gis egne norske navn. Om dette skaper problemer kan det eksisterende navnet gis til den vanligst forekommende underarten. Bruken av begrepet «vanlig» skal som hovedregel unngås på artsnivå, men det kan i enkelte tilfeller beholdes, spesielt på underarts-/varietetnivå, når det ikke er mulig å konstruere gode nye navn.
- Ved bruk av sammensatte navn bør de enkelte ordene være lett å identifisere for å unngå misforståelser. Eksempel: En soppart hadde navneforslaget rustrandpokal. Her burde navnet skrives rust-randpokal for å unngå at det oppfattes som ru strandpokal.
- Navnet skal ikke være direkte misvisende
- Navnet skal være språklig korrekt
- Navnet bør være lett å uttale
- Navnet skal være så kort som mulig
- Navnet bør ikke innebære innbyrdes forvekslingsrisiko (dvs. at det bør være få identiske eller liknende navn mellom arter og mellom slekter). Art og slekt bør ikke ha samme navn hvis slekten har flere arter i Norge
- Selvmotsigende navn skal unngås

Prinsippene for Artsdatabankens navnearbeid er utarbeidet av Navnerådet. Prinsippene ble sist revidert i mars 2010.

(Artsdatabanken, 2019)



Soppnamnkomiteen har gjort eit grundig og sakkunnig arbeid med dei faglege norske soppnamna, men det har sjølvstundt hendt at nokre av desse prinsippa kjem i konflikt med kvarandre. Til dømes det norske namnet *Christinas topphatt*, *Phaeocollybia christinae*, som har si eiga spesielle historie. Det var soppforskarer Elias Fries (1794-1878) som fann ein liten elegant sopp han meinte hørte inn under slekta *Naucoria*, og han ga han det vitskapelege namnet *Naucoria christinae* etter kona si, Anna Christina.

På norsk fekk soppen namnet *Christinas topphatt*. Soppnamnet *Christinas topphatt* bryt med nokre av prinsippa til Artsdatabanken: Namnet inneheld to ord, det er ikkje eit beskrivande namn, soppen er kalla opp etter ein person. På den andre sida er det eit namn som er innarbeidd, det er interessevekkjande og vakkert, og det baserer seg på det vitskapelege namnet.

Når det gjeld Artsdatabankens prinsipp om å finne heller vakre enn negativt lada namn, har soppnamnkomiteen kome opp med nokre vakre namn som *alvehette* og *edelslørsopp*. Men dei har òg namn som *trollmorkel*, *luciferskjellsopp*, og *møkkerlehatt*, det er interessevekkjande namn som peiker på viktige karaktertrekk med soppartane, men dei er ikkje akkurat positivt lada.

Soppnamnkomiteen skulle ikkje berre tenke på einskilde artsnamn, dei måtte òg tenke på slektsnamn. Det er inga enkel oppgåve det heller, særleg ikkje etter at DNA-analyse blei tatt i bruk. Akkurat som me menneske må førebu oss på å endre slektstreet noko om me tar ein DNA-test, må soppforskarane endre på taksonomien, og av og til på soppnamna når DNA-analyser syner korleis det eigenleg heng saman.

Taksonomi er i Nynorsk ordbok definert som: "fag som gjeld inndeling av organismar i grupper" (UiB, 2017). Det er altså arbeidet med å systematisere og dele organismar inn i kategoriar eller grupper, eller taxa. Soppene høyrer til dømes til soppriket som igjen delast inn i *rekke*, *underrekke*, *klasse*, *underklasse*, *orden*, *familie*, *slekt*, og *art*.

Taksonomien for *raudnande flugesopp* ser til dømes slik ut:

The screenshot shows the Artsdatabanken website interface. At the top, there is a logo for 'ARTSDATABANKEN'. Below the logo, there are navigation links: 'Artsnavn > Soppriket > Stilksporesopper > Hymeniesopper >'. The main content area displays a taxonomic hierarchy for 'Rødrende fluesopp' (*Amanita rubescens*). The hierarchy is as follows:

- Soppriket (Rike)
- Fungi (Rekke)
- Stilksporesopper (Rekke)
- Basidiomycota (Rekke)
- Hymeniesopper (Underrekke)
- Agaricomycotina (Underrekke)
- Ekte hymeniesopper (Klasse)
- Agaricomycetes (Klasse)
- Agaricomycetidae (Underklasse)
- Skivesoppordenen (Orden)
- Agaricales (Orden)
- Amanitaceae (Familie)
- Fluesopper (Slekt)
- Amanita* (Slekt)
- Rødrende fluesopp** (Art)
- Amanita rubescens* (Art)
- Amanita rubescens annulosulphurea* Gill. (Art)
- Rødrende fluesopp (Art)
- *Amanita rubescens* (Art)
- Rødrende fluesopp, hvit form (Art)
- Amanita rubescens alba* (Art)
- Amanita rubescens rubescens* (Art)
- Amanita rubescens var. rubescens* (Art)

(Artsdatabanken, 2019)

Namnet *flugesopp* kjem først inn under *slekt*, *raudnande flugesopp* høyrer til flugesopslekta. Denne systematikken er, som ein skjønner langt meir avansert enn dei listene over soppar som Ramus og Gunnerus skreiv ned på 1700-talet. Namna er langt fleire, og dei er normerte i den forstand at det er ein komité som har arbeidd med dei, Språkrådet har vore involvert og namna har vore ute på høyring.

Artsnamna og dei andre namna/nemningane som kjem fram i taksonomien er ein del av fagspråket til mykologien. Fleirtalet av artsnamna kjem aldri fram til soppinteresserte og vanlige folk. Det er frå desse namnesamlingane, frå fagspråket, at ein hentar soppnamn til soppbøker, soppkurs og til media. På den måten påverkar fagspråket leksikonet i folkespråket, og dei folkelege soppnamna som ikkje har vunne fram i fagmiljø blir etter kvart borte. I dag kjenner eg til dømes ingen som bruker det

folkelege soppnamnet *fissopp*. På den anna sida har folkespråket og dei folkelege soppnamna i mange tilfelle levert ordmateriale til fagspråket.

#### 2.5.4 Vitskaplege soppnamn

Det er umogleg å skrive om norske namn på soppar utan å komme inn på samanhengen mellom dei internasjonale, vitskaplege soppnamna og dei faglege norske soppnamna. Det er den vitskaplege innsatsen dei siste hundreåra som har gjort denne mengda av norske artsnamn mogleg. Det er naturleg å byrje dette kapitlet med svenskanes store stoltheit, Carl von Linné.

Carl von Linné (1707-1778), den verdskjende svenske legen og botanikaren, skreiv i *Philosophia Botanica* (1751) at "Om du inte känner till namnen försvinner också din kunskap om tingen". For Linné var alltid namna interessante, allereie som fireåring blei interessa for plantar og plantenamn vekt då han blei med far sin ut i naturen, han spurde om fleire namn på vekstar og blomar enn faren kunne svare på (Hessen, 2000). I løpet av livet skulle han setje namn på nær 8000 plantar og 6000 dyr. Han skulle òg leggje grunnlaget for den binære nomenklaturen som framleis blir brukt i vitskapleg arbeid.

Linné var eit ektefødt barn av opplysningstida, han hadde stor tru på at det fantes eit system og at det gjaldt å finne og beskrive dette systemet. I samtida var det eit sant villniss og ein god del upløgde mark av artar og artsnamn ein ung botanikkstudent måtte ta inn over seg. Det var på tide med betre orden og system i namneverket. Linné prøvde seg i *Flora Svecica* (1745) med eit treledda namneprinsipp der slektsnamnet kom først, deretter eit artsepitetet og til sist eit katalognummer. Dette nummeret blei bare brysam og han enda på toledda artsnamn, altså den binære nomenklaturen. I *Species plantarum* (1752) er prinsippa for namngjeving klare. Det skal vere eit toledda namn der slektsnamnet kjem først og deretter artsnamnet, eller artsepitetet. Slektsnamnet er ofte eit substantiv, og artsepitetet kan godt vere karakteriserande for arten. Strengt tatt trong ikkje dei to ledda tyde noko spesielt, men ofte gjorde dei det. Heile namnet skulle helst ikkje vere på meir enn tolv bokstavar (Hessen, 2000, s. 83).

Dei fleste vitskapsfolk, både botanikarar og zoologar, var godt nøgde med det binære systemet og nytta det i arbeida sine. Systemet var godt, men det var likevel ein del rot i åra som følgde. I 1867 blei den første nomenklaturen for plantar vedtatt på *Embodies the decisions of the Nomenclature Section of the XIX International Botanical Congress* (IBC), ein internasjonal botanikarkongress i Paris. I tiåra som følgde blei avtalen stadig revidert. I dag er det *The International Code of Nomenclature for algae, fungi, and plants (Shenzhen Code) 2018* som gjeld (IAPT, 2018). Denne avtalen blei skriven under på den nittande internasjonale botaniske kongressen i Shenzhen, Kina i 2017 og avløyste

*Melbourne koden* frå 2012. Det finst ein eigen kode for zoologi, som i det store og det heile byggjer det på dei same prinsippa. Artane treng internasjonale og eintydige namn. Reint språkleg er det litt av ein bragd å systematisere alle verdas artar, både utdøyddde og nålevande, i eit slikt namneverk.

Ordet *nomenklatur* kjem frå latin og er sett saman av orda *nomen* som tyder "namn" og *calare* som tyder "å kalle". Koden regulerer den botaniske nomenklaturen, dei vitenskaplege namna på artar, slekter, familiar og så vidare og fungerer som ein internasjonal namnelov for plante-, sopp- og algeartar. Alle desse mystiske vitenskaplege namna som *Tricholoma matsutake*, *Flammulina velutipes* og *Gomphus clavatus* er ein del av eit internasjonalt namneverk med strenge reguleringar. Namna er ikkje til å forstå viss du ikkje kan litt latin. Heilt sidan Linné si tid har latin, og somme tider gresk, vore det språket dei vitenskaplege namna har henta språkstoffet sitt frå. Det gjeld bokstavane, grammatikken og orda. Dei viktigaste reglane i koden er:

- Artsnamnet er toledda, først kjem slektsnamnet deretter artsepitetet
- Artsnamnet skal stå i kursiv
- Namn på slekt har stor forbokstav, epitetet liten forbokstav
- Namnet skal berre innehalde bokstaver frå det latinske alfabetet
- Epitetet skal ha korrekt grammatikk
- Namnet må vere publisert og publikasjonen må referere til ein bestemt organisme som må vere tilgjengeleg for andre biologar
- Der er ufint å kalle opp ein art etter seg sjølve
- Namnet skal ikkje vere støytande
- Ikkje krav om at namnet skal vere meningsfullt, det treng ikkje tyde noko særskilt, men det må kunne fungere fonetisk som eit ord
- Autorens initial, det vil seie ei forkorting av namngjevarens namn, skal stå rett bak namnet saman med årstalet for publikasjonen (IAPT, 2018)

Eit døme på eit slikt vitenskapleg soppnamn er: *Hydnum repandum* L. 1753. Ser me nærare på dette soppnamnet ser me at:

- Namnet består av to ord, heile namnet står i kursiv, det første er slektsnamnet, det har stor forbokstav, det andre er artsepitetet som beskriv soppen.
- Slektsnamnet stammar frå eit gammalt gresk ord for sopp "hydnon", som òg blei brukt om trøflar, i det vitenskaplege soppnamnet er slektsnamnet latinifisert, epitetet *repandum* kjem frå latin og tyder "tilbakebøygd".
- Epitetet er eit adjektiv og bøygde i samsvar med slektsnamnet (begge ender på –um).
- "L." rett bak namnet tyder at det var Linné som beskrev arten i 1753, i *Species Plantarum*.
- Artsepitetet tyder noko, og refererer til at sjølve hatten er bøygde innover.
- Om ein slår opp i mycobank.org til dømes, vil ein kunne finne ut kor typeeksemplaret er å finne.

På norsk heiter soppen *bleik piggsopp*, det er litt andre kjenneteikn som har motivert det faglege norske namnet. I det norske namnet er det fargen og piggene på undersida av soppen som har inspirert namnegjevarane. Linné såg helst på at hatten var bøygd innover då han ga namn til soppen.

Linné er den einaste autoren som berre har ein forbokstav som referanse, alle andre nemnast med forkortingar. Slik som til dømes "Shaeff." som står for Jacob Christian Schäffer (1718-1790), ein tysk mykolog som ga namn til mange artar, og "Blytt" som viser til den norske botanikaren Axel Gudbrand Blytt (1843-1898).



Bleik piggsopp, *Hydnum repandum*

Foto: Bente Skrøvje


Heilt sidan Linné si tid har enkelte artar fått namn etter personar, såkalla entonym. Det blir ikkje sett på som god skikk å kalla opp ein art etter seg sjølv, men ein kan kalla han opp etter ein kollega, eit familiemedlem eller som ein gest til kjente personar. Når det gjeld sopp har me nokre døme på det; *Tricholoma guldeniae* er kalla opp etter den norske mykologen Gro Gulden. Autoren, eller namngjevaren, er den danske mykologen Morten Christensen, og han ga soppen namnet i 2009. På norsk heiter soppen *broket musserong*. *Sommerfelts gelésopp*, er kalla opp etter soppforskaren og botanikaren Søren Christian Sommerfelt (1794-1838).

Ein del andre artar er kalla opp etter kjendisar eller VIP-personar, det kan vere popstjerner, politikarar eller andre kjente fjes. Det er med på å skape blest og merksemd kring artane. Det kan sjå ut som at edderkoppar og veps er blant dei artane som har flest slike VIP-namn, det er kan hende fordi det er slik ein uhorveleg mange artar. Ein klegg med spesielt vakker og gyllen rumpe blei til dømes kalla opp etter Beyonce. Kleggen har det vitskaplege namnet *Scaptia beyonceae*, han høyrer til *Scaptia*-familien, og har artsepitetet *beyonceae* (Jacobsen, 2019). Namnet gjorde kleggen berømt over natta. Det siste namnevalet eg las om var ein edderkopsplekt som hadde fått namn etter Star Wars stormtroopers, slekta fekk namnet *Stormtropis*. Slektsnamnet er ei latinifisering av det engelske ordet "stormtrooper". Det er fire edderkoppartar i slekta og dei har fått epitet henta frå språket i området der edderkoppene lever, dei heiter *Stormtropis muisca*, *Stormtropis parvum*, *Stormtropis paisa* og *Stormtropis colima* (Torgersen, 2019).

Det er ikkje mange soppar som er kalla opp etter presidentar eller rockestjerner, men i 2011 blei ein sopp kalla opp etter Svampe-Bob, på engelsk SquarePants, han fekk det vitskaplege namnet *Spongiforma squarepantsii*. Ein kan smile av det og ein hugsar soppen godt, det skaper merksemd omkring namngjevaren, soppen og kan hende om økologisk mangfald. *Spongiforma squarepantsii* har ikkje fått noko norsk namn, det er ikkje sikkert han får det heller. Men om han skulle få norsk namn er det ein moglegheit at det vitskaplege namnet blir omsett til norsk. Då kunne soppen heite *svampebobsopp*, det høyrer ikkje heilt godt ut i første omgang, så eg trur namnegjevarane ville sjå på andre alternativ. Det er heldigvis fleire andre måtar å konstruere nye artsnamn på.

## 2.6 Faglege norske soppnamn, ei eksplosiv vekst

Dei norske soppnamna har utvikla seg nærmast eksponensielt som eit resultat av teknologisk, vitskapleg og ideologiske forhold i samfunnet. Denne utviklinga i tal kan me sjå i figur 1.



Figur 1 Faglege norske soppnamn frå 1860 til i dag, utvikling

Eg har henta tala til figuren i desse kjeldene:

- 1700-talet: Ramus (Ramus, 1715), Gunnerus (Jørgensen, Weidemann, & Fremstad, 2016)
- 1860-70-talet: Ivar Aasen (Aasen, 1860), Vore beste spiselige Soparter (Selskabet for Folkeoplysningens fremme, 1871)

1900: Olav Sopp – Soppbok (Johan-Olsen, 1907)  
1936: Nyttvekstforeningens liste over norske soppnamn slik dei kjem fram i *Norske plantenavn* (Thorsrud & Reisæther, 1948)  
1976; Norske Soppnavn (Den norske soppnavnkomiteen av 1968, 1976)  
1985: Norske Soppnavn, 2. utgave (Den norske soppnavnkomiteen av 1968, 1985)  
1996: Norske Soppnavn, 3. utgave (Den norske soppnavnkomiteen, 1996)  
2011: Norske Soppnavn, 4. utgave (NSNF, Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011)

Figuren syner korleis det norske soppnamneleksikonet har utvikla seg frå eit tjuetals soppnamn på midten av 1800-talet til kring 3000 soppnamn i 2011. Talet på faglege norske soppnamn har auka enormt. Ein del av det vitskaplege arbeidet handlar om å finne system, kategorisere etter ulike kriterium, og finne passande namn, kort sagt taksonomi. Eg skal ikkje gje meg i kast med å forklare taksonomien i soppriket, eg er tross alt verken mykolog eller biolog. Men det er ikkje berre talet på artsnamn som har auka på, me har fått norske namn på stadig fleire slekter av sopp.

Olav Sopp var ein pioner i den norske soppasaka, han heldt foredrag over heile landet og skreiv fleire soppbøker. Eit halvt hundreår før soppriket blei anerkjent som eige rike skreiv han i soppbøkene sine om det tredje riket; soppriket. Sopp skifta namn fleire gonger, han blei døypt Johan Oluf Olsen, det blei til Johan Olav Olsen, deretter til Olav Johan Olsen-Sopp og til sist Olav Sopp. Det kan dermed bli litt namneforvirring når ein refererer til verka hans. I *Sop-bogen* frå 1907 (Johan-Olsen, 1907) deler han storsoppene inn i seks ulike grupper, etter makromorfologiske karakteristika, det vil seie korleis dei ser ut. Dei som har skiver under hatten er ei gruppe, dei som har røyr under hatten ei anna gruppe og så vidare. Gruppene til Olav Sopp er:

1. skivesoppene
2. rørsoppene eller kusoppene
3. pigsoppene
4. fingersoppene
5. røgsoppene
6. morklene og trøflene

Han skriv at det finst mange fleire slekter, men det er desse som er mest aktuelle når det gjeld sopp ein kan ete. Soppnamna han bruker er inspirert av svenske soppnamn, slik det står på tittelbladet til *Sop-bogen*: "væsentlig efter prof. E.Fries Sveriges ätliga ock giftiga svampar" (Johan-Olsen, 1907).

Når Gro Gulden og Per Marstad, to av våre dagars mest kjende norske mykologar, ga ut *Soppboka* i 2018, ei bok som kan samanliknast med boka til Dr. Sopp, har dei med desse gruppene/slekter av sopper, 1-17 er grupper, 18-56 er slekter:

- |   |                       |
|---|-----------------------|
| 1. blekksopper                                | 28. kragesopper       |
| 2. fagerhatter                                | 29. kremler           |
| 3. kantareller og trompetsopper               | 30. kusopper          |
| 4. klubbesopper, fingersopper og korallsopper | 31. lakssopper        |
| 5. morkler                                    | 32. melsopper         |
| 6. musseronger                                | 33. musseronger       |
| 7. parasollsopper                             | 34. reddiksopper      |
| 8. piggsopper                                 | 35. ridderhatter      |
| 9. pluggsopper og sleipsopper                 | 36. risker            |
| 10. rørsopper                                 | 37. rotsopper         |
| 11. røyksopper og jordstjerner                | 38. rødsporer         |
| 12. seigsopper                                | 39. seigsopper        |
| 13. skivesopper                               | 40. sjampinjonger     |
| 14. skjellsopper                              | 41. skjirmsopper      |
| 15. traktsopper                               | 42. skogvokssopper    |
| 16. vokssopper                                | 43. skrubber          |
| 17. østerssopper og muslingesopper            | 44. sleipsopper       |
|   | 45. sliresopper       |
| 18. bittersopper                              | 46. slørsopper        |
| 19. ekte morkler                              | 47. sommertraktsopper |
| 20. engvokssopper                             | 48. sprøsopper        |
| 21. flathatter                                | 49. steinsopper       |
| 22. fluesopper                                | 50. stubbemusseronger |
| 23. fløyelsrørsopper                          | 51. svovelsopper      |
| 24. fåresopper                                | 52. traktmusseronger  |
| 25. grynhatte                                 | 53. traktsopper       |
| 26. honningsopp                               | 54. trevlesopper      |
| 27. knippesopper og gråhatter                 | 55. trollmorkler      |
|   | 56. åkersopper        |

Frå soppboka til Sopp kjenner me att *rørsopp*, *piggsopp*, *fingersopp* og *morkler*. Ein del av artane han nemner i si bok er i Gulden og Marstad si bok blitt til eigne slekter eller grupper av sopp. Det gjeld *stensopp/herresopp*, *honningsopp*, *østerssopp*, *fluesopp* og *riske*. Olav Sopp plasserer alle soppene med skiver, til og med *kantarell*, inn i ei stor gruppe som han kallar *skivesopp*. I dag er desse soppene delt inn i mange ulike grupper/slekter. Det same gjeld røyr-soppene til Sopp, han deler desse inn i *de egentlige rørsoppe* eller *kusoppe* (*Boleti*) og *poresoppe* eller *faaresoppe*. I dag er *steinsoppene* å regne for ei eiga slekt, nemleg *Boletus*, det same gjeld *kusoppene*, *Suillus*, og *fåresoppene*, *Albatrellus*.



Olav Sopp hadde ein systematikk på dei soppnamna han brukte. Denne systematikken henta han frå svenske førebilete. Mykje av namnestoffet me finn i soppbøker frå Sopp si tid lever vidare i form av slektsnamn i dag. Her kan me igjen trekkje fram Ivar Aasen sine tankar "om at udvælge et af de forskjellige Navne til Hovednavn til skriftlig Brug;" (Aasen, 1860, s. 30) om dei soppnamna han samla inn. Aasen var framsynt når det gjaldt soppnamna.

Det kan nemnast at Olav Sopp tok med *satansopp* i boka si, trass i at denne er ein svært sjeldan sopp. Det er ingen registrerte funn av satansopp i Noreg ifølge Artsbanken. I Sverige, og spesielt på Gotland er det registrert nokre funn, og ein ventar at han kan dukke opp i Noreg ein gong i framtida. Det kan verke som om *satansopp*, *Boletus satanas*, er veldig populær i soppbøker, han er med i alle dei soppbøkene eg har arbeidd med (bortsett frå enkle nybyrjarbøker). Det kan hende han er med i soppbøkene fordi det er ein av få røysoppar som er giftig, eller kan det vere fordi han har eit slikt spektakulært namn?

Dei vitskaplege namna er svært tydelege på kva som er slekt og kva som er art, det er alltid to ord med slektsnamnet først og artsepitetet som andre ordet. I norske artsnamn bruker me helst eit ord, av og til to, og det er ikkje noko absolutt krav om at slektskapet skal fram i artsnamnet. Det finst òg døme på at ein art og ei slekt har same namnet, slik som *kantarell*. Soppnamna blir brukt på ulike måtar og jo meir vitskapleg ein tekst er, jo viktigare blir det å vise til vitskaplege namn, ofte blir dei vitskaplege namna brukt saman med dei norske. Det gjeld i mykologisk faglitteratur og det gjeld i artiklar i Sopp og nyttevekstforbundets tidsskrift *Sopp og nyttevekster*. I artiklar om giftige soppar og sikre matsoppar i vekepressa brukar dei vanlegvis berre dei norske artsnamna.



### 3 Metode

De allra fleste väkstnamn i våra floror är rena skrivbordsprodukter och därför rimligvis inte särskilt intressanta.

(Fries, 1997, s. 7)

Norske soppsnamn er for det meste slike skrivebordsprodukt, nett som dei svenske plantenamna, men eg tykkjer ikkje dei er utan interesse av den grunn. Dei faglege norske soppsnamna me har i dag har utvikla seg i ein vitskapleg og språkleg tradisjon. Det er ein enorm auke i talet på faglege norske soppsnamn. Dei fleste er av ny dato, slike som *frierslørsopp* og *Gros hette*, medan eit lite mindretal er svært gamle, slik som til dømes *knuskkjuka*.

Eg har ynskt å undersøke dei norske soppsnamna, og finne ut noko om voksteren og korleis norske soppsnamn har utvikla seg. Då har eg valt å undersøke *språkstruktur*, *opphav*, *innhald* og *bruk* av soppsnamna. For å kunne seie noko om korleis norske soppsnamn er konstruerte må eg sjå på språkstrukturen. Eg har sett på kva som kjenneteiknar strukturen i dei namna me har i dag, og eg har funne endringar og utviklingstrekk over tid. Eg har òg undersøkt opphavet til soppsnamna. Det kan seie noko om kvar språkstoffet til namna kjem frå, og kva som har inspirert namngjevarane. For å finne ut meir om kva som har motivert namnevalet har eg analysert det semantiske innhaldet i soppsnamna. Dei fleste soppsnamna er av nyare dato, dermed er dei temmeleg transparente, og det er lett å tolke dei.

Eg har kategorisert, kvantifisert og drøfta resultatet. Når det gjeld spørsmålet om korleis dei ulike nivåa påverkar kvarandre, har eg undersøkt bruken av soppsnamn. I kapittel 4, presentasjonen av funna, får eg såleis denne inndelinga:

1. Språkstruktur (morfologi):
  - Primære soppsnamn
  - Utbygde faglege soppsnamn
  - Ombygde faglege soppsnamn
  - Oppsummering og drøfting
2. Opphav (etymologi):
  - Heimlege folkelege soppsnamn
  - Direkte lån frå andre språk
  - Omsetjingar
  - Kombinasjonar av lån og omsetjingar
  - Oppsummering og drøfting
3. Innhald (semantikk):
  - Makromorfologiske trekk
  - Mikroforfologiske trekk
  - Entonym
  - Metafor
  - Oppsummering og drøfting

#### 4. Bruk :

- folkelege soppnamn
- faglege soppnamn
- vitenskaplege soppnamn
- Oppsummering og drøfting

Sidan soppnamna for det meste er boklege påfunn blir skriftlege kjelder, slik som namnelistene til Sopp og nyttevekstforeningen, dessutan soppbøker og anna litteratur om sopp, særst viktige. Når det gjeld dei folkelege soppnamn, er Aasen og Høeg dei viktigaste kjeldene.

I undersøkinga av det semantiske innhaldet i soppnamna er det naudsynt å ha kjennskap til soppriket og dei ulike soppartane. Ein treng ei beskriving og bilete/teikning av arten, det finn eg i ulike soppbøker eller i ulike kjelder på nett, slike som Artsdatabanken.no og MycoBank.org. Der finn eg bilete og beskriving av artane. Eg har òg nytta Wikipedia som kjelde, både på norsk, engelsk, tysk og spansk. Det er skriva mange gode artiklar om soppartane på Wikipedia med gode referansar og moglegheiter til å kryssjekke.

Ei annan kjelde for å forstå og tolke soppnamna er samtalar og korrespondanse med norske soppfolk. Dei har gitt meg verdfull informasjon om ulike artar og om dei namnediskusjonane som har gått føre seg der, blant anna i soppnamnkomiteen. Når det gjeld bruk av soppnamn støtter eg meg på ulike på skriftlege kjelder om sopp, både i meir soppfagleg litteratur, soppbøker og allmenne artiklar om sopp i vekepressa og aviser.

Det er ovleg mange soppnamn, og for å finne utviklingstrekk og mønster har eg kategorisert, kvantifisert og laga ulike figurar og tabellar. Etter kvart hovudpunkt har eg ei oppsummering med drøfting av funna. Det har vore natureleg å drøfte funn undervegs i oppgåva, difor er det siste kapitlet, 5. Resultat og drøfting, ikkje særleg omfattande.

## 4 Presentasjon av funn

### 4.1 Innleiing

Når ein undersøker soppnamneleksikonet over tid, finn ein vekst, fornying og avgang, det er eit høgst dynamisk leksikon. Dei faglege norske soppnamna blir brukt i mange situasjonar, og dei blir brukt av mykologar, hobbymykologar, soppinteresserte og folk flest. For å fylle faglege og pedagogiske behov må det vere ein viss dynamikk, det må vere mogleg å endre soppnamna, og det må vere rom for nyskapingar. Samtidig skapar endringar uro. Det er eit ordtilfang som i hovudsak er bokleg, utviklinga skjer i soppfaglege miljø på eit litterært nivå. Det er ikkje i folkespråket, i munnleg bruk, at ordtilfanget endrar seg, det skjer hovudsakleg i fagmiljøa, og soppnamneleksikonet følgjer den vitskaplege utviklinga.

### 4.2 Språkstruktur

Grunnstrukturen i soppnamna er på mange måtar den same som i stadnamn. Akkurat som stadnamna kan skildre ein stad og gjere det lett for folk å kjenne att staden, og kan hende finne fram i eit landskap, vil eit soppnamn skildre soppen og gjere det lett for folk å kjenne soppen. Både stadnamn og soppnamn er ofte bygd opp kring eit grunnord som så blir utvida etter behov.

**Vik > Bottenviken > Nordbottenviken**  
**kantarell > trompetkantarell > gul trompetkantarell**

Eg har valt å dele inn i kategoriane *primære soppnamn*, *utbygde soppnamn* og *ombygde soppnamn*. Dei primære soppnamna dannar oftast basis for nye soppnamn. Dei blir brukt som slektsnamn og som utgangspunkt i utbygde og ombygde soppnamn. *Kantarell* er eit primært soppnamn slik eg har definert det, og me kan sjå litt på utviklinga av dette namnet som ei innleiing til kapitlet om språkstrukturen i soppnamna. Primærnamna er i ordform, medan dei utbygde og ombygde soppnamna har form anten som meir komplekse ordformer, eller som substantivfrasar. Ein frase er å forstå som ei ordgruppe som ikkje er setning, men som kan fungere som setningsledd eller del av setningsledd (Kulbrandstad & Kinn, 2016, s. 272). Ordformene er i nokre få tilfelle tilsvarande primærnamnet (*kantarell*), i andre tilfelle med eit forledd (*jordbærkantarell*). Nomenfrasane har ei kjerne, eit primært soppnamn, og ein beskrivar (*falsk kantarell*).

Soppriket er mangfaldig og ikkje på nokon måte ferdig utforska, ein treng stadig nye namn. Ein måte å lage namn til ein ny soppart er å byggje ut eit allereie etablert soppnamn. Ein kan då setje eit

forledd eller eit anna ord føre det allereie kjende soppnamnet. *Trompetkantarell* og *gul trompetkantarell* er døme slike utbygde namn. Begge har primærnamnet *kantarell* som utgangspunkt for utbygginga.

Tidlegare hadde me òg *ekte kantarell* slik namnelista frå 1936 syner (Nyttevekstforeningen, 1936) . I tillegg hadde me *Den Brandgule Kantarellen* (Nyttevekstforeningen, 1936), den kan ein tru er ein kantarell, det er han ikkje. Han fekk etter kvart eit kortare og eit meir korrekt namn, nemleg *falsk kantarell* (Den norske soppnavnkomiteen av 1968, 1985). Det kan me seie er eit døme på ei ombygging.

Tabell 1 syner korleis kantarell-namnet har utvikla seg over tid, frå primærnamn (P) til fleire utbygde (U) og ombygde (O) kantarell-namn. Dei to første radene i tabellen syner utviklinga i namna til artane *kantarell* og *falsk kantarell*.

Tabell 1 Utvikling, kantarell-namnet

Vitskapleg namn	Rasch 1869 (Rasch, 1869)	Olav Johan-Olsen 1907 (Sopp, 1907)	Norske soppnavn 1936 (Nyttevekstforeningen, 1936)	Norske soppnavn 1985 (Den norske soppnavnkomiteen av 1968, 1985)	Norske soppnavn 2011 (NSNF, Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011)
<i>Chanterellus cibarus</i>	Kantarell P	Kantarell P	Ekte kantarell U	Ekte kantarell U	kantarell O, P
<i>Chanterellus aurantiacus</i> <i>Hygrophoropsis aurantiacus</i>	-	Brandgul kantarell U	Brandgul kantarell U	Falsk kantarell O	falsk kantarell O

I tabellen er namna som er henta frå namnelistene før 2011 stava med stor forbokstav slik dei står oppført i listene.

I 1936 kom kantarellnamna *Svartbrun kantarell*, *Traktkantarell*, *Trompetkantarell* og *Askegrå kantarell*, alle utbygde namn, to av dei nomenfrasar. I 1985 fann eg endå fleire nye kantarellnamn; *jordbærkantarell*, *blek kantarell*, *traktkantarell* og *gul trompetkantarell*. I 2011 endra den gule trompetkantarellen namn til *gul trompetsopp*, altså eit ombygd namn. Det blei nok gjort av di *gul trompetsopp* høyrer til slekta Trompetsoppar. I tillegg fekk me i 2011 namna *ametystkantarell*, *nordlig kantarell*, *oransjekantarell* og *svartnende kantarell*. *Traktkantarell* og *svartnende kantarell* høyrer òg til Trompetsoppene, men dei har ikkje denne endinga. Namneverket er som me ser ikkje

heilt konsekvent når det gjeld slektskap. *Jordbærkantarell* høyrer til dømes til slekta narrekantarellar, det same gjeld *falsk kantarell* og *bleik narrekantarell*. Kantarellnamnet er gammalt og som me ser blir det brukt som primærord i tre ulike slekter, nemleg kantarellar, trompetsoppar og narrekantarellar.

#### 4.2.1 Dei primære soppnamna

Primære soppnamn er dei soppnamna, eller del av soppnamnet, som er det grunnleggjande i namnet. I mange tilfelle er primærnamn det same som slektsnamn. Primærnamnet er den delen av soppnamnet som kan seie noko om kva for slekt eller gruppe soppen høyrer til, tilsvarande grunnord i stadnamn.

Primærnamna kan vere usamansette, eller samansette. Nokre av dei er av eldre dato, medan andre er nyskapingar frå dei siste hundre år. Det kan diskuterast om samansette soppnamn som *flugesopp* og *røyksopp* er primærnamn, eg har sett dei i den kategorien av di dei har ein tradisjon som slektsnamn som går meir enn hundre år tilbake. Dei samansette primærnamna har alle *-sopp* som siste ledd. Dei fungerer vanlegvis ikkje som fagleg norsk soppnamn aleine, dei er slektsnamn. *Steinsopp* er både eit slektsnamn og eit fagleg soppnamn. Dei metaforiske primærnamna blir alltid brukt i samansett form.

##### **Usamansette primærnamn:**

*Sopp, kjuke, sjampinjong, morkel, riske, musserong, kremle, skrubb, kantarell*

##### **Samansette primærnamn:**

*flugesopp, røyksopp, steinsopp, slørsopp, parasollsopp, kusopp*

##### **Metaforiske primærnamn:**

*munkehatt, eseløyre, alvehette, oransjebeger, jordstjerne, algekølle, jordtunge, duftpigg*

Dei usamansette primærnamna og dei samansette primærnamna er hovudsak appellativiske. Dei blir brukt til å identifisere sopp generelt (*sopp*), eller ei gruppe/slekt av soppar (*morkel, flugesopp*). Dei blir brukt som basis eller grunnord når ein lagar meir presise faglege norske soppnamn med å byggje ut eller byggje om. Dei usamansette og dei samansette primære soppnamna blir ofte brukt aleine i samanhengar som:

- Er det mykje **sopp** i år?
- Dette er nok ei **kremle**, soppkjøtet er sprøtt og kvitt.
- I år kom det ikkje **steinsopp**, men det var mange **kantarellar**.

Ein del primærnamn er metaforiske, desse kan ikkje stå aleine, men blir alltid brukt i samansett form. Slektsnamnet kan i nokre tilfelle ha -sopp som primærnamn, medan dei faglege soppnamna ikkje har det. Då blir det på denne måten:

- Dette er vel ein **øyresopp**? Kva trur du, er det esel**øyre** eller hare**øyre**?
- Her veks det mange **hettesoppar**! Trur du me finn fager**hette**, eller kanskje klister**hette**?
- Eg fann ingen jord**stjerner** oppi lia her. I fjor fann eg både prestejord**stjerner** og kragejord**stjerner**.

Akkurat som med dei faglege norske soppnamna har det auka på med slektsnamn. I 1936 finn eg 48 slekter med norske namn, og i 2011 er det auka til 291 slekter med norske namn (av i alt 640 slekter). Slektsnamna fungerer i mange tilfelle som primærnamn i dei faglege norske soppnamna. Grunnen til aukinga av slektsnamn er som eg har peika på før, fagleg utvikling og forskning.

Mange av dei norske slektsnamna me har i dag er utbygde. Tidleg på 1900-talet meinte ein til dømes at alle soppene som var runde og kvite, og som etter kvart blir mørkare og til slutt sprekk med eit lite hol i toppen der sporane kjem ut, var *røyksoppar*. I dag er dei delt i to slekter, *røyksoppar* og *potetrøyksoppar*. Det første slektsnamnet er det same som det gamle slektsnamnet, medan det har kome til ei ny slekt som har fått det utbygde slektsnamnet *potetrøyksoppar*. Det same gjeld morklar, tidlegare var *morklar* ei slekt, no har me tre slekter der alle har fått utbygde slektsnamn, *ekte morklar*, *trollmorklar* og *haustmorklar*. Akkurat når det gjeld morklar, ser me at eit av slektsnamna er *ekte morklar*. Elles i namneleksikonet er denne typen namn ute i dag, "ekte" som beskrivar i ei slik nomenfrase kan vere villeiande.

Nokre få av dei samansette primærorda fungerer både som slektsnamn og fagleg norsk soppnamn. Døme på det er *kantarell* og *steinsopp*. For å skilje mellom art og slekt brukte ein i tidlegare å setje ordet "vanlig" eller "ekte" som beskrivar, då fekk ein namn som *vanleg brødkorg*, *vanleg svovelsopp*, *ekte kantarell* og *vanleg vokssopp* (Den norske soppnavnkomiteen av 1968, 1976). No heiter soppene *brødkorg*, *svovelsopp*, *kantarell* og *vokssopp* (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011). I dag er det ingen faglege norske soppnamn som har "vanleg" eller "ekte" som beskrivar. Dette er døme på ei ombygging, ei rasjonalisering av soppnamnet for å møte behovet for korte og konsise artsnamn. Det er altså ein tendens til å byggje ut frå ordform til fraseform, og når fraseforma blir for lang, kan ho bli bygd om til ordform.



#### 4.2.2 Utbygde faglege norske soppnamn

Dei primære soppnamna blir bygde ut med eit eller fleire forledd, og av og til med ein beskrivar, til fullverdige artsnamn. Dei fleste faglege norske soppnamn finn me som ordform, men fraseform er òg vanleg. Tabell 2 syner korleis eit utval av norske faglege soppnamn er blitt bygd ut.

Tabell 2 Utbygging av nokre faglege norske soppnamn

Fagleg norsk soppnamn	Beskrivarledd		Kjerne			
	Leidd	Leidd	Leidd	Leidd	Primærnamn	
					Forleidd	Hovudleidd
<i>kantarell</i>	-	-	-	-	-	<i>kantarell</i>
<i>steinsopp</i>	-	-	-	-	<i>stein</i>	<i>sopp</i>
<i>knuskkjuka</i>	-	-	-	<i>knusk</i>	-	<i>kjuka</i>
<i>bleik narrekantarell</i>	-	<i>bleik</i>	-	<i>narre</i>	-	<i>kantarell</i>
<i>raud flugesopp</i>	-	<i>raud</i>	-	-	<i>fluge</i>	<i>sopp</i>
<i>svartringflugesopp</i>	-	-	<i>svart</i>	<i>ring</i>	<i>fluge</i>	<i>sopp</i>
<i>bleikgul kamflugesopp</i>	<i>bleik</i>	<i>gul</i>	-	<i>kam</i>	<i>fluge</i>	<i>sopp</i>

Adjektivfrasar som står som adledd før kjernen, kan igjen innehalde eit underledd (adledd) (Lie, 2003, ss. 20-21). Dei to artane *liten mørkprikket potetrøysopp* og *stor mørkprikket potetrøysopp* er i dag dei einaste soppnamna som har ein struktur som sprenger skjemaet. Før namneskiftet frå *ringlaus flugesopp* til *kamflugesopp* i 2011 hadde me i tillegg åtte soppnamn av typen *gul ringlaus flugesopp*.

Dei fleste forledda som kjem før primærnamnet er anten substantiv eller adjektiv, men me finn òg døme på verb som forledd. Det er til dømes verba "å narre" og "å snylte". Ein *narrekantarell* er ein sopp som narrar oss til å tru at han er ein kantarell. Andre slike *narre*-soppar er *narrebevve*, *narrekjuka* og *narresjampinjong*. Til saman finn eg 20 slike luringar, 18 artsnamn og 4 slektsnamn som har verbet *narre* som forledd.

*Snylterøysoppen* er ein bitte liten sopp som snyltar på røysoppar, det er typisk at han snyltar på steinsopp og får denne til å sjå kvit og innskrumpa ut.

Substantiv og adjektiv høver godt for å skildre ein sopp. Substantiva er ofte metaforar slik som i *fiolgubbe*, *huldrekjuka* og *satansopp*, men det kan òg vise til kor eller når soppen veks, som i *eikeriske*, *musedyngbege* og *vårfagersopp*. Adjektiv som forledd beskriv sopparten, og me får namn som *svartskrub*, *falsk kantarell*, *lumsk parasollsopp* og *stor bjørkekremle*.

Tabell 3: Ulike typar forledd

Type forledd	Døme
Substantiviske forledd:	<i>blomkålsopp</i> , <i>knivkjuka</i> , <i>pantermusserong</i> , <i>eikeriske</i> , <i>trollmorkel</i> , <i>tårekjuka</i>
Adjektiviske forledd:	<i>brunskrub</i> , <i>vrangkremle</i> , <i>rundmorkel</i>
Verb som forledd:	<i>narrekantarell</i> , <i>snylterøysopp</i> , <i>hengekjuka</i>

Nokre soppeslekter er store og det kan vere vrangt å skilje dei ulike slektningane frå kvarandre. Kremlane er ei slik stor slekt og det skal ein ekspert, - med mikroskop, til for å skilje dei ulike artane frå kvarandre.



Kremlane, *Russula*, er ei slekt med mange ulike hattfargar Foto: Benthe Skrøvje

Før 1900 hadde me berre *kremle*, i 1936 hadde me 26 kremler. I 2011 har talet på kremler steget til 126 faglege norske soppnamn. Løysinga på namneproblemet var å byggje ut namnet, slik at alle soppartane i kremleslekta har *kremle* som siste ledd.

Tabell 4 syner utviklinga av nokre kremleamn.

Tabell 4: Utbygging av kremleamna: sildekremle, giftkremle og frøkenkremle

Før 1900	1936	2011
Kremle	> sildekremle	> sildekremle > olivengrønn sildekremle > brun sildekremle > lundsildekremle > falsk sildekremle > fjellsildekremle > rød sildekremle > bøkesildekremle > viersildekremle
	> giftkremle	> giftkremle > gulflekket giftkremle > gråfotgiftkremle
	> frøkenkremle	> frøkenkremle > skarp frøkenkremle

I tabellen ser me at utbygging fører til at soppnamna blir lengre, det er meir informasjon som skal inn i namnet og det er fleire artar som skal ha namn.

Det er i liten grad fuger mellom forledd og primærnamn, dei soppnamna som har fuger er bygd opp av eit ledd som sluttar på konsonant og eit primærnamn slik figuren viser. Fugemønsteret er i samsvar med språket elles.

Tabell 5: Døme på bruk av fuger

Forledd	fuge	Primærnamn	Døme
<i>bjørk</i>	<i>e</i>	<i>musserong</i>	<i>bjørkemuserrong</i>
<i>bjørn</i>	<i>e</i>	<i>østerssopp</i>	<i>bjørneøsterssopp</i>
<i>bøk</i>	<i>e</i>	<i>kremle</i>	<i>bøkekremle</i>
<i>eik</i>	<i>e</i>	<i>riske</i>	<i>eikeriske</i>
<i>får</i>	<i>e</i>	<i>sopp</i>	<i>fåresopp</i>
<i>lønn</i>	<i>e</i>	<i>kjuke</i>	<i>lønnekjuke</i>
<i>munk</i>	<i>e</i>	<i>hatt</i>	<i>munkehatt</i>

Det er ein god del soppnamn som blir bygd ut på det måten at ein set eit heilt ord førre soppnamnet, slik at artsnamnet består av to ord. Soppnamnet er då ei nomenfrase med ein beskrivar. Det er ikkje ønskjeleg, likevel har me framleis kring 750 slike nomenfrasar. Av dei soppnamna som har to ord, er beskrivaren anten knytt til eit personnamn (*Arnes hette*) eller det er eit adjektiv (*raud flugesopp*, *mild gulkremle*). Adjektivet er svært ofte ein enkelt farge, men det kan òg vere andre adjektiv slik figuren syner .

Tabell 6: Faglege norske soppnamn som nomenfrasar

Beskrivar etter type	Døme på beskrivar	Soppnamn som nomenfrase
Personnamn i genetiv	<i>Arnes, Sommerfelts</i>	<b><i>Arnes hette, Sommerfelts</i></b> <i>gelèsopp</i>
Ein enkel farge	<i>kvit, brun, grøn, gul, rosa, svart, grå</i>	<b><i>kvit flugesopp, brun sildekremle,</i></b> <b><i>svart ildkjuke</i></b>
Ein samansett farge	<i>raudbrun, brunraud, raudgul,</i>	<b><i>raudbrun fleinsopp, raudgul</i></b> <b><i>piggsopp</i></b>
Andre enkle beskrivande adjektiv	<i>bleik, bitter, besk, spiss, dyster,</i> <i>lodden, filta, rynka, glatt, skarp,</i> <i>lumsk, glatt, seig, falsk, vrang,</i> <i>sørleg, nordleg,</i>	<b><i>bleik piggsopp, spiss fleinsopp,</i></b> <b><i>skarp frøkenhette, falsk kantarell</i></b>
Samansette adjektiv	<i>smalsporet, storsporet, åttesporet,</i> <i>storsporet,</i>	<b><i>storsporet flammekjuke</i></b>

#### 4.2.3 Ombygde soppnamn

Eg finn nokre soppnamn som ein kan seie er ombygde. Det vil seie soppnamn som blir endra på ein annan måte enn ved å byggje om namnet. Det kan vere for at dei skal passe inn i det taksonomiske systemet, eller det kan vere fordi namnet på ein eller annan måte blir uhandterleg reint språkleg. Namnet kan til dømes vere for langt.

Eit av Artsdatabankens prinsipp for artsnamn er at dei ikkje skal vere for lange, aller helst skal det vere eit ord, ei leksikalsk eining. Når soppnamn blir bygd ut kan byggverket fort bli stort og lite gagnleg. Eit døme på det er *brun kamflugesopp* som høyrer til flugesoppslekta, *Amanita*. Det er ein flugesopp som ikkje har ring rundt stilken. Dei flugesoppene som ikkje har ring blei tidlegare kalla *ringlaus flugesopp*, og sidan det er fleire slike fekk dei namn som *brun ringlaus flugesopp* og *gul ringlaus flugesopp*. Eit anna fellestrekk med desse soppene er at kanten kring hatten har striper som kan likne ein kam.

Løysinga blei å kalle gruppa for *kamflugesopp*, dermed blei namna bygd om, dei blei kortare og meir handterlege. På svensk heiter kamflugesopp *kamskivling*, så det nye namnet representerte òg ei viss fellesnordisk tilnærming, nett slik Artsdatabanken tilrår. Tabell 6 syner nokre døme på slike ombyggingar av soppnamn.



Brun kamflugesopp, *Amanita fulva*  
Foto: Benthe Skrøvje

Tabell 7: Ombygging av soppnamn

	1936	1985	2011
<i>Amanita vaginata</i>	<i>Ringlaus fluesopp</i>	<i>Grå ringlaus fluesopp</i>	<i>grå kamfluesopp</i>
<i>Entoloma sericeum</i>	<i>Silkeglinsende</i>	<i>Silkerøds-kivesopp</i>	<i>silkerødspore</i>
<i>E. sericellum</i>	<i>røds-kive-sopp</i>		
<i>Mycena pura</i>	<i>Reddik-hettesopp</i>	<i>Reddikhette</i>	<i>reddikhette</i>

Dei to slektene *Entoloma* og *Mycena*, hadde tidlegare -sopp som primærnamn, denne endinga fall heilt bort. I dag er *røds-kivesopp* blitt til *raudspore*, og *hettesopp* er blitt til berre *hette*.

I den neste tabellen ser vi fleire små og store ombyggingar etter type ombygging, frå å ta bort ein bindestrek, til å endre ordet totalt. Formålet med endringane er å gjere namna kortare og meir handsame. Artsdatabanken foretrekk korte artsnamn, dei er lettare å hugse og lettare å arbeide med.

Tabell 8: Typer ombygging av soppnamn

Type ombygging	Vitskapleg namn	Norsk fagleg soppnamn 1936	Norsk fagleg soppnamn 1985	Norsk fagleg soppnamn 2011
Samantrekning, bort med bindestrek	<i>Bovista nigrescens</i>	Stor egg-røksopp	stor eggrøyksopp	stor eggrøyksopp
Forkorting, endring av leksem	<i>Polyporus ovinus</i> <i>Albatrellus ovinus</i>	vanlig (alm.) sauesopp (fåresopp)	sauesopp	fåresopp
Samantrekning, forkorting	<i>Boletus versipellus</i> <i>Leccinium versipellus</i>	Rød skrubbet rørsopp	rødskrubb	rødskrubb
Endring av leksem – forkorting	<i>Lactarius camphoratus</i>	Luktende søtriske	duftriske	duftriske
Renovering – nytt namn	<i>Calocera viscosa</i>	Vanlig (alm.) brusk-fingersopp	gullgaffel	gullgaffel <sup>4</sup>

Endringa frå fraseforma *Rød skrubbet rørsopp* til ordforma *rødskrubb*, eller *raudskrubb* på nynorsk, kjem samstundes med at soppen blir flytta frå ei slekt, *Boletus*, til ei anna slekt, *Leccinium*. Begge desse slektene er røyrsoappar, dei har små røyr under hatten. *Leccinium*-slekta har skrubbete stilk, og det var ein god idé å kalle slekta for *skrubbar*, og gje soppene namn som *raudskrubb*, *svartskrubb*, *myrskrubb*, *ospeskrubb* og slik bortetter. Det er 15 skrubbar som har faglege norske namn i 2011. Denne ombygginga gjer dei nye namna kortare og meir hendige og dei set soppene inn i taksonomien på ein god måte.

#### 4.2.4 Oppsummering og drøfting

Dei norske faglege soppnamna er stort sett eins struktur, dei er bygd opp med eit primærord som basis. Langt dei fleste faglege norske soppnamn er fleirledda, to tredjedelar har ordform og ein tredjedel har fraseform. Dei siste hundre åra ser me ei utvikling mot mange fleire soppnamn, ein stor

<sup>4</sup> Artsnamna i figuren er på bokmål, det er berre i Artsdatabanken dei nynorske artsnamna er å finne.

del av dei nye soppnamna er utbyggingar av eldre soppnamn. Utbygging med eit beskrivarledd gjer soppnamnet lengre. Dersom soppnamnet blir for langt kan ei ombygging vere løysinga for å tilfredsstille behovet for kortare soppnamn.

Det er ikkje berre dei norske artsnamna som blir endra, dei vitskapelege namna er faste heilt til ein mykolog publiserer ein artikkel der han viser at ein soppart ikkje er heilt det ein trudde. Det kan vere at han høyrer til ei anna slekt, det kan vere at det ein før trudde var ein soppart eigentleg er to soppartar eller at to soppartar eigentleg er den same sopparten. Etter at DNA-sekvensering blei vanleg i mykologisk forskning, har me sett både at artar blir slått saman og at artar blir delte. I slike tilfelle blir dei vitskapelege namna alltid endra for at systematikken skal vere rett. Det kan føre til problem med dei norske soppnamna. Skal ein endre eit fagleg norsk soppnamn for at det skal passe med taksonomien, eller skal ein ta omsyn til at det eksisterande soppnamnet er innarbeidd? Det er slike dilemma namnekomiteen arbeider med, og det finst ikkje fasitsvar.

Dersom dei vel å endre eit soppnamn som er innarbeidd, kan ein risikere at det gamle namnet lever sitt eige liv blant soppfolk, og at det nye namnet støver bort i arkiva. Det er eit levande soppmiljø i randsona av fagmiljøa, dei er glade i soppnamna, og vil helst ikkje endre for mykje på dei. Soppasaka har framleis ei ideologisk side, og soppnamna er ein viktig del av kunnskapsformidling. Å lære om sopp handlar mykje om å lære soppnamn. Soppnamna gjev knaggar til å hengje kunnskap på, og jo betre soppnamn, jo betre heng kunnskapen. Gode norske soppnamn skal fungere som referanse til ein bestemt art i vitskapelege samanhengar, og dei skal fungere for lekfolk. Dersom ein ikkje endrar namnet i takt med at vitskapen produserer ny kunnskap, kan det skape problem i fagleg kommunikasjon. Dersom ein endrar for mykje, kan det skape problem for lekfolk som allereie har lært seg soppnamna. Det er mange omsyn å ta når ein set namn på sopp, og me ser at namnegjevarane har valt ulike løysingar. Namneleksikonet inneheld såleis enkelte inkonsekvansar.

Når det gjeld namn på fuglar har nok temperaturen i namnediskusjonane vore mykje høgare enn for soppnamna. Det er langt fleire folkelege fuglenamn enn det er folkelege soppnamn, og motstanden mot endringar har vore meir massiv. Vidar Antonsen (1990) har skrive ein artikkel om systematiske avvik i norsk nomenklatur og usemja i miljøet kopla til i kva grad dei nasjonale namna skal spegle vitskapeleg nomenklatur. Han peiker på at "Namn med utsjånadsmotivasjon illustrerer best konsekvensane av denne praksisen. Eg har før omtala dette som ein *karakteriserande* namnemotivasjon og eit brot med ein tradisjonelt meir *assosiativ* namnemotivasjon." (Antonsen, 1990, s. 30). Soppnamn har ikkje dei same tradisjonane som fuglenamn, det blir dermed ikkje brot med tradisjonelle namnetradisjonar og motivasjonar, og ein kan knapt merke noko konfliktnivå. Antonsen refererer til "flugesnapparsaka", *Svartkvit flugesnappar* fekk endra namnet sitt til

*Hageflugesnappar.* Det er ei ombygging av namnet slik me har sett det med enkelte soppnamn. Saka vakte stor oppstandelse blant fuglevener. Når soppnamn er blitt endra har det ikkje ført med seg særleg oppstyr. Det er ikkje så mange tradisjonar når det gjeld soppnamn, soppmiljøet er lite og fagmiljøa har stor autoritet i namnesaker. Men, som me har sett tar namnekomiteen omsyn til at enkelte namn er innarbeidde og endrar minst mogleg på slike soppnamn.

Ei god hjelp i arbeidet med soppnamna er dei retningslinene Artsdatabanken har arbeidd ut i samråd med Språkrådet. Dei faglege norske soppnamna skal møte behova til både fagfolk og lekfolk, i dette spenningsfeltet er det både pedagogiske og faglige utfordringar. Ein må inngå enkelte kompromiss og namneverket blir såleis av og til inkonsekvent, det er ikkje alltid dei norske faglege soppnamna passar inn det vitskaplege systemet, i nomenklaturen.


### 4.3 Opphav

Talet på soppnamn har auka enormt dei siste hundreåra, og det er vel verdt å undersøke kvar orda kjem ifrå. Nokre er heimlege arveord, nokre har me importert direkte, det vil seie lånt frå eit anna språk, medan andre er omsetjingslån. I tillegg har me ein heil del soppnamn som er nylagingar, eller kombinasjonar av arveord, importord, omsetjingar av vitskaplege namn og nylagingar.

Me har nokre særst få arveord blant soppnamna. På 1700- og 1800-talet fekk me inn ein del direkte lån i soppnamneleksikonet, på 1800-talet fekk me òg omsetjingslån og på 1900-talet ser me at ut- og ombygde soppnamn, dessutan nylagingar og ulike kombinasjonar er med i auken av soppnamn. Figuren på neste side syner denne utviklinga.



Figur 9: Utvikling av soppnamn, opphav



#### 4.3.1 Heimlege folkelege soppnamn, arveord

Opphavelige soppnamn er henta frå dialektar og standardiserte til faglege norske soppnamn. Det er to viktige kjelder til desse namna, nemleg Ivar Aasen og Ove Arbø Høeg. Ivar Aasen samla inn desse soppnamna (Aasen, 1860):

*sopp, bladsopp, blokkesopp, flugesopp, raudesopp, skurvesopp, kvitknyska, knivsopp, kaata, kjuka, knøskekjuka, knyska, knosk, knjøsk, knøsk, knusk, kjosk, røyr-sopp, storsopp, busopp, kusopp, stikle, kvitstikle, gulstikle, fissan og fisball*

Mange av soppnamna til Aasen er synonym. Me kjenner igjen strukturen i soppnamna, dei namna Aasen samla inn har oftast to ledd. Dei orda som er mest brukt som sisteledd, det vil seie primærnamn, er *-sopp* og *-kjuke*. Begge desse orda er arveord. Det norske ordet *sopp* kjem frå germansk \**swampu* m. til norrønt *svøppr* m. (Bjorvand & Lindeman, 2007), det er blitt til *svamp* på

svensk og *dansk*, *sveppur* på islandsk, og altså *sopp* på norsk. Det er i slekt med det engelske ordet *swamp* som tyder myr, det er noko blaut og mjukt. *Kjuke* er eit ord kjend frå fleire dialektområde, det tyder ein klump eller hard sopp på tre (Torp, 1992).

Ein kan kalle alle soppar for sopp, dei harde poresoppene som veks på trestammar eller ved, kalla me tradisjonelt for *kjuke*. Me kallar aldri ein sopp som veks på skogbotnen for "kjuke", men ordet *sopp* blei òg brukt i samansetningar



Raudrandkjuke, *Fomitopsis pinicola* Foto: Bente Skrøvje

som *knivsopp* (det er ein sopp som veks på trestammar og som me no kallar *knivkjuke*). I dag kallar me mange av soppene som veks på tre for *kjuke*. Men blant soppnamna kan me finne mange døme på at soppar som veks på trestammar har *-sopp* som siste ledd i namnet, det gjeld slike soppar som *vintersopp*, *kritøsterssopp* og *honningsopp*.

Når det gjeld dei tre *-stikle* soppene til Ivar Aasen, refererer han til Gunnerus, og me veit at Gunnerus ikkje alltid var til å stole på. Det er piggsoppar Gunnerus viser til. Høeg nemner ikkje *-stikle* som namn for sopp, eg har heller ikkje funne denne endinga andre stader. Det er nok sannsynleg at desse namna ikkje var i bruk i folkespråket på 1700- og 1800-talet. Me bruker dei heller ikkje i dag.

Ove Arbo Høeg (1976) nemner desse dialektorda for slimsopp og storsopp:

Slimsopp: *trollkattspy*, *trøllkattspy*, *trollkjerringspy*, *trollkjerringsmør*, *trollkjerringsspøtt*, *trællkjerringgrøt*

Fellesnamn: *sopp*, *paddehatt*, *trollhatt*

Honningsopp: *gløsfusk*, *ljøsved*,

Grønnbegersopp: *blågeit*, *blåmann*,

Brødkorg: *kønnkar*, *grautfat*, *kaunnkar*, *Jomfru Marias brødkorg*, *brødkorg*,

Løpekule: *ikøinsøpp*, *stamfærnøtt*, *løpekuler*, *brunstkuler*, *jordneta*, *laubarkule*, *kuflog*, *løpkulo*,

Sandmorkel: *ormsopp*,

Røyksopp: *fess-sopp*, *fisesopp*, *fisisøpp*, *feseball*, *fissisopp*, *brandsopp*, *fisball*, *fisebadl*,

*blindsopp, kvitsopp, fiskeboller, kruttsopp, blindeball, fiskule, brannsopp, eggsopp,*  
Knuskkjuka, ildkjuka: *knusk, tønder, knusksøpp, noskkuka, tondrekjuka, bjørkegås, eldsopp,*  
*bjørkesopp, knuskkula, tresopp, knivsopp, kåte, soppkjuka, knuskkula, knuskegås, eldgås,*  
*hyllesopp, knuskhøna,*  
Røysopp: *kusopp, kjysopp, kjyrsopp, krøtursopp,*  
Knivkjuka: *kvitkåte, bjørkekåte, nivskjuka, knivkjuka,*

Me kjenner igjen mange av soppnamna til Aasen i dei som Høeg nemner, men ikkje alt stemmer overeins. Høeg har verken *flugesopp* eller *-stikle* i sitt materiale, og Aasen har ikkje med *brødkorg*. Dersom folk flest hadde brukt *flugesopp* som insektmiddel slik både Linné og Gunnerus nemner trur eg Høeg hadde fanga opp dette. Det er spesielt *brødkorg*, *løpekule*, *røysopp* og *knuskkjuka* som har mange ulike dialektnamn i Høeg sitt materiale.

Det er tre av soppnamna som både Aasen og Høeg nemner som me framleis har med oss som fagleg soppnamn, det er *knivkjuka*, *knuskkjuka* og *brødkorg*. *Kusopp* kjenner me att som slektsnamn for ein type røysoppar (*Suillus*), og *løpekule* har fått status som slektsnamn for ein type underjordiske nøtteliknande sopp (*Elaphomyces*).

Det mest vanlege når ein lagar eit nytt soppnamn, er å bruke eit leksem frå soppnamn som er kjent i folkespråket og så byggje dei det ut med eit eller fleire ledd, på den måten eg har gjort greie for i kapittel 4.2 om språkstruktur. Slike folkelege leksem er: *-sopp*, *-hatt* og *-kjuka*. Når dei blir bygd ut får me soppnamn som *rabarbrasopp*, *flathatt* og *kanelkjuka*. Ivar Aasen meinte det var ein god strategi å bruke dei folkelege orda for sopp, dialektorda, når ein skulle standardisere og lage soppnamn til skriftlig bruk (Aasen, 1860, s. 30). Å byggje ut ord er ein kjend strategi i norsk språk, me gjer det heile tida. Siste leddet i ordet er det meiningsberande og så set me eit eller fleire ledd føre som forklarar ordet nærmare. Ein bil kan vere ein arbeidsbil, luksusbil, lastebil og så vidare. Slik set me nye namn på soppantar òg, me bruker ord me kan som utgangspunkt. På den måten har me fått mange slags sopp; *steinsopp*, *fleinsopp*, *parasollsopp*, *kanelslørsopp*, mange slags kjuke; *kanelkjuka*, *raudrandkjuka*, *svovelkjuka*, *pelskjuka*, *silkekjuka* og nokre hattar; *agurkhatt*, *lodnehatt*, *stubbeflathatt* og *grankonglehatt*.

Gunnerus brukte òg denne framgangsmåten då han fann norske namn til soppartane og kom opp med slike namn som *larvhat*, *Giet-sop* og *Ræfrumpsopp*. Dette er soppnamn eg ikkje har funne andre stader, så ein må tru han har laga dei sjølv med å bruke eit ord for sopp som bærande element, og sett eit ledd føre som han meinte karakteriserte soppen. Desse namna er heller ikkje omsetjingar frå det latinske namnet han oppgjev.

Me finn òg døme på utbygging av fleirledda folkelege soppnamn. *Kusopp* og *flugesopp* er slike opphavelige folkelege soppnamn som me bruker som slektsnamn i dag. Når me byggjer dei ut kan dei bli presise faglege soppnamn. Me har *seig kusopp*, *elfenbeinkusopp* og *sumpkusopp*. Av flugesoppar har me mellom anna *raud flugesopp*, *panterflugesopp*, *kvit flugesopp* og *grøn flugesopp*.

#### 4.3.2. Direkte lån

Ein del av primærnamna er henta frå andre språk som direkte lån. Det gjeld *sjampinjong*, *morkel*, *riske*, *kantarell*, *kremle*, og *musserong*. Det er soppnamn me har hatt med oss så lenge at me knapt oppfattar dei som lånord, dei er blitt ein del av det folkelege leksikonet. I alle fall ein del av leksikonet til soppinteresserte. Desse namna finn me òg i vanlege ordbøker.

På 1700-talet lærte franskmennene å dyrke *sjampinjong*, og namnet har me frå fransk. Det er eit ord som byggjer på ordet *campus* og tyder noko slikt som "veks på marka" (de Caprola, 2013). I dei gode økonomiske tidene på 1700- og 1800-talet i Noreg var det mange som hadde kontakt med kontinentet, og dei lærte å ete sjampinjongar av franskmennene. Ein må tru at dei importerte ein del slik sopp (Eckblad, 1994). Saman med morklane er sjampinjongane dei soppnamna ein kan seie har komen inn kjøkkenvegen til Noreg. I daglegtale kjenner alle til sjampinjong i dag. Og framleis er det slik at me helst et sjampinjongar som er dyrka, me går ikkje ut i skogen for å plukke dei. Dei viltveksande sjampinjongane er heller ikkje så lette å finne. Dei liknar på kvit flugesopp, ein må ikkje ta feil der. I litt meir fornemme kjøkkenkretsar brukar dei framleis den franske skrivemåten *champion*. På det soppfaglege feltet er *sjampinjong* ei slekt der me finn artar som *giftsjampinjong*, *perlehønesjampinjong*, *hagesjampinjong* og *porfyrersjampinjong*. I alt er det 13 sjampinjongar som har fått faglege norske soppnamn.

*Morkel* er eit soppnamn som kjem frå tysk, avleidd frå gammalhøgtysk *morhila*. Dei gamalhøgtyske orda *moraha* og *more* tyder "gulrot", gulrot på svensk er *morot* og på russisk *morkov* (de Caprola, 2013). Når ein ser nærare på *spissmorkel* kan ein godt sjå at han liknar ei rot, berre opp ned. Det er eit soppnamn me har hatt med oss sidan 1700-talet. Saman med sjampinjongane kan me seie at morklane kom til Noreg gjennom franske mattradisjonar den nye danna overklassen villig adopterte. Gunnerus nemner fleire morklar i *Flora Norvegica*; *Morkler*, *Uægte Morkler*, *Falske Morkler* og *Steenmorkel*. Men han skriv ikkje noko om at ein kan ete dei. I 1936 hadde me åtte soppnamn som endar på *-morkel*. I dag er morklane delt opp i fleire ulike slekter, og berre den eine slekta, haustmorkler, *Helvella*, har 26 artar med faglege norske soppnamn.

*Riske* er eit namn me har fått frå slavisk, truleg via svensk, det går heilt tilbake til indoeuropeisk *\*reudh* som tyder raud. Det er i slekt med tsjekkisk *ryzek* og russisk *ryžik*, begge tyder "raud". Det vil

seie at namnet eigentleg tyder "raud sopp" (Eckblad, 1994, s. 111). Det kan ha samanheng med den raude eller gulrotgule mjølkesafta til *gran-* og *furumatriske*. I sopplitteratur frå 1800-talet blir matriske kalla *ekte riske*. Gunnerus har med *Riske* og *Riska* som norske namn på *matriske*, så dette er eit gammalt soppnamn i Noreg. Etter kvart blei alle soppene med mjølkesaft inkludert som risiker, 1936 hadde me 28 artsnamn som enda på *-riske*, og i dag har me kring 90 risiker. På dansk heiter riskene *melkehatte*. Det er eit godt namn som gjev meining, men det er litt langt når ein skal byggje det ut. Det vitskaplege slektsnamnet for risiker er *Lactarius*, som tyder "mjølkeavsondrande".

Det einaste av desse importerte soppnamna som fungerer som sjølvstendig fagleg norsk soppnamn i dag er *kantarell*. Det er både slektsnamn og artsnamn. *Kantarell* er *kantarell*, medan *falsk kantarell* høyrer til ei anna slekt, nemleg *narrekantarellane*. Det er *kantarell*namnet som danner basisen, og så blir ein del andre artsnamn knytt til det eldre namnet. Tidlegare brukte me artsnamnet *ekte kantarell* i Noreg (Nyttevekstforeningen, 1936), og det er framleis ein del som snakkar om "ekte kantarellar". No er alle dei "ekte" soppene ute av artsnamneleksikonet. Ordet *kantarell* kjem frå latin *Chantarellus*, det er avleidd frå gresk *kántharos* som tyder "lite beger". Tar me ein titt på *kantarellane* liknar dei små beger. Namnet har me fått frå fransk via svensk *chanterelle* (Eckblad, 1994). Mange av dei europeiske språka bruker ei eller annan form av det latinske *Chantarellus* på sine nasjonalspråk som artsnamn. Det var den svenske mykologen Elias Fries som ga soppen det latinske namnet i 1821, derifrå kom det inn i svenske soppbøker og så vidare til Noreg. I soppboka til Smitt (1863) finn me soppnamna *brandgul kantarell* for *falsk kantarell* og *ätlig kantarell* for *kantarell*. I 1936-lista til Nyttevekstforbundet er *brandgul kantarell* ført opp saman med *ekte kantarell*. I dag finn du verken *ekte kantarell* eller *brandgul kantarell* blant dei faglege norske soppnamna.

*Kremle* er eit anna kjent matsoppnamn som kjem frå Sverige. Ordet skal ha slavisk opphav og tyde noko slikt som "liten tykk ting", og dei fleste *kremlane* er litt tykke, i alle fall samanlikna med flugesoppar og andre skivesoppar. Det vitskaplege slektsnamnet for *kremler* er *Russula* og det tyder "raudaktig", *kremlane* er ei fargerik slekt, mange av dei er raude. Det var Elias Fries som kalla slekta *Russula* for *kremla* på svensk i 1860. Tidlegare kalla han dei for *sprödling*. Eit anna svensk namn som blei brukt var *kremling* (Eckblad, 1994). *Kremlane* har sprøtt soppkjøt, så *sprödling* er ikkje noko dårleg namn. På dansk heiter slekta *skørhatte*. Eg finn ingen *kremler* i norske botanikk- eller soppbøker før på slutten av 1800-talet. På side 80 i Dietrichsons *Lærebog i Botanik til Skolebruk* frå 1871 finn eg det første treffet på *kremle*. Ut i frå beskrivinga er det *giftkremle* Dietrichson skriv om. Denne læreboka i botanikk har ikkje med vitskaplege namn på artane. *Kremlen*namnet har Dietrichson henta frå svensk sopplitteratur. I 1860-68 ga Elias Fries ut eit stort plansjeverk "Sveriges ätliga och giftige svampar" og i 1864 kom ei lita soppbok frå Sverige til Noreg, det var Smitts "Skandinaviens

förnämsta ätliga och giftiga svampar" (1867) med fargeplansje. Her finn me kremlenamnet. Kremlenamnet slo gjennom i Noreg tidleg på 1900-talet og i 1936 hadde me 25 norske soppnamn med *kremle* som siste ledd. I dag har me rundt 130 ulike faglege norske soppnamn som ender på *kremle*. Det er mogleg med ein del innsats å bestemme 20-30 av desse artane i skogen, utan verken lupe eller mikroskop, men så blir det vanskeleg, sjølv for specialistane. Det speglar seg i artsnamna i kremleslekta. Me har sjølv sagt ei *vrangkremle*, det er ei kremle som er vanskeleg å bestemme. Og me har *falsk fagerkremle*, *falsk sildekremle* og *narrevinkremle*. Olav Sopp kalla kremlene for *skjørhatt* (Sopp, 1907). Det er eit godt namn, det er jo soppar med ein utprega hatt, og soppkjøtet er tydeleg skjørt eller sprøtt. I folkespråket har sopp blitt kalla slike ting som *trollhatt* og *paddehat*, så "hatt" som primærnamn er en god idé. På dansk heiter kremlene *skørhatt*, medan på norsk og svensk er det *kremle/kremla*. I soppboka si har Olav Sopp med tre ulike kremler; *den grønne skjørhatt*, *den røde skjørhatt* og *den stinkende skjørhatt* (Sopp, 1907).

*Musserong* kjem frå fransk, tydinga er usikker, og truleg har me fått det gjennom svensk. Ordet *musserong* er i slekt med det engelske ordet for hattesoppar, nemleg *mushroom*. Det er foreslått fleire tolkingar, frå fransk "mousseron" som kan ha tydinga "mose", noko mjukt og floset, eller fransk "mouche" som tyder "flue". Latinsk "mucus" som tyder slimet er òg nemnd (O'Reilly, 2016, s. 12). Namnet dukkar opp i norsk sopplitteratur på 1860-talet, i etterkant av Fries og Smitt sine soppbøker på same måten som kremlenamnet. *Musserongane* er etter kvart blitt ei stor slekt, frå eit namn, *den lækre musseron* Rasch si bok "Vore beste spiselige Soppar" i 1869 (Rasch, 1869) til 21 *musserongartar* i 1936, og i dag har me kring 50 soppnamn som endar på *-musserong*. I byrjinga brukte ein *musserong*-namnet berre om *vårmusserong* eller *vårfagerhatt*. I Sverige heiter familien *musserong* og på dansk *ridderhatte*.

Det er to innlånte soppnamn som er i bruk, men som ikkje står i listene til Sopp og nyttevekstforeningen eller i Artsdatabanken. Det er *matsutake* og *chaga*, dei offisielle faglege norske soppnamna er *kransmusserong* og *kreftkjuke*. *Matsutake* er eit japansk ord som tyder "furusopp" og *chaga* tyder berre "sopp" på eit språk som blir snakka vest for Ural-fjella. *Matsutake* er kjend av di han konkurrerer med trøffelen om å vere verdas mest kostbare sopp. *Chaga* er godt kjend i media på grunn av dei helsebringande eigenskapane som ifølge enkelte Facebooksider er reint ut magiske og som ein kan kjøpe for ein ganske stiv pris. Begge desse soppnamna er kjende via media. Det er internasjonale namn som kan hende vil presse seg inn på Artsdatabanken sine namnelister etter kvart.

Dei eldste innlånte soppnamna, *morkel* og *sjampinjong*, har me henta frå fransk, dei kom inn kjøkkenvegen på 1700-talet. På slutten av 1800-talet henta me soppnamna *kremle*, *riske*, *musserong*

og *kantarell* frå svensk. Sverige var ein autoritet både naturfagleg, økonomisk og politisk i Noreg på denne tida. I dag oppfattar me alle desse lånorda som gode gamle sopppamn.

#### 4.3.3 Omsetjingar

Eit av råda til Artsdatabanken er at namngjevingskomiteane kan sjå på artsnamna til nabolanda når dei skal lage nye namn. Og som me har sett var det slik dei gjorde det på slutten av 1800-talet då me fekk mange artsnamn frå svensk, men òg frå eit felleseuropeisk artsnamneleksikon. Det kan vere vanskeleg å vite kva for sopppamn som er omsett frå kva for språk. Flugesoppen til dømes heiter "flugesopp" på nasjonalspråka i store deler av Europa. Det vitskaplege namnet på *flugesopp*, *Amanita muscaria*, tyder "flugesopp", Linné ga soppen *muscaria*- (=fluge) namnet i 1753. Men me har kjelder som omtalar flugesopp allereie på 1200-talet (Magnus A. , 1256), så då kan me sjå for oss at flugesoppen har hatt eit folkeleg namn som tyder akkurat det, så er det blitt omsett til latin og så omsett vidare til norsk.

Det same trur eg kan gjelde sopppamnet *judasøyre*. Det er ein sopp som liknar på eit øyre, han veks på svarthyll, og det heiter seg at Judas hengde seg i eit slikt tre etter sviket mot Jesus. Både på latin og i mange nasjonalspråk heiter soppen *judasøyre*. På engelsk heiter han *Jew's ear*, noko som kan ha skuld i ei feil omsetjing av namnet på 1500-talet (Oxford Dictionaries, 2019). Både *flugesopp* og *judasøyre* er sopppamn som er komen til oss frå kontinentet, sannsynlig via Sverige. Det er namn frå mellomalderen som blei fanga opp og sett om til latin då dei vitskaplege namna blei laga. Det er sannsynleg at dei blei omsett frå nasjonalspråk til latin, deretter til svensk og vidare til norsk og på den måten blitt ein del av det norske sopppamneleksikonet.

flugesopp > *Amanita muscaria* > raud flugesopp

Når artsnamnet *grå ringlaus flugesopp* blei for langt, det har tre ord, blei det bygd om til *grå kamflugesopp*. Sopppamnkomiteen henta inspirasjon frå dei andre skandinaviske språka då dei gjorde denne endringa. Dermed slo dei to fluger i ein smekk, dei fekk eit kortare namn og dei fekk eit namn som harmonerer med nabospråka, begge deler er anbefalt av Artsdatabanken.

Tradisjonen med å vende seg til naboland for inspirasjon når artar skal få namn har halde seg opp til våre dagar. Enkelte kremler har til og med fått namn henta frå finsk, slik som *tomatkremle*. I Finland er det ein levande sopptradisjon og sopppamnkomiteen har hatt finsk språkkompetanse.

Soppartane får vanlegvis først eit vitskapleg namn etter dei reglane som står i koden, med slektsnamn først, deretter artseppet. Av og til er det vitskaplege namnet basert på eit folkeleg namn i eit folkespråk slik tilfellet er med flugesopp. Men i dei fleste tilfella har dei som har skildra sopparten

kome opp med eit nytt vitskapleg namn, eit nytt epitet. Det kan vere ulike namngjevingsmotiv som ligg til grunn for det vitskaplege namnet; utsjånad/form, eigenskapar, lukt, funnstad eller det kan vere eit entonym. I ein del tilfelle tyder det vitskaplege namnet det same som det norske namnet, slik det er med nokre av dei eldre soppnamna og slektsnamna *flugesopp*, *kantarell*, *judasøyre* og *morkel*. I nokre av dei nyare soppnamna, slike som *røyskattkremle*, *Russula mustilina*, er det norske faglege soppnamnet omsett direkte frå det latiniserte epitetet. Det norske slektsnamnet *kremle* er sisteledd og som forledd er brukt ei omsetjing til norsk av det latinske epitetet, *mustilina* tyder røyskatt. Det er mange slike døme der det semantiske innhaldet i slektsnamnet ikkje samsvarar, men der forleddet i det norske artsnamnet samsvarar med det latinske epitetet. Det kan òg vere motsett, at slektsnamnet samsvarar mens epitetet og forleddet har ulikt semantisk innhald.

Eit av dei soppnamna eg har undra meg over er *uventa slørsopp*, *Cortinarius inexpectatus*. Det som er uventa med denne soppen er at han kjem om våren, ikkje om hausten slik det er med dei andre slørsoppene. Heile det norske artsnamnet samsvarar med det vitenskaplege; *cortinarius* = slør, gardin, *inexpectatus* = uventa. Det er eit norsk faglege soppnamn som er omsett frå det vitskaplege soppnamnet. Tabell 10 syner nokre faglege norske soppnamn som er omsett frå vitskaplege namn i ulik grad.

Tabell 10: Omsetjingar frå vitskaplege namn

	Vitskapleg namn	Faglege norsk soppnamn
Heile det vitskaplege artsnamnet er omsett	<b><i>Cortinarius inexpectatus</i></b>	<b><i>uventa slørsopp</i></b>
Heile eller deler av slektsnamnet er omsett	<b><i>Cortinarius multiformis</i></b>	<b><i>vrangslørsopp</i></b>
Heile eller deler av artsepitetet er omsett	<b><i>Russula mustilina</i></b>	<b><i>røyskattkremle</i></b>

Eg har ikkje heilt gløymt det norske dialektordet *fisesopp*, det samsvarar til dels med det vitskaplege slektsnamnet *Lycoperdon* – som tyder "ulvefis". Gunnerus skriv at det norske namnet er *Fiissop*;

CXLIII [143]. *Lycoperdon Bovista* [*Bovista* spp., eggørøysopper], avrundet og sprekkar frynsete opp. På norsk *Fiissop*. Vokser overalt i månedene august og september. Pulveret stanser blodet i avrevne årer og leger sår. (Jørgensen, Weidemann, & Fremstad, 2016, s. 118)

Ein kan tenke at det vitskaplege latiniserte namnet opphavleg er eit felleseuropeisk soppnamn slik tilfellet er med *flugesopp*, men at ein fann det meir høveleg å kalle soppen *røysopp* på norsk.





*Phallus impudicus*, stanksopp  
Foto: Barb Lamprecht Wang

Eit anna vitskapleg soppnamn som heller ikkje er omsett til norsk, er *Phallus impudicus* som tyder noko slikt som "uanstendig penis", eit folkeleg soppnamn på dansk har vore "præstepik". Og når eg ser denne soppen i skogen eller på eit bilete, kan eg nok tru at slike namn har vore i omløp i Noreg òg, utan at det er dokumentert. Gunnerus nemner denne sopparten, han kalla han *Falske Morkler*, og det er kan hende ikkje så rart, han liknar litt på ein morkel.

CCCXLVI [346]. *Phallus impudicus* [*Phallus impudicus*, stanksopp], stillet, med slirer og kamret hatt. På norsk *Falske Morkler*. Vokser på Ladehammeren der den ble samlet i måneden august i 1765. Den tilskrives kjønnsdriftsstimulerende og urindrivende kraft. Inntatt i for store mengder virker den abortfremkallende ifølge enkelte, mens andre benekter det ifølge Gled. (Jørgensen, Weidemann, & Fremstad, 2016, s. 195)

Det er nokre geografisk orienterte soppnamn der det norske artsnamnet samsvarar med det vitskaplege artsnamnet. Nokre entonym er òg bygd opp slik.

- *katalansk rødspore* - *Entoloma catalaunicum*
- *osloslørsopp* - *Cortinarius osloensis*
- *Sigmunds vannprik* - *Semisphaeria sigmundii*

I det heile tatt er det fleire av dei vitskaplege namna som har epitet som refererer til namn eller geografisk stad enn det er norske artsnamn som gjer det same. I forordet til Norske Soppnavn skriv komiteen at dei ikkje har "[...] fått særlig gehør for navn av typen Christinas topphatt og Roys rødskevessopp [...]" (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011, s. 10). Entonym som soppnamn er med andre ord ikkje anbefalt av Artsdatabanken.

Det fleire entonym blant dei vitskaplege namna enn blant dei norske. Slike namn seier ikkje så mykje om arten, og fungerer dermed ikkje så godt pedagogisk, særleg ikkje om det blir mange av dei. Det er kan hende ikkje så farleg med entonym, eller VIP-namn, i dei vitskaplege namna, sidan folk flest ikkje skjønner innhaldet i namnet likevel. Men på norsk er det ein fordel at artsnamnet er til å forstå.

Den norske mykologen Gro Gulden har to soppartar kalla opp etter seg i dei vitenskaplege soppnamna, berre eit av dei er omsett til norsk.

*Mycena guldeniana* – Gros hette

*Tricholoma guldeniae* – broket musserong

#### 4.3.4 Kombinasjonar av lån og omsetjingar

Lånord og omsetjingar frå mykologiens barndom blir ofte brukt som slektsnamn. Etter kvart som ein har forska på slektene, funne og skildra nye soppartar treng ein fleire artsnamn. Løysinga blir då å byggje ut slektsnamna og la desse danne etterleddet i artsnamnet. På 1800-talet var *flugesopp* til dømes eit kjend soppnamn, no heiter soppen *raud flugesopp* og han har slektningar som *kvit flugesopp*, *grøn flugesopp* og *panterflugesopp*. Forleddet blir brukt til å skildre soppen og det er først og fremst makromorfologiske trekk som er inspirasjon.

Eit anna døme er *riske*, i Rasch si soppbok frå 1869 nemner han *Risken eller den gulmelkede Sop*. Dei riskene som har gul mjølkesaft er gode matsoppar, så dei blei kalla *matriske*. Etter kvart fann dei ut at det var snakk om to artar, den eine veks med furu og den andre med gran. Då får me namna *furumatriske* og *granmatriske*. Eg kan illustrere utviklinga av riske-namnet slik:

Risken/den gulmelkede Sop > matriske > furumatriske  
> granmatriske

Dei soppnamna me har i dag er stort sett fleirledda og eit resultat av utbyggingar, ombyggingar og nylagingar. Resultatet blir soppnamn som ulike kombinasjonar av arveord, lånord, omsetjingar og nylagingar. Tabell 11 på neste side syner nokre døme på dette.

Tabell 11: Fleirledda soppnamn, opphav

	Arveord	Lånord	Omsetjing	Nylaging, utbygging/ombygging
<i>knivkjuke</i>	X			
<i>furumatriske</i>		X		X
<i>kantarell</i>		X	X	
<i>potetrøyksopp</i>	X			X
<i>Gros hette</i>				X
<i>fiolgubbe</i>				X
<i>røyskattkremle</i>		X	X	
<i>falsk sildekremle</i>		X		X
<i>satansopp</i>	X		X	

#### 4.3.5 Oppsummering og drøfting

Talet på norske soppnamn har auka enormt. Opphavet til dei faglege norske soppnamna er folkelege soppnamn, lån, omsetjingar og nylagingar. Det var ikkje så mange norske soppnamn i folkespråket på 1800-talet og då ein skulle arbeidde ut eit fagleg soppnamneleksikon til vitskapleg bruk, blei løysinga å låne ord frå andre språk, eller setje om vitskaplege soppnamn til norsk. På 1700-talet lånte me ord frå kontinentet og på 1800-talet frå Sverige. Soppnamna frå 1900-talet er for ein stor del utbyggingar og ombyggingar, dessutan omsetjing frå vitskaplege soppnamn.

Det er sjølvstendig vanskeleg å ha full oversikt over soppnamn som er ganske like på dei skandinaviske språka, kven hadde namnet først? Eg har fleire gonger vore inne på at me i Noreg har henta mange av våre soppnamn frå Sverige. Det gjer meining. I Sverige hadde dei på 1800-talet nokre av dei fremste biologane og mykologane i Europa, nemleg Peerson og Fries, og me var i union med Sverige. Noreg fekk sitt første universitet i 1811, og først i 1861 fekk *Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet* sjølvstendig status. Det er ikkje så underleg at me lærte frå svenskane, me var i union og dei hadde kompetansen. Sopplitteraturen stør denne påstanden, etter at Fries og eit par år seinare Smitt, kom ut med sine soppbøker på slutten av 1800-talet, kjem det ut bøker på norsk som bruker dei svenske namna og dei same plansjane. Forfattarane av desse soppbøkene refererer til Fries og Smitt. Det kan ikkje vere tvil om me har henta grunnstammen av soppnamna våre frå svensk.

Islandske soppnamn er spanande lesing, det kan sjå ut som om islendingane lagar namna som dei sjølv vil, dei låner ikkje eller set om ord sånn heilt utan vidare. Dei har laga nokre gode og talande soppnamn. Sjå berre på desse døma;

- *beitesjampinjong – tunkempa*
- *kjemperøyksopp – jötungíma*
- *pærerøyksopp – mjukfísi*
- *raud flugesopp – berserkjasveppur*
- *kamfluesopp – gráserkur*

(Floraislands, 2019)

*Kantarell* er *kantarella* på islandsk, som dei fleste andre stader. På Island er dei ikkje så blyge som oss, der bruker dei namnet *Físiveppur* som slektsnamn for røyksopp. På norsk er *fisesopp* eit soppnamn som har levd godt i ulike dialektvariantar over heile landet mykje lengre tilbake i tid enn me kan dokumentere, no er dette soppnamnet mest borte, men på islandsk finn me det altså att. Når islendingane kallar *raud flugesopp* for *berserkjarsveppur* byggjer dei på ei myte om at vikingane rusa seg på flugesopp og at dei på den måten kunne "gå berserk". Det finst ingen belegg for at nokon germanar i eldre tid har rusa seg på sopp. Så sjølv om det er eit morsomt og eggande namn er det ikkje sikkert det er eit godt namn, det er vel heller villeiande, det styrker ei myte som ikkje har rot i verkelegheita.

Det er mange fordelar med å ha eit mest mogleg eins soppnamneleksikon over landegrensar. Det gjer det lettare å kommunisere med kvarandre. Artsdatabanken anbefalar at ein hentar inspirasjon frå naboland når ein skal lage norske artsnamn. Det er klart ein fordel dersom ein i dei nordiske landa har mest mulig eins soppnamn.

Når eg ser kjapt på dei engelskspråklege artsnamna, kan det sjå ut som om dei er meir villige til å bruke dei vitskaplege/latinske artsnamna som dei er, eller bruker delar av dei. Det kan ha samband med at engelskspråklege kjenner seg nærare til latin enn norskspråklege, eller det kan vere fordi me har jobba meir systematisk med norske soppnamn i Noreg av ideologiske årsaker. I engelsk sopplitteratur er det oftare gitt opp fleire engelske artsnamn på same arten. I 2005 blei det danna ein komité (a working party) som skulle arbeide med engelske namn på sopp. Det ligg ute til høyring ei liste over engelske triviale namn på sopp, høyringa stenger i juli 2020 (British Mycological Society). I Noreg hadde me ein slik komité allereie i 1936. Alle dei skandinaviske landa har eit system for nasjonalspråklege artsnamn på storsoppar, det kan verke som om me er kome lenger når det gjeld å utvikle einheitlege nasjonalspråklege soppnamneleksikon.

Det er krevjande å forstå dei vitskaplege namna, men gjer ein det får ein del i ein namnerikdom som aukar forståinga for artane. Det er mange sær gode namn blant dei. Til dømes *Flammulina velotipes* som tyder noko slikt som "flammande fløyelsføter", det er nett slik soppen ser ut, han er oransje og stilken har eit slags mørkt fløyelsbelegg nedst. På norsk heiter soppen *vintersopp*, av di han kjem fram om vinteren, og det er det ikkje så mange soppar som gjer. Det er gode namn båe to,



Vintersopp, *Flammulina velotipes*  
Foto: Barb Lamprecht Wang

dei utfyller kvarandre. Det kunne ha vore ei løysing å setje om det latinske namnet til norsk, og på den måten få meir heilskap og internasjonal tilnærming i namneleksikonet. Soppen kunne heitt *flamme-fløyelsfot*, men det blir eit langt og fonetisk vanskeleg namn, *vintersopp* ligg betre i munnen, og i Noreg det er meir spesielt at ein sopp veks om vinteren enn at han har fløyelsføter. Så i dette tilfellet tykkjer eg *vintersopp* som fagleg norsk soppnamn er betre enn ei omsetjing.

*Boletus satanis*, på norsk *satansopp*, er omsett frå det latinske epitetet og *-sopp* er nytta som sisteledd. Det er ein røyrsopp, og dei har alle *-sopp* som sisteledd. *Satansopp* er eit namn som fungerer godt både på latin og norsk, det er tross alt ein giftig sopp.

Eg finn ikkje noko mønster i namneleksikonet når det gjeld omsetjingar frå dei vitskaplege namna, det kan sjå ut som om dei har blitt omsett til norsk når det passar slik, men har namnekomiteen eit anna godt alternativ kan sopparten like

godt bli heitande det. Slik tilfellet er med entonyma.

Eit døme på tilfeldig omsetjing er dei to kremleartane *Russula puellaris* og *Russula puellula*, begge har latinske epitet som har med "unge jenter" å gjere. Dei norske namna er *frøkenkremle* og *gulnande bøkekremle*. I det første tilfelle er det vitskaplege epitetet *puellaris* (adjektiv: puella + aris) som tyder "jenteaktig" omsett til "frøken", i det andre tilfelle har namngjevaren konstruert eit heilt nytt namn ut i frå to andre eigenskaper denne kremla har, nemleg at ho gulnar og at ho veks med bøk.

## 4.4 Innhald

Når eg skal undersøke innhaldet i soppnamna kjem eg inn på det vesentlege med namna, dei tyder noko! Det er meininga, og Artsdatabanken anbefaler slike namn. Eg har vore inne på at kallenamn blir laga omtrent på same måten som artsnamn, og jo meir treffande eit kallenamn er jo meir vellukka er det. Slik er det med soppnamna òg.

Måten det blir gjort på minner om måten me lager stadnamn på, me bruker ord som skildrar spesielle trekk ved staden og set dei saman til eit namn som seier noko om staden. På heimlassen min, Tinnheia i Kristiansand, har me til dømes *Ledningedalen* som er ein dal det er strekt fleire straumkablur i, det er ikkje noko problem å skjøne kvar det er, det er ein dal med straumledningar. Når du finn ein *dyster korallsopp* er det ein sopp som ser ut som ein korall og fargen er dyster, kan hende gråbrun-aktig. Det er viktig å lage gode namn på artane, kanskje først og fremst av pedagogiske omsyn. Namna gjev artane identitet og kunnskapen blir materialisert i språket og dermed verande. I møte med noko nytt, ein ny soppart til dømes, vil me bruke det me kan frå før og sansane våre når dette nye skal beskrivast.

Når eg har undersøkt det semantiske innhaldet i soppnamna har eg sortert etter:

- makromorfologiske trekk
- mikromorfologiske trekk
- entonym
- metafor

Eg har til ein viss grad kvantifisert funna. Soppnamna har i regelen to eller fleire ledd, når eg kvantifiserer soppnamna er det det første leddet eg har talt. Slik at *hagehonningsopp* kjem med under makromorfologiske trekk, veksestaden er hagar. Det er ein metafor i namnet òg, nemleg *honning-*, men sidan eg har konsentrert meg om førsteledda blir ikkje dette soppnamnet telt med som metafor i denne teljinga. Soppnamna har oftast fleire motivasjonar, og fleire ledd. I tabellane er det forleddet eg tel. Det er ikkje ei fullstendig analyse av det semantiske innhaldet, men det kan vise noko om tendensar.

#### 4.4.1 Makromorfologiske trekk – direkte skildring av sopparten

Ein kan beskrive sopp ut frå makromorfologiske trekk, det vil seie det me kan sanse. Soppen har ein bestemt farge, han har ei spesiell lukt, han kjem på ei viss årstid, han veks saman med bestemte treslag og så vidare. Desse observasjonane motiverer namnet. Dersom namna er gamle eller lånt direkte frå eit anna språk kan dei vere vanskeleg å tyde. Dei nyare namna er oftast transparente på ein heilt annan måte. Eg har tidlegare skrive om både norske arveord og lånord i samband med soppnamn, desse er ikkje så transparente og ein må ty til ulike kjelder for å tolka namna. Langt dei fleste soppnamna er frå moderne tid, og dei er lettare å tyde.



Liten klubbesopp, *Clavariadelphus ligula*  
Foto: Benthe Skrøvje

Desse trekka med soppen kan kome fram med å bruke eit adjektiv, substantiv eller verb som forledd for å skildre soppen på ein direkte måte. Dei makromorfologiske trekka eg har kategorisert etter er:

- konsistens, utsjånad
- farge
- lukt og smak
- voksestad
- verknad, eigenskap
- bruk

Eg har til ein viss grad kvantifisert funna når det gjeld innhald, mest for å kunne seie noko om styrkeforholdet mellom dei ulike namngjevingsmotivasjonane. Eg har brukt førsteleddet når eg kvantifiserer, men det er helst fleire ledd i soppnamna, og ulike motivasjonar ligg til grunn. Når eg ser på dei makromorfologiske trekka i dette kapitlet er det direkte skildringar. Metaforar kan godt seie noko om slike trekk, dei kjem ikkje fram i desse tala.

#### *Konsistens/utsjånad*

I soppriket finn du mange ulike fasongar, soppene kan vere store, små, slanke, spisse, sprøe, seige, slimete eller rynkete. Adjektiv høver godt til å skildre korleis ein sopp ser ut, og mange av soppnamna har slike adjektiv som førsteledd slik tabell 12 på neste side syner.

Tabell 12: Makromorfologiske trekk, adjektiv

Beskrivar/forledd	Tal	Døme
<i>stor</i>	53	<i>stor parasollsopp</i>
<i>liten</i>	29	<i>liten eikekremle</i>
<i>små</i>	21	<i>småsporet skogrøyksopp</i>
<i>spiss</i>	12	<i>spiss giftslørsopp</i>
<i>rynket/rynke</i>	9	<i>rynket klokkekorkel</i>
<i>glatt</i>	8	<i>glatt muslingsopp</i>
<i>lodden/lodne</i>	8	<i>lodden kvitriske</i>
<i>dyster</i>	6	<i>dysterhette</i>
<i>seig</i>	5	<i>seig kusopp</i>
<i>sleip</i>	5	<i>sleip jordtunge</i>
<i>rund</i>	4	<i>rundmorkel</i>
<i>smal</i>	4	<i>smal soppklubbe</i>
<i>slank</i>	4	<i>slank slimslørsopp</i>
<i>flat</i>	4	<i>flatkjuke</i>
<i>grov</i>	3	<i>grov styltesopp</i>
<i>lut</i>	3	<i>lutvranghette</i>
<i>mjuk</i>	3	<i>mjuk muslingsopp</i>
<i>stutt</i>	3	<i>stutt slørsopp</i>
<i>elegant</i>	2	<i>elegant oransjebeger</i>
<i>lurvet</i>	2	<i>lurvebeger</i>
<i>tett</i>	2	<i>tettkremle</i>
<i>skjør</i>	2	<i>skjørkremle</i>
<i>flosset</i>	1	<i>flosset slørsopp</i>
<i>greinet</i>	1	<i>greinet knippesopp</i>
<i>polert</i>	1	<i>polert raudspore</i>
<i>rank</i>	1	<i>rank korallsopp</i>
<i>sprø</i>	1	<i>sprø olivenkremle</i>
<i>tørr</i>	1	<i>tørr fleinsopp</i>
<i>ustripet</i>	1	<i>ustripet kastanjemusserong</i>
sum	189	

Eit substantiv som førsteledd kan beskrive soppa på ein direkte måte. *Tægersopp* har til dømes tæger, eller tynde "røter". Dei aller fleste av soppnamna som byrjar med eit substantiv er metaforiske, og det kan vere vanskeleg å skilje mellom ein metafor og eit beskrivande substantiv. Er førsteleddet i *kransmusserong* ein metafor, eller er det eit beskrivande substantiv? Eg har valt å tolke det som ein metafor. *Knippe* har eg tolka som eit beskrivande substantiv. Andre substantiviske forledd kan seie noko om veksestad eller eigenskapar. Tabell 13 syner soppnamn med eit direkte beskrivande substantiv.



Tabell 13: Makromorfologiske trekk, substantiv

Beskrivar/forledd	Tal	Døme
<i>knippe</i>	5	<i>knippesprøsopp</i>
<i>prakt</i>	5	<i>praktkjuke</i>
<i>pryd</i>	3	<i>prydslørsopp</i>
<i>lamell</i>	2	<i>lamellkjuke</i>
<i>vidunder</i>	1	<i>vidunderkransauge</i>
sum	16	

### Farge

Soppriket er fargerikt. Det kan ein godt skjønne berre med å lese namna, og nokre av dei mest kjende soppene, nemleg flugesoppene har fått ein farge med i namnet; *raud flugesopp*, *gul flugesopp*, *brun flugesopp*, *grøn flugesopp* og *kvit flugesopp*. Dette er soppnamn me har hatt med oss i lang tid. Det er ein sterk tradisjon med å la ein farge vere ledd i namnet. Dei eldste soppnamna har ofte berre med ein farge. Mange av dei latinske epiteta har med farge å gjere, og me må tru at enkelte av desse artsnamna med farge er omsetjingar av vitskaplege namn.



Oransjebeger, *Aleuria aurantia* Foto: Benthe Skrøvje

Tabell 14 syner ei oversikt over bruk av farge i førsteleddet. Det er talet på faglege norske soppnamn der ein farge er med som beskrivar/forledd som kjem fram i tabellen.

Tabell 14: Soppnamn med farge som forledd

Beskrivar/ forledd	Tal	Døme
<i>samansette farger</i>	90	<b>oransjebrun</b> blekksopp, <b>raudbrun</b> grynhatt
<i>gul</i>	51	<b>gul</b> eikeriske, <b>gulfnokket</b> paraplyhatt
<i>kvit, kvitt</i>	49	<b>kvit</b> tømmerkjuka, <b>kvitkjuka</b>
<i>grå</i>	42	<b>grå</b> kamflugesopp <b>gråskrubbe</b>
<i>brun</i>	36	<b>brun</b> sildekremle, <b>brunriflet</b> munkehatt
<i>svart</i>	34	<b>svart</b> trompetsopp, <b>svartgubbe</b>
<i>raud</i>	24	<b>raud</b> flugesopp, <b>raudfotslørsopp</b>
<i>rosa</i>	22	<b>rosa</b> sumphette, <b>rosakøllesopp</b>
<i>grøn</i>	19	<b>grøn</b> raudspore <b>grøntunge</b>
<i>oliven</i>	18	<b>oliven</b> kamflugesopp
<i>oransje</i>	17	<b>oransje</b> blodrøysopp <b>oransjebeger</b>
<i>lilla</i>	17	<b>lilla</b> paraplyhatt <b>lillaskivenavlesopp</b>
<i>oker</i>	13	<b>okerkragesopp</b>
<i>fiolett</i>	10	<b>fiolett</b> kremle <b>fiolettkanthette</b>
<i>blå</i>	10	<b>blå</b> brunpigg
<i>purpur</i>	3	<b>purpurslørsopp</b>
<i>beige</i>	1	<b>beige</b> grynmusserong
	482	

Me har òg fargemodifiseringar som lys, mørk, bleik:

Tabell 15: Soppnamn med fargemodifiseringar som beskrivar/forledd

Beskrivar/ forledd	Tal	Døme
<i>mørk</i>	39	<b>mørk</b> mjølhatt <b>mørkeblå</b> raudspore <b>mørkhåret</b> lurvebeger <b>mørknande</b> reddiksopp
<i>bleik</i>	34	<b>bleik</b> flathatt <b>bleikgul</b> kremle
<i>lys</i>	10	<b>lys</b> ospeslørsopp <b>lysfiolett</b> slørsopp
sum	83	

I tillegg kjem ulike fargemetaforar som: *isabella, krem, ametyst, sot, laks, messing, sitron, svovel, honning, fiol, blåbær, rose, rosen, indigo, gull, sølv, kanel, iris, ild, porfyr, krit, mønje, gull, sølv, karmin*. Dei har eg tatt med under metaforar, dei er ikkje ei direkte skildring av sopparten.

### Lukt og smak

Dei fleste soppar lukter noko, og nokre stinkar rett og slett. Å studere sopp er verkeleg ei sanseleg oppleving. Det er elleve faglege norske soppnamn som har *stank-* som forledd i artsnamnet, *stankkvitkjuke, stankkremle, stankmusserong, stanknarrevokssopp, stankparasollsopp, stankridderhatt, stankrødspore, stankseigsopp, stanksopp, stanktrøffel* og *stankvokssopp*. Andre soppar lukter betre og får namn med *duft-* som forledd, *duftbrunpigg, duftdvergknoll, duftkjuke, duftknollsliresopp, duftkorallsopp, duftkremle, duftlærhatt, duftreddiksopp, dufttriske, duftskinn, duftskorpe, duftslørsopp, duftsprøsopp, duftsvovelriske, dufttrevlesopp* og *duftvokssopp*.

I tillegg kjem soppnamn som har ei bestemt lukt eller smak som førsteledd, det er slike som *anisslørsopp, mjølsopp, reddikslørsopp* og *honningslørsopp*.

Tabell 16: Soppnamn med lukt eller smak som beskrivar/forledd

Beskrivar/forledd	Tal	Døme
duft	17	<i>duftslørsopp</i>
stank	11	<i>stankkremle</i>
skarp	9	<i>skarp frøkenkremle</i>
bitter	9	<i>bittermusserong</i>
besk	8	<i>besk røysopp</i>
mild	4	<i>mild gulkremle</i>
Sum	58	

Det er berre dei *milde* soppene som har noko i namnet som antyder at dei smaker godt. Det kan kjennes litt rart når ein set så stor pris på smaken til enkelte soppantar. Men tradisjonen for å ete sopp her i Noreg er veldig kort. Mange av dei artane som har fått norske namn på 1900-talet og fram til i dag, egner seg slett ikkje for matlaging.

### Voksestad

I skogane våre veks det mange soppar i lag med bestemte treslag, soppene forsyner trea med næringsstoffer, fordeler vatn og hjelper dei på andre måtar. Nokre soppantar kan vere i lag med mange ulike treslag medan andre er meir kresne. Andre soppantar er parasittar, dei er meir ei byrde for treet enn ein hjelpar. Mange av artane finn ein berre i området kring eit bestemt treslag, og det blir det namnestoff av. Svært mange soppnamn har eit treslag som førsteledd, det viser til at soppene

veks saman med dette treslaget. *Lerkesopp* veks til dømes berre saman med lerk, *furumatiske* kring *furutre*, *granmatiske* kring *grantre* og så vidare. Det er naturleg nok mange av desse namna.

Tabell 17: Soppnamn der beskrivaren/forleddet viser til treslag/plante

Beskrivar/forledd	Tal	Døme
<i>gran</i>	31	<b><i>granmatiske</i></b>
<i>eik</i>	31	<b><i>eikeriske</i></b>
<i>fur</i>	28	<b><i>furumatiske</i></b>
<i>osp</i>	20	<b><i>ospeskrubb</i></b>
<i>bøk</i>	18	<b><i>bøkekremle</i></b>
<i>bjørk</i>	16	<b><i>bjørkeslørsopp</i></b>
<i>vier</i>	15	<b><i>viersildekremle</i></b>
<i>selje</i>	12	<b><i>seljekjuka</i></b>
<i>hassel</i>	9	<b><i>hasselskrubb</i></b>
<i>bregne</i>	8	<b><i>bregnehette</i></b>
<i>einer</i>	7	<b><i>einerhette</i></b>
<i>lerk</i>	6	<b><i>lerkesopp</i></b>
<i>kastanje</i>	6	<b><i>kanstanjerøysopp</i></b>
<i>lønn</i>	5	<b><i>lønnkjuka</i></b>
<i>lyng</i>	5	<b><i>lyngslørsopp</i></b>
<i>rogn</i>	4	<b><i>rognekullsopp</i></b>
<i>barlind</i>	2	<b><i>barlindbarksopp</i></b>
<i>einstape</i>	1	<b><i>einstapeskorpe</i></b>
<i>edelgran</i>	1	<b><i>edelgranbeger</i></b>
sum	225	

Enkelte soppantar har fått namn etter kvar dei veks reint geografisk, *osloslørsopp* til dømes som er ein slørsopp som berre veks i Oslo-området. Me finn ganske mange slike døme både i dei vitskaplege og dei norske soppnamna, det er slike som *askerslørsopp*, *dovremorkel*, *dovreraudspore*, *finmarkvæpnerhatt*, *færøyraudspore*, *gotlandsslørsopp*, *grønlandsraudspore*, *kanadakjuka*, *svensk korallsopp*, *sørlandskjuka* og *trønderslørsopp*. Ulempa er sjølvstapt at slike sopp har ein tendens til å dukke opp andre stader enn der dei har fått namnet frå. Både *gotlandsslørsopp* og *færøyraudspore* er funnen i Noreg. Til saman finn eg 21 soppnamn som har eit stadnamn som førsteledd.

Tabell 18 syner nokre soppnamn med eit norsk stadnamn som forledd. Figuren syner kor soppen er funne. Informasjon om funnstader har eg henta frå Artsdatabanken.

Tabell 18: Soppnamn med stadnamn som forledd

Artsnamn	Omsett frå latin	Funne på staden i namnet	Funne andre stader i Noreg
<b>Askerslørsopp</b> , <i>Cortinarius xantho-ochraceus</i>	nei	ja	nei
<b>birislørsopp</b> , <i>Cortinarius camptoros</i>	nei	ja	i området
<b>dovremorkel</b> , <i>Helvella philonotis</i>	nei	ja	ja
<b>dovrerødspore</b> , <i>Entoloma viaregale</i>	nei	ja	nei
<b>osloslørsopp</b> , <i>Cortinarius osloensis</i>	ja	ja	nei
<b>svalbardrødspore</b> , <i>Entoloma svalbardense</i>	ja	ja	ja
<b>tjømehette</b> , <i>Mycena agrestis</i>	nei	ja	nei
<b>trønderslørsopp</b> , <i>Cortinarius russus</i>	nei	ja	ja
<b>sørlandskjuka</b> , <i>Ceriporiopsis subrufa</i>	nei	ja	nei

Soppnamn som byrjar med *lund-* er soppar som veks i sør. Soppnamn som byrjar med *polar-*, eller *nord-/nordleg* veks i nordområda. *Sørleg-* og *vestleg-* som forstaving er noko diffuse, *sørleg fløyelsrørsopp* til dømes er registrert med funn jamt fordelt over heile landet. *Austleg-* som forstaving er ikkje representert.

Tabell 19: Soppnamn med himmelretning som beskrivar/forledd

Beskrivar, forledd	Tal	Døme
<i>polar</i>	15	<i>polarrøyksopp</i>
<i>nord/nordleg</i>	10	<i>nordleg kantarell</i>
<i>sørleg</i>	2	<i>sørleg fløyelsrørsopp</i>
<i>vestleg</i>	1	<i>vestleg torvkløkkehatt</i>
sum	28	

Ei stor meng landskapstyper er òg representerte i forledda, der det viser til kor soppen veks. Sopp som har namn som byrjar med *sump* veks i fuktige område, og sopp som byrjar med *skog* veks i skogen.

Tabell 20: Soppnamn som har landskapstype som førsteledd

Beskrivar, forledd	Tal	Døme
<i>fjell</i>	31	<b>fjellsildekremle</b>
<i>sump</i>	20	<b>sumpkremle</b>
<i>myr</i>	17	<b>myrskrubb</b>
<i>sand</i>	15	<b>sandmorkel</b>
<i>taiga</i>	9	<b>taigakremle</b>
<i>hage</i>	8	<b>hagehonningsopp</b>
<i>strand</i>	7	<b>strandseigsopp</b>
<i>hei</i>	6	<b>heikanelslørsopp</b>
<i>kyst</i>	5	<b>kystslørsopp</b>
<i>skog</i>	5	<b>skogblekksopp</b>
<i>eng</i>	4	<b>engridderhatt</b>
<i>sti</i>	4	<b>stikremle</b>
<i>beite</i>	3	<b>beitesjampinjong</b>
<i>kratt</i>	3	<b>krattslørsopp</b>
<i>seter</i>	3	<b>seterrøyksopp</b>
<i>dal</i>	2	<b>dalkjuke</b>
<i>elve</i>	2	<b>elvehaustmorkel</b>
<i>fjord</i>	2	<b>fjordbarksopp</b>
<i>plen</i>	2	<b>plenklokkehatt</b>
<i>slåtte</i>	2	<b>slåtteraudsopore</b>
<i>park</i>	1	<b>parkkremle</b>
<i>skrent</i>	1	<b>skrentslørsopp</b>
<i>steppe</i>	1	<b>steppeløpekule</b>
<i>støl</i>	1	<b>stølsraudspore</b>
<i>trope</i>	1	<b>tropheette</b>
<i>tundra</i>	1	<b>tundraraudsopore</b>
<i>vei</i>	1	<b>veisjampinjong</b>
Sum	157	

Det er ein god del soppantar som er svært spesialiserte, dei veks til dømes berre på kongler, stubbar, der det har vore eit bål eller i kjellarar. Det kjem fram i namna. Eg har prøvd å skilje mellom landskapsområde i tabellen ovanfor og spesialisert veksestad i tabell 20 på neste side. Grensa mellom kva som er eit landskap og kva som er spesialisert veksestad kan vere vanskeleg å trekke. Er "gras" ein landskapstype eller er det ein spesialisert veksestad? Eg har sett "gras" som spesialisert veksestad, men "beite" og "slåtte" som landskapstypar.

Åmeklubber er ei spesiell slekt med tre faglege norske soppnamn, nemleg *kvit*, *grå* og *raud* åmeklubbe. Det er soppar som har spesialisert seg på å vokse på åmer, saftige sommerfugllarvar til dømes. Dei kjem ikkje med i denne tabellen i og med at dei har farge som førsteledd.

Tabell 21: Soppnamn som har spesialisert veksestad som beskrivar/forledd

Beskrivar/ forledd	Tal	Døme
<i>bål</i>	12	<b><i>båltussehatt</i></b>
<i>ved</i>	11	<b><i>vedalgekølle</i></b>
<i>mose</i>	9	<b><i>mosebeger</i></b>
<i>stubbe</i>	9	<b><i>stubblekksopp</i></b>
<i>torv</i>	9	<b><i>torvkøllesopp</i></b>
<i>bekk</i>	5	<b><i>bekkemorkel</i></b>
<i>aske</i>	4	<b><i>askeskål</i></b>
<i>bark</i>	4	<b><i>barkskål</i></b>
<i>snøleie</i>	4	<b><i>snøleieklokkehatt</i></b>
<i>kongle</i>	3	<b><i>konglehette</i></b>
<i>gras</i>	3	<b><i>grasfleinsopp</i></b>
<i>kjeller</i>	3	<b><i>kjellerkjuke</i></b>
<i>kompost</i>	3	<b><i>kompostblekksopp</i></b>
<i>kongle</i>	3	<b><i>konglehette</i></b>
<i>kol</i>	3	<b><i>kolbeger</i></b>
<i>tyri</i>	3	<b><i>tyrikjuke</i></b>
<i>barstrø</i>	2	<b><i>barstrøslørsopp</i></b>
<i>flis</i>	2	<b><i>flisåkersopp</i></b>
<i>badstove</i>	1	<b><i>badstovemusling</i></b>
<i>berg</i>	1	<b><i>berglakssopp</i></b>
<i>bråte</i>	1	<b><i>bråtesopp</i></b>
<i>famnved</i>	1	<b><i>famnvedsopp</i></b>
<i>gjødsel</i>	1	<b><i>gjødselringsopp</i></b>
<i>veksthus</i>	1	<b><i>veksthushorn</i></b>
<i>sville</i>	1	<b><i>svillesopp</i></b>
Sum	99	

Ein god del soppnamn syner kva for tid soppen fruktifiserar. Årstid er det vanlegaste, men me finn òg *flomklokkehatt* som syner seg etter ein flom.

Tabell 22: Soppnamn med beskrivar/forledd som peiker på årstid eller tidspunkt

Beskrivar, forledd	Tal	Døme
vår	21	<i>vårfagerhatt</i>
vinter	5	<i>vintersopp</i>
sommar	5	<i>sommarmunkehatt</i>
haust	2	<i>haustmyrhette</i>
flom	1	<i>flomklokkehatt</i>
døgn	1	<i>døgnblekksopp</i>
Sum	35	

Når eg samlar opp desse tala finn eg at 566 soppnamn har voksestad som førsteledd.

Tabell 23: Oppsummering voksestad

Voksestad	Tal
treslag, planter	225
landskapstype	157
spesifikk veksestad	99
stadnamn/geografi	50
tidspunkt	35
Sum veksestad	566

### Verknad – eigenskap

Ein del soppar er giftige og mange namn har fått med seg *gift-* i namnet. Til dømes *giftkremle* og *giftsjampinjong*. Desse to namna er ikkje så veldig populære blant soppfolk, det er fordi soppene ikkje er spesielt giftige og namna skremmer bort sopplukkarar. Giftkremla er til dømes ikkje meir giftig enn at ein kan smake litt på ho for å finne ut om det er rett art. Annleis er det med

*flatklokkehatt*, *sandmorkel*, *kvit flugesopp* og *grøn flugesopp*, dei er alle dødeleg giftige, og det kjem ikkje fram i namnet. *Butt-* og *spiss giftslørsopp* har gode namn, begge er dødeleg giftige og det kjem fram i namnet. Det er berre fem faglege soppnamn som har *gift-* som førsteledd.



Spiss giftslørsopp, *Cortinarius rubellus*  
Foto: Benthe Skrøve



Det er ingen av dei eldre soppnamna som antyder at ein sopp er giftig, men i ein kultur der sopp ikkje blei sett på som mat, var det ikkje så interessant om ein sopp var giftig eller ikkje. *Satansopp* er ein art som nesten alltid er med i sopplitteratur. Det er ein giftig sopp og det kjem fint fram i namnet, men han er ikkje funne i Noreg ennå. Ein kan spekulere på om det er det pirrande namnet eller om det er det at han er giftig som gjer at alle soppbokforfattarar tek med akkurat denne soppen.

Ein del soppar endrar farge med handtering, det er ein eigenskap. Slike soppar kan få beskrivar som raudnande, blånande, gulnande og svartnande. Det er 26 slike namn i Norske soppnavn (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011).

Det er ein mystisk sopp som har fått namn etter ein noko spesiell eigenskap, og det er *usynleg barksopp*, *Lobulicium occultum*. Eg har ikkje funne bilete av han til no, men det er ein barksopp og ein kan visstnok få ein glimt av han i regnver. Som ein kan sjå, samsvarar det norske og det latinske namnet, så namnet er nok omsett frå det vitskapleg namnet.

#### Bruk

*Knivkjuke* og *knuskkjuka* er av dei eldste soppnamna våre, dei har fått namn etter kva dei blei brukt til. Høeg nemner begge desse kjukene, i tillegg fortel han at *løpekule* hadde det ryktet på seg at han kunne få kyr til å "løpe", det vil seie at dersom dei ga kyrne soppen i maten ville dei snart vere klare for oksen og paring. *Blekkisopp* er kvit og fin som ung, som gammal blekker soppen seg og blir svart, seig og litt utflytande. Dette svarte slimet har blitt brukt til blekk, så kan hende kan me seie at *blekksoppen* har fått namnet sitt etter bruken. *Flugesoppen* blei brukt til å drepe fluger med, det er eit gammalt felleseuropeisk namn. *Kreftkjuka* er eit namn ein av og til kommer borti, det blir hevda at te eller tinktur frå denne kjuka kan kurere kreft, - og mykje anna. *Hyllekjuka* er ei ganske flat kjuke som kan gjere nytte som ei lita hylle om du spikrar han på veggen.

Det er ikkje så mange av denne typen, ganske enkelt av di sopp ikkje er blitt brukt til så mykje i vår kultur. Til saman seks soppnamn som viser til bruk i førsteleddet, *blekkisopp* og *flugesopp* er slektsnamn.

#### 4.4.2 Mikromorfologiske trekk

Etter kvart som artane har auka på, har namngjevarane måtte hente inspirasjon til namna frå andre karaktertrekk med soppene. Det finst til dømes ufatteleg mange små brune soppar, og dei skal ha gode namn som seier noko om dei. Namngjevarane har då i nokre tilfelle brukt mikromorfologiske karakteristika i namnet. Eit døme på det er *rombesporet raudspore*. Det er mogleg å finne ut av at

sporane er raude utan å måtte sjå i eit mikroskop, men for å sjå at dei er rombeforma må du bruke mikroskopet. Andre døme på slike artsnamn er *smalsporet sandbeger*, *stjernesporet barksopp* og *firesporet flathattsnylter*. Eg har funne 51 slike soppnamn i materialet.

#### 4.4.3 Entonym

Nokre artar har fått namn etter personar, slik som *Gros hette*, det er oftast ei historie knytt til eit slikt namneval, i dette tilfelle er arten kalla opp etter Gro Gulden. Artsdatabanken er ikkje begeistra for slike namn, då dei seier fint lite om sjølve sopparten.

Verken i Olav Sopp si soppbok frå 1907 (Sopp, 1907), eller i Nytteveksforeningens liste over norske soppnamn frå 1936, finn eg soppartar som er kalla opp etter personer. Dette er ein type namn som er av nyare dato når det gjeld dei faglege norske artsnamna. Linné brukte av og til slike entonym når han ga artar namn, og det er ein namnetradisjon som har halde seg godt fram til i dag når det gjeld vitskaplege artsnamn, og kan hende til og med blitt styrka og utvida. Denne tradisjonen frå dei vitskaplege namna har smitta over på dei faglege norske soppnamna, slik at me får soppartar kalla opp etter personar, oftast etter kjende mykologar.

Av dei kring 3000 norske artsnamna i 2011 finn eg 13 slike entonym, dei fleste har fornamn som første ledd i namnet, *Arnes hette*, *Evens nålehinne*, *Gros hette*, *Jennys topphatt*, *Katriinas hette*, *Kristins slørsopp*, *Leifs barksopp*, *Mortens kamfluesopp*, *Roys raudspore*, *Sigmunds vannprikk* og *Øyvinds raudspore*. Unnataka er *Langes parasollsopp* og *Sommerfelts gelèsopp* som bruker etternamnet. Sistnemnte er kalla opp etter botanikaren Søren Christian Sommerfelt (1794-1838). Han var ein av dei aller første i Noreg som studerte sopp, han beskreib blant anna sopparten *Tremella indecorata*, ein art som no har fått det norske namnet *Sommerfelts gelèsopp*. I dette tilfelle er det norske namnet entonym, medan det vitskaplege namnet ikkje er det.

Dei norske entonyma samsvarer ofte med dei vitskaplege namna, *Sigmunds vannprikk* til dømes er på latin *Semisphaeria sigmundii*. Det er fleire latiniserte entonym enn norskspråklege, i dei norskspråklege er det vanlegvis fornamnet som kjem fram, i dei vitskaplege namna kan det like godt vere etternamnet.

#### 4.4.4 Metaforiske soppnamn

Mange soppnamn er metaforiske. Ein grunnleggjande måte å bruke språk på er gjennom metaforar, me tolkar verda gjennom erfaringar frå noko anna. Det er ein grunnstruktur i menneskeleg tenking. Metaforane er eit viktig hjelpemiddel for å kunne forstå. I soppfagspråket finner me mange metaforar, me snakkar til dømes om dei ulike delane av soppen som *hatt*, *hatthud*, *belte*, *slør*, *krage*, *sokk*, og *slire*. I soppnamna finn me òg mange metaforar. Ein kan beskrive noko med å bruke skildrande ord, men ofte kan ein seie mykje meir med å bruke ein metafor. *Potetrøyksopp* til dømes



Blomkålsopp, *Sparassis crispa*  
Foto: Benthe Skrøvje

kan beskrivast som kvitaktig, kuleforma og massiv, litt hard, 4-5 centimeter i omkrins, når han er moden blir det eit lite hol i toppen der sporane kjem ut. Med å bruke metaforane *potet* og *røyk* får ein sagt det same på ein kort og effektiv måte. Soppfolk tenker stort sett at gode soppnamn seier noko om soppen, og at når ein har lært eit namn, og finn soppen ute i skogen, er det fint dersom namn og art samsvarar. Eit døme på eit slikt namn med ein særst vellykka metafor er *blomkålsopp*, *Sparassis crispa*. Finn du ein slik er det ikkje tvil. Blomkålsoppen ser akkurat ut som ein blomkål, lys, passe stor som ein blomkål og med ei overflate som minner veldig om blomkålen. Det er

eit godt soppnamn og ein særst god matsopp. Eit anna døme er *fiolgubbe*, *Gomphus clavatus*, det er ein stutt, litt fiolettaktig "gubbe" som veks i skogbotnen.

Gunnerus laga mange av soppnamna sine på denne måten, han brukte ein metafor for å skildre det han så. Namna han laga syner at han var ein oppfinnsam mann, *Giet-sopp*, *Tigersopp*, *Hornsopp*, *Getskjeg-sopp*, *Haarsopp*, *Langbeen-sopp*, *Loshoue* og *Bustsopp*. Dette er soppnamn eg ikkje har funne igjen andre stader. Geitemetaforen trur eg han er aleine om, *Getskjeg-sopp* nemner han som eit norsk namn på ein gulaktig fingersopp. Eg veit ikkje kvifor geiteskjegmetaforen hans ikkje slo gjennom, men det kan vere fordi fingermetaforen òg er i dei latinske namna. Nokre andre soppartar han nemner som er laga med bruk av ein metafor, slike som *Stjern-sopp*, *Paresollsopp* og *Trollsopp*, har namn som eg finn variantar av i andre kjelder, og som me bruker i dag.

Ei teljing av talet på artsnamn som har ein metafor som første ledd, syner at nærmare ein tredjedel, 858 artsnamn byrjar med ein metafor. Det er arter som *bukettklubbe*, *eventyrhette*, *fiolgubbe*, *frøkenkremle*, *hjelmmorkel* og *kjøtkjuka*.

Ein heil del av primærnamna inneheld ein metafor som seier noko om forma på soppen: *-beger*, *-kølle*, *-stjerne*, *-skål*, *-hette*, og *-hatt*. Dersom ein tel med dei artsnamna som har ein eller fleire metaforar i artsnamnet blir talet enda høgare, 2015 artsnamn hadde ein eller fleire metaforar i artsnamnet, det er kring to tredjedelar.

Tabell 24 Metaforar i soppnamn

Ingen metafor	1 metafor	2 metaforar	3 eller fleire metaforar
<i>bleikgul kremle</i>	parasoll - <i>bleik parasollsopp</i>	blod, hette – <i>blodhette</i>	blod, kanel, slør - <i>blodraud kanelslørsopp</i>
<i>blågrøn kremle</i>	beger – <i>blåsvart begersopp</i>	bringeber, slim – <i>bringeberslim</i>	dverg, gelè, musling- <i>dverggelèmusling</i>
<i>grøn flugesopp</i>	sild - <i>fjellsildekremle</i>	frøken, parasoll – <i>frøkenparasollhatt</i>	filt, skjegg, hatt – <i>filtskjegghatt</i>
	kam- <i>grå kamfluesopp</i>	heks, spytt – <i>heksespytt</i>	hulder, gelè, musling - <i>huldregelèmusling</i>

Det kan i enkelte tilfelle vere vanskeleg å skilje ut metaforane. *Knivkjuke* er ikkje ei kjuke som er skarp som ein kniv, då ville "kniv" vere ein metafor. "Kniv" seier noko om kva kjuke blei brukt til; det var ei mjuk og fin kjuke ein kunne setje knivar, nåler og anna metallredskap i slik at dei ikkje rusta. *Bringeberslim* kunne ein kan hende tenke at er ein slimaktig sopp som veks på eller ved bringebærbusker, då ville det ikkje "bringeber" vere ein metafor, det ville vere ein referanse til voksestad. *Bringeberslim* veks ikkje spesielt med bringebærplantar. Soppen er slimete, bringebærfarga og litt klumpet, så ein kan tenkje at han liknar eit slimet bringebær. Det er altså ein metafor. Med ein gong ein ser bilete av soppen fell namnet på plass. *Musedyngbeger* er ein liten begersopp som trivst på muselort, "musedyng" seier noko om vekseplassen og er ikkje ein metafor. *Musehaustmorkel* er ein liten grå morkelart som kjem om hausten, "mus" er ein metafor som seier noko om at soppen er liten og litt musegrå. Slekta *møkkabegre* er ikkje ein metafor, det er begerforma soppantar som veks på ekskrement.

"Oliven" er eit ord som finst i mange soppnamn, ordet blir brukt om farge. Eg har tolka "oliven" som ein farge. Det er vel eigentleg ein fargemetafor, oliven veks på oliventre og har ein bestemt grønfarge. Eg har ikkje telt denne med som ein metafor i og med at han er innarbeidd i språket som ein farge. *Olivetunge* tolkar eg dermed som eit soppnamn med ein metafor, nemleg "tunge".

I det vidare har eg undersøkt ulike typar metaforar, dei som er knytt til religion og tru, kroppsmetaforar, dyremetaforar og ymse andre metaforar.

### Metaforar knytta til det underjordiske eller bibelske motiv

Alle som har hatt med sopp å gjere veit at det kan vere lunefulle skapningar, dei kjem eine året men ikkje neste, dei sprett fram etter regnvær frå ingenting, dei veks i hekseringar og dei har underlege lukter og konsistensar. Det er ikkje til å undrast over at ein i tradisjonen har knytt dei til det



Heksespytt, *Mucilago crustacea*  
Foto Benthe Skrøvje

underjordiske, til mystikk og trolldom. Trollmetaforen finn eg som første ledd i seks soppnamn: *trolljordtunge*, *trollmorkel*, *trollrøyksopp*, *trollskinn*, *trollslørsopp* og *trollsmør*. Som ein ser har fleire av desse artsnamna meir enn ein metafor. Både *trollsmør* og *mosesmør* liknar på smørklattar som er klint utover bark, eller slengt utover i mose. Dei høyrer til slekta *smørslim*, *Fuligo*. *Heksespytt* høyrer til ei anna slekt, men liknar på *trollsmør*. Men medan *trollsmør* er gult, er *heksespytt* kvitaktig.

Det finnes òg ein god del huldresoppar. Ordet hulder er knytt til det gammalnorske verbet *hylja* som tyder "å skjule", og dei fleste av desse soppane er vanskelege å finne. Me har ni ulike huldresoppar, *huldrekjuke* og *huldresølvpig* er døme på slike, båe artar er vanskelege å finne. Sistnemnte veks i gammal furuskog, og det er mindre enn 10 funn i heile verda. På latin heiter soppen *Phellodon secretus*, også her seier epitetet noko om at det er ein sopp som er litt hemmeleg og vanskeleg å finne. Metaforen namngjevarane har vald er såleis eit godt val. Huldremetaforen er òg nytta i namngjeving av fem lavartar, fire karplantar, tre mosar og to ulike insekt. Når ein har huldresoppar er det ikkje rart at det òg finst tussesoppar, me har fem slike artar med *tusse-* som første ledd: *tussebeger*, *tussehatt*, *tussemorkel*, *tussepigglak* og *tusseslørsopp*. *Alvehette* og *alvetrevlesopp* er vakre og vevre soppar og namna deira heng fint saman med troll-, huldre- og tussesoppane.

Eg har funne fire sopparter som har namn direkte knytt til Bibelen, det er *judasøyre*, *satansopp*, *luciferskjellsopp* og *Jomfru Marias brødkorg*. Dei tre første er omsett frå latin, og dei er eldre soppnamn som er gyldige i dag. Dei er ikkje særleg høgstemte nokon av dei. Annleis er det med *Jomfru Marias brødkorg*, som er eit soppnamn Høeg nemner ein gong, eg har ikkje funne det i andre kjelder. Brødkorgsopp er ein sopp som ser ut som ei lita korg eller beger med fleire runde fruktlegeme, eller "brød" i. I gammal tid la folk merke til denne soppen og meinte han varsla om kornhausten blei god eller ikkje, alt etter kor mange "brød" som låg i korga. Det er ikkje så rart at akkurat denne soppen fekk namn etter jomfru Maria. Men som sagt, det er eit namn som ikkje er i bruk i dag. Kristne metaforar eller referansar har liksom ikkje passa heilt for soppriket, då passar det betre med metaforar frå det underjordiske. Den mykofobe norske kulturen speglar seg i korleis me har gitt soppartane namn heilt fram til i dag.

*Munkehattar* og *bispelue* er soppnamn ein kan knytte til kristen kultur. Det er 13 ulike *munkehattar*, det er temmeleg små, brune og grå soppar det ikkje er noko særskild med, og dei passar godt til namnet sitt. *Munkehattane* er ei ganske ny slekt, og dei aller fleste av desse namna er nylagingar. Noko meir spektakulært er artsnamnet *bispelue*, det er ein staseleg sopp ein fort legg merke til, han liknar på ei bispelue. Det er eit namn me har frå svensk, der han heiter *biskopmössa*. Olav Sopp kallar soppen *Bispehatt*. Ein kan godt ete bispelue, men ein må vere varsam sidan det er ein annan giftig sopp som liknar svært, sjølv røynde soppakkunnige kan ta feil mellom *bispelue* og *narrelue*. Eg veit ikkje heilt om *narrelue* har fått namnet sitt fordi han narrar oss til å tru at han er ei *bispelue*, eller om det er fordi hatten til *narrelue* liknar på hatten til ein narr. Begge deler passar fint, det er eit namn med dobbel meining.

### *Metaforar knytta til kropp*

Akkurat som på mange andre område bruker me ofte kroppen som referanse og metafor når soppartar får namn. *Judasøyre* er allereie nemnd fleire gonger, det er eit gammalt importert soppnamn med ei historie. *Øyremorkel*, *øyrehatt* og *øyrepiggflak* liknar på ein eller annan måte på øyrer. Det er ikkje den einaste soppartane med øyremetafor, me har ei heil slekt, *øyresoppar*, med artar som *lærøyre*, *kantarelløyre*, *sneglehusøyre*, *fagerøyre*, *elgøyre*, *hareøyre*, *rotteøyre*, *maurtueøyre*, *eseløyre* og *begerøyre*.

Det er ikkje berre mannfolk som har skjegg, mange soppar ser ut som dei har skjegg, og det kjem fram i namnet, slik som i *skjeggfrynsesopp*, *skjegghatt*, *skjeggmusserong* og *skjeggriske*. Soppar kan vere hårete, me har soppar som *hårbeger*, *hårhette*, *hårkjuke*, *hårseigsopp*, *hårsokkelhette* og *hårvranghette*. Favoritten min er kan hende *mørkhåra lurvebeger*.

Det er fem soppartar som har *tann-* som førsteledd, *tannbeger*, *tannfiolkjuke*, *tannflathatt*, *tannknorteskinn* og *tannsopp*. Desse soppene har på ein eller annan måte piggar eller "tenner", noko som stikk ut, eller dei liknar tenner. Fingermetaforen kjenner me frå langt tilbake, me kjenner han òg frå vitskapelege namn heilt frå Linné si tid. Desse soppene liknar fingre. Ei slekt har fått namnet *fingersoppar*, og det er tre soppartar i denne slekta som har fått norske namn, *grå fingersopp*, *kamfingersopp* og *rynkefingersopp*. I tillegg finst det artar som *knippesmåfingersopp*, *grå småfingersopp* og *gul småfingersopp*. Tunga er ein annen kroppsdel som me finn blant soppnamna, *jordtunge* og *oksetungesopp* har båe likskapar med ei tunge. *Auge-* soppene er av dei aller vakraste soppene, dei er stort sett runde med tydelege augevipper rundt og dei kan ha flotte farger. *Gullauge* er ein type insekt, medan *gullaugesoppar* er ei lita soppeslekt med seks faglege norske artsnamn. Fem av dei har med augemetaforen, *snøleiegullaage*, *møkkgullaage*, *polargullaage*, *stjernegullaage* og *neslegullaage*. Me finn augemetaforen i andre slekter òg, slike som *møkkauge*, *augebeger* og

*narrekransauge*. Når nokre av desse vakre soppene nemnast saman med møkk er det fordi dei veks på dyremøkk.

Navlar har me alle saman og den er midt på magen, og ein kan kanskje vente at sopp med forleddet *navle-* er festa direkte til jorda frå midt på soppa. Slik er det ikkje, dei har meir ei lita trakt, eller ein slags navle, midt på hatten. Soppar har berre ein stilk, i eit par tilfelle nemnast han som *fat*, og me har fått artsnamn som *klumpfotsopp* og *lillafotgrynhatt*.

Kroppsvæsker som *spytt*, *slim*, *tåre*, *blod* og *gulp* er òg med namneleksikonet til soppriket, og me har soppnamn som *heksespytt*, *blodkremle*, *stubbegulp*, *gulpeslim* (slekt), *smørslim*, *slimmorkel*, *slimhette* og *vårtåre*. Desse metaforane seier noko om konsistensen til soppa. Eg treng ikkje fortelje med så mange ord korleis *gulpeslim* og *smørslim* ser ut, ein kjenner dei att når ein ser dei. *Smørgulp* har ein finare gulfarge enn *gulpeslim*. Fisemetaforen i dei gamle soppnamna for røyksopp har eg skrive mykje om. Me har ein god del *møkk*-soppar, men det er ikkje metafor, det er veksestaden desse soppnamna referer til. Blod som metafor er typisk for å skildre farge på soppa. Det er sju soppar med *blod-* som førsteledd, *blodflekakorallsopp*, *blodhette*, *blodkjuke*, *blodkremle*, *bloddrød kanelslørsopp*, *blodrøysopp* og *blodsjampinjong*. Galle vekker heller ikkje så mange gode assosiasjonar, det er ikkje mange som vil ete desse soppene; *gallehette*, *gallekjuke*, *gallemusserong*, *gallerøysopp* eller *gallestorpigg*. Eg har så vidt sett tunga under hatten på *gallerøysopp*, det gjer eg helst ikkje meir. Et du mykje av han kjem det etter kvart ut eder og galle, du kan bli temmeleg sjuk.

#### *Metaforar knytta til dyr*

Gunnerus fann på namnet *tigersopp*, det var nok noko med soppa som minna han om ein tiger. Dette namnet er ikkje i bruk no, men me har ein god del andre dyremetaforar i bruk. Den mest kjende er *fåresopp*, det er ein av dei gode matsoppene me har plukka sidan midten av 1800-talet. Eg trur kan hende soppa har fått namnet fordi han veks ofte fleire saman, i flokk kan ein seie, han er kvit og hatten er noko ujamn. På avstand liknar det ein flokk med sauer. Eg har òg lese at eldre eksemplar av fåresopp smakar og luktar av sau når ein bruker han til matlaging. I namnelista frå 1936 heiter soppa *sauesopp*. Eg tenker at *sauesopp*-namnet er eit utslag av ein fornorskingstanke eller kan hende samnorsktanken på den tida. Men som me har sett tidlegare, det er "dei fine" som et sopp, og når dei i all tid har ete *fåresopp* går dei ikkje utan vidare over til å bruke namnet *sauesopp*. Det er med soppa som med kjøtet, me et framleis "fårekjøtt", ikkje "sauerkjøtt". Når me har ein *fåresopp* er det natureleg at ein mindre variant av soppa får namnet *lammesopp*.

*Kusopp* er eit av dei opphavelige soppnamna, det er ikkje fordi han liknar på ei ku, men fordi kyrne likte å ete han, så det er ikkje ein metafor.

*Panterfluesopp* er eit gammalt namn, det finn me i sopplitteratur frå før 1900 og er ei omsetjing frå latin. Eg veit ikkje heilt kvifor han fekk det namnet, det er ingenting med utsjånaden til soppa som minner om ein panter. Men soppa er minst like farleg som ein panter, det er kan hende difor han har fått namnet.

*Papegøyerøysopp* er ein fargerik sopp som fortener namnet sitt. Han har raud stilk, gulgrøne porer og gult kjøt som blir blått når du kutter eller skjærer i det.

*Leopardskjellsopp* har òg fått namn etter eit eksotisk dyr, soppa har ein hatt med flekker som godt kan samanliknast med flekkane på leopardpelsen. Det er fire



Kritøsterssopp, *Pleurocybella porrigens* Foto: Benthe Skrøvje

*kameleon-soppar*. *Kameleonkremle* og *kameleonkjuke* er to av dei, dei kan skifte farge, akkurat som kameleonen. Ein del sopp kan likne på østers eller muslingar, og me finn både blant soppa, til dømes *huldregelømusling*, *bjørkeøsterssopp* og *kritøsterssopp*.

Frå havet har me fått fleire variantar av *sildekremle*, dei lukter ikkje godt nokon av dei. *Lakssoppa* luktar helst godt, og mange av dei er raude og spretne som laks. Korallar er òg ein form for dyr som lever i havet, mange sopp har fått namn etter dei av di dei liknar korallar. Me har ei slekt som heiter *korallpiggsoppa* og ei som heiter *korallsoppa*. Då får me soppnamn som *grankorallsopp*, *gul korallsopp* og *dyster korallsopp*.

*Røyskattkremle*, *rådyrslørsopp*, *ulveslørsopp*, *piggsvinrøysopp*, *piggsvinsopp* og *perlehønesjampinjong* er dyremetaforar frå den meir heimlege faunaen. *Røyskattkremle* er omsett frå latin, men eg skjønner ikkje heilt metaforen, det er ikkje noko som minner meg om røyskatt med han. Fargen på *rådyrslørsoppa* kan minne om pelsen på eit rådyr, så det kan vere ein metafor som går på farge. *Myggbege* er ein veldig liten sopp forma som eit beger og det seier seg sjølv korleis *piggsvinrøysoppa* ser ut.



### Andre metaforar

Når eg les *Norske soppnamn*, er det mest ikkje grenser for kor mange ulike metaforar som blir brukt. Det er livlig lesing og slett ikkje lett å finne mønster eller orden. Dei metaforane som står igjen etter at eg har skrive om religiøse, kropps- og dyremetaforar, kan eg dele inn i nokre typer;

- mat: *mjølsopp, franskbrødsopp, sennepslørsopp, smørkremle, kjøtkjuka*
- kjemi/stoff: *mønjevokssopp, naftalinlærsopp, kritkjuka, lakkjuka, marmorjodskinn,*
- tekstil, bekledning, interiør: *silkekjuka, paraplyhatt, kandelabersopp, hjelmmorkel*
- naturfenomen, himmelen: *regnbueslim, jordstjerne*
- frå menneskelivet: *kongesjaminjong, keiserkjuka, dronningsopp, væpnerhatt, ridderhatt, frøkenkremle, frierslørsopp, svartgubbe, barbarslørsopp*
- plantar: *agurkhatt, tomatkremle, pelargoniakremle, ferskenkjuka, blåbærhette, rosehette, jordbærkantarell*

Tabell 25 syner nokre døme på soppnamn med ulike metaforar. Metaforiske soppnamn fungerer godt reint pedagogisk, det er lett å lære både namn og karakteristika med ein soppart når ein kan knyte det til noko som allereie er kjend.

Tabell 25: Soppnamn med ulike metaforer

Metaforisk soppnamn	Forklaring
<b>franskbrødsopp</b>	Kvitaktig, ujamn sopp, liknar på franskbrød
<b>korallkjuka</b>	Veks på trestammar og liknar ein korall
<b>bleikgul paraplyhatt</b>	Ein sopp med hatt som godt kan likne ein bleikgul paraply, paraplyhattar er i regelen mindre enn parasollsoppar
<b>lumsk parasollsopp</b>	Ein sopp med stor markert hatt, ein del parasollsoppar er gode å ete, men ikkje denne, han er lumsk!
<b>pærerøysopp</b>	Ein røysopp, altså ein det ryker av når han er moden, og han liknar på ei pære
<b>rosettsopp</b>	Ein flat sopp som veks utover frå midten, omtrent som ein rosett
<b>smørsopp</b>	Soppkjøtet er gult som smør
<b>solnedgangsslørsopp</b>	Ein slørsopp, han har slør, som har omtrent same fargane som ein solnedgang, raudt og oransje
<b>steinsopp</b>	Ein tung og kompakt sopp, hatten kan minne om ein stein
<b>svart trompetsopp</b>	Soppen er tut-forma, omtrent som ein trompet

#### 4.4.5 Oppsummering og drøfting

Dersom ein skal beskrive ein soppart med ord, treng ein mange ord. Ein soppart har fleire ulike karakteristika som skil han frå andre soppartar. Soppnamnet til ein soppart identifiserer arten og seier noko om han. Me bruker soppnamna for å orientere oss i soppverda. Soppnamna er i regelen fleirledda og dei ulike ledda syner ulike sider av soppen. Soppnamna er dermed komplekse, dei kan vise til både farge, form og vokseplass. Det har vore vanskeleg å kategorisere etter innhald, og det er ikkje lett å finne mønster og utviklingstendensar.

To tredjedelar av soppnamna inneheld ein eller fleire metaforar, såleis kan me seie at bruk av metaforar er eit typisk trekk for soppnamn. Metaforane komprimerer innhaldet i soppnamnet og skildrar soppene på ein pedagogisk god måte. Det er lett å sjå for seg sopparten når namnet inneheld ein metafor. Metafor er eit viktig verkemiddel for å auke forståinga. Eg har erfart at det er mykje lettare å lære metaforiske soppnamn enn det er å lære soppnamn som berre inneheld direkte beskrivingar. *Satansopp*, *stor parasollsopp*, *blomkålsopp* og *ulvemelk* til dømes, er namn som sit omtrent med ein gong i minnet. Annleis er det med namn som *svartbrun røysopp* og *broket musserong*. Metaforane hjelper oss med å forstå, dei gjev artane identitet. Det gjev oss gode knaggar å henge kunnskapen på.

Lakoff og Johnson skriv at "Vårt alminnelige begrepssystem, som vi både tenker og handler ut frå, er grunnleggende metaforisk." (Lakoff & Johnson, 2003, s. 7). I det mentale tankeregisteret i norsk kultur er sopp eit omgrep me forbinder med negative ord som *slimet*, *lunefullt*, *illeluktande*, *forgjengeleg* og *farleg*. Me tolkar soppnamna innafor denne ramma, og soppnamna speglar til ein viss grad denne grunnleggjande metaforikken. Det er mange metaforar som er knytt til troll, hulder og andre negativt lada skapnader. Blant dyremetaforane finn me store farlege kattedyr som panter og leopard. *Pantermusserong* til dømes passar ypperleg til grunnmetaforen, det same gjer *ulvemelk* og *satansopp*. Det er ei sannsynleg årsak til at ein lærer desse soppnamna så raskt.

Voksestad i soppnamnet fungerer godt, det er karakteristika som ikkje blir misoppfatta. 566 faglege norske soppnamn byrjar med voksestad som namnegjevingsmotivasjon, dersom ein tek med dei soppnamna som har voksestad med som eit ledd i namnet blir det endå fleire. *Lerkesopp* veks med lerk, og finn du ein smørsoppliknande sopp i nærleiken av ei lerk er det ikkje tvil om arten. Det same gjeld namn som *vintersopp* og *vårfagerhatt*. Det er faste, utvetydige sider ved sopparten som kjem



Gjødselkragesopp, *Panaeolus semiovatus*  
Foto: Benthe Skrøvje

fram i namnet, og som ein kan bruke når ein skal identifisere arten. *Gjødselkragesopp*, *Panaeolus semiovatus*, veks til dømes på kukaker og han har ein krage. Veksestaden er eit viktig karakteristika ved soppen, og det kjem fram i namnet. Dersom du finn ein sopp med krage på ei kukake er altså sjansen stor for at det er *gjødselkragesopp* du har funne. Stadnamn og himmelretningar som beskrivar er meir diffuse, soppar med forledd som nordleg, sørleg og vestleg kan vere forvirrande. Kva tyder det at ein sopp er nordleg, nordleg i forhold til kva? Det er ikkje så mange av desse namna.

Bruk av farge er eit anna typisk trekk med dei norske soppnamna, det er synlege karakteristika. Kring 700 soppnamn har ein eller fleire farger med i namnet, slik som *musegråhatt*, *gul eikeriske* og *raudskrub*. I tillegg kjem ulike fargemetaforar som *sotriske*, *gullgaffel* og *tomatkremle*.

Det som kan vere problematisk med farger er at me opplever dei ulikt, ein del menneske er til og med fargeblinde i ulik grad. Korleis ser til dømes ein gul sopp ut? Løysinga har i enkelte tilfelle vore å modifisere fargen slik at beskrivaren blir samansette farger som i soppnamna *gulbrun flatmorkel*,

*bleikgul kamfluesopp* eller *raudgul piggsopp* eller ein har brukt fargesamansetningar som i *glassblå raudspore*, *dueblå slørsopp* og *himmelblå raudspore*. Det hjelper kan hende litt, men problemet er ikkje løyst. Mange soppar skiftar i tillegg farge, alt etter kor fuktig det er i veret, eller kor gammal soppen er. Enkelte soppbøker tek med eigne fargekart for å lette forståinga. *Grøn anistraktsopp*, *Clitocybe odora*, har eit visst grønskjær slik ein kan sjå på biletet, men folks forståing av "grønt" er veldig ulikt. Den sterke dufta av anis er derimot ikkje til å



*Clitocybe odora*, grøn anistraktsopp  
Foto: Benthe Skrøvje

ta feil av, så alt i alt fungerer namnet godt. *Turkistraktkremle* er ein annan art med fargenemning, og om ein held soppen opp mot ljuset og studerer skivene ei stund, kan ein kanskje skimte det turkise. Det turkise skjæret er eit viktig kjenneteikn på soppen, det er ikkje så lett, men ein kan lære seg å sjå det.

*Småsporet grønbeger*, *Chlorociboria aeruginascens*, har ein flott farge, men er han grønn eller heller turkis?



Småsporet grønbeger, *Chlorociboria aeruginascens*

Foto: Barb Lamprecht Wang

Når det gjeld entonyma så seier dei fint lite om arten, innhaldet i soppnamnet er ubrukeleg for å beskrive sopparten. Det er ingen av dei mest vanlege soppnamna, til dømes dei soppnamna ein soppakkunnig skal kunne, som er entonym. Artsdatabanken er ikkje glad i slike namn, og soppnamnekomiteen tek omsyn til det. Dei artane som likevel har fått slike namn er artar som soppinteresserte lekfolk sjeldan møter. Du finn ikkje entonym blant dei soppnamna som er i grenseflatene mellom fagspråk og folkespråk. Det er ikkje meir enn 13 entonym blant dei faglege norske soppnamna, det går det an å leve med.

## 4.5 Bruk

Soppnamn som er i bruk i Noreg i dag spreier seg i eit kontinuum frå folkelege soppnamn på den eine sida til vitenskaplege soppnamn på den andre sida. Tabell 26 syner korleis soppnamna fordeler seg frå eit stort og nøye regulert vitenskapleg leksikon til eit mykje mindre og ikkje så presist folkeleg leksikon.

Tabell 26: Bruk av soppnamn

	Vitenskapleg leksikon, latiniserte	Vitenskapleg leksikon, faglege norske soppnamn	Leksikonet i soppbøker	Folkeleg leksikon
Døme 1	<i>bovista nigrescens</i>	<i>stor eggrøyksopp</i>	<i>stor eggrøyksopp</i>	<i>røyksopp, fisesopp</i>
Døme 2	<i>boletus edulis</i>	<i>steinsopp</i>	<i>steinsopp</i>	<i>steinsopp, herresopp</i>
Leksikon	Ca. 5000 soppartar er kjende i Noreg (Artsdatabanken, 2018), desse har godkjende vitenskaplege namn basert på internasjonale avtalar  Samtidig ein jamn strøm av nye funn – artar som er nye for Noreg.	2930 norske artsnamn (Norges sopp- og nyttevekstforbund, 2011)	Dei fleste soppbøker for vanlege soppinteresserte har omkring 100-400 soppnamn  Soppinteresserte har kan hende eit leksikon på mellom 50 og 300 artsnamn.	15-20 ord i ordlistene  Synonym og homonym
Normering	Internasjonalt normerte  Strengt krav til presisjon og dokumentasjon	Normerte, namna må godkjennast  Krav til presisjon	Namna i soppbøker er stort sett i samsvar med dei faglege soppnamna, andre namn kan førekomme	Ordlister er ikkje opptatt av korrekt artsreferanse, opptatt av korrekt stavemåte

Dei folkelege namna har gjeve inspirasjon til dei faglege norske soppnamna, og dei sig sakte inn i det folkelege leksikonet via artiklar, soppheftbøker, matoppskrifter og soppkurs. Det er dei faglege

norske soppnamna som har autoritet og det er dei som blir førte vidare. Nokre av dei folkelege namna blir somme tider forkasta og forsvinn ut av leksikonet.

#### 4.5.1 Folkelege soppnamn

Som eg har peikt på tidlegare er det ikkje så mange folkelege soppnamn. Soppfagmiljøet har stor autoritet og når folk treng namnet på ein sopp vender dei seg mot soppbøkene for å finne rette namnet. På den måten samsvarar dei faglege norske soppnamna stort sett med dei som blir brukt i daglegtale. Dersom ein til dømes skulle finne på å kalle *steinsopp* for *herresopp*, vil ein fort bli retta på av dei som kan soppnamna sine, og dei folkelege soppnamna som har vore i bruk forsvinn ut. Det folkelege fissopp-namnet er på den måten blitt trengt ut til fordel for ein bokleg konstruksjon, nemleg *røyksopp*.

Ofte kan me sjå at faglege norske soppnamn blir gjort enklare i daglegtale, i staden for *potetrøyksopp* bruker ein i daglegtale berre *røyksopp*, i staden for *raud flugesopp* snakkar ein om *flugesopp* når ein tenkjer på den flotte raude flugesoppen. I det heile tatt er det ofte slektsnamn som *kremle*, *flugesopp*, *røyksopp* og *piggsopp* som blir brukt i daglegtale om sopp. Kravet til presisjon er ikkje så stort når ein snakkar generelt om sopp.

To populære soppantar mange har lært namnet på er *kransmusserong* og *kreftkjuke*. Dei utanlandske namna, *matsutake* og *chaga* har sneke seg inn via media. Desse er soppar det har vore ein del blest omkring. Matsutake (kransmusserong) fordi han konkurrerer med trøflar om å vere verdas dyraste sopp. Soppen veks i Noreg, det er ikkje så vanleg å finne han. Chaga (kreftkjuke) har ein heil liten menighet som les om soppen på nett eller i vekepressa, nokon leiter etter han i skogen medan andre kjøper chaga-produkter på nett eller i helsekostbutikken. På Facebook kan du finne norske grupper som *Chaga 4 You* med meir enn 500 medlemmer, og eit utal engelskspråklege grupper og annonseringar som heidrar dei helsebringande eigenskapane til denne soppen. Eg har ikkje undersøkt kva for namn som blir mest brukt, men det undrar meg ikkje om dei populære utanlandske namna blir mest brukt, dei kan kanskje bli tatt inn i det soppfaglege leksikonet ein gong i framtida.

#### 4.5.2 Faglege norske soppnamn

Det er dei faglege norske soppnamna som har fått fokus i denne oppgåva. Dei blir brukt av fagfolk og av soppinteresserte, dei er presise og refererer til ein bestemt soppart. Fagfolk er opptatt av terminologi, eit presist og innarbeidd fagspråk er eit viktig verktøy i arbeidet deira. Dei faglege norske soppnamna er ein del av dette fagspråket. På universiteta og i forskingsmiljøa er dei vitskaplege

soppnamna sjølvsagte, men det blir òg lagt ned mykje arbeid i å utvikle ein norskspråkleg terminologi og faglege norske soppnamn. Soppsaka er framleis levande og norske namn er viktige i spreining av kunnskap om sopp ut mot folk flest.

I dag er miljøsa svært aktuell, artsmangfaldet er trua. Artsdatabanken gjev ut oppdaterte lister over kva for artar som er raudlista. Det er viktig at slike artar får norske namn, det gjev dei identitet og status. Det gjeld ikkje berre soppartar, men artar frå alle riker.

Soppinteresserte som går på soppkurs lærer dei faglege norske soppnamna som gjeld når dei går kurset. Som me har sett endrar dei seg noko over tid og ein må bruke dei nyaste utgåvene av soppbøker på kursa og i skogen. Det er forresten ikkje berre namna som er i endring, den soppboka du arva av mor di er sannsynlegvis utdatert når det gjeld kva for artar som er giftige, og kva for artar du trygt kan ete. På 1970-talet var *spiss giftslørsopp* ukjend for dei fleste, du fann han verken i skogen eller i soppbøkene. I dag er han med i alle soppbøker og i dei mange artiklane om sopp i media og vekepresse som kvart år blir publiserte i samband med sopphausten. Det er stor merksemd kring denne sopparten, han er tross alt dødeleg og det er fleire tilfelle av forgiftingar. Eg finn han omtrent kvar gong eg er på sopptur, då lar eg han stå eller eg trampar på han slik at ingen andre skal plukke han. To andre, og meir uskyldige døme, er *riddermusserong* og *honningsopp*, begge desse artane blei tidlegare anbefalt som gode matsoppar. I dag vil ein soppakkunnig vrake desse på soppkontroll, dei har fått status som giftige sopp.

Kunnskap om sopp, og kjennskapen til dei faglege norske soppnamna blir heile tida oppdatert av eit fagmiljø knytt til universitet og forskingsmiljø. Kunnskap er på mange måtar ferskvare, og soppnamna er tett knytt opp mot kunnskap, soppnamneleksikonet er såleis heile tida i endring. Det er fagmiljøa som produserer kunnskapen, og det er der endringane syner seg, blant anna i form av endringar i namneleksikonet.

Norges sopp- og nyttevekstforbund er ein del av fagmiljøet og fungerer som ein kanal ut mot soppinteresserte folk. Dei gjev ut tidsskriftet *Sopp og nyttevekster* fire gonger i året der artiklane spenner frå matoppskrifter til meir spesialiserte artiklar om til dømes kremler som veks saman med bjørk, eller presentasjon av ny forskning. Artiklane er populariserte og retta mot ei stor mottakargruppe. I tillegg arrangerer dei lokale foreiningane soppturar, lagar soppstillingar, held kurs og soppkontrollar. Sopp og nyttevekstforbundet utdannar og uteksaminerer ti til tjue soppakkunnige kvart år, det er desse som sit på soppkontrollar og fungerer som lokale soppspesialistar. Kvart år arrangerer Sopp og nyttevekstforbundet haustsopp- og vintersopptreff der glade amatørar og fagfolk møtast. Dei faglege norske soppnamna i nyaste versjon er sjølvsagt med,

og dei finn vegen ut frå Biologisk institutt på Blindern til heilt vanlege folk over heile landet. Det handlar om å byggje bruere mellom vitskap og samfunn.

Artsdatabanken er ein annan kanal der både dei faglege norske soppnamna og dei vitskapelege soppnamna kjem fram til folk flest. På nettsida til Artsdatabanken står det at:

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald. Vår hovudoppgåve er å formidle oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon om artar og naturtypar. Gjennom innhenting, systematisering og formidling av kunnskap, byggjer vi bruere mellom vitskap og samfunn. (Artsdatabanken, 2019)

I spreining av kunnskap om artar er norske artsnamn heilt sentralt, og Artsdatabanken har knytta til seg over tjue ulike namneredaktørar som kvalitetsikrar artsnamna, det gjeld alle artar innanfor dyreriket, planteriket, soppriket og andre rike. Desse namneredaktørane er henta frå vitskapelege institusjonar og dei samarbeider med Språkrådet. I Artsnamnebasen til Artsdatabanken finn ein norske og vitskapelege namn på til saman rundt 44 000 artar. Artsdatabanken er ein open nettstad der alle kan gå inn å få informasjon og oppdatert kunnskap som er kvalitetssikra.

#### 4.5.3 Vitskapelege soppnamn

Dei vitskapelege soppnamna er nøye regulert og dei er alltid latinisert. Jo meir fagleg ei tekst er jo meir sannsynleg er det at dei vitskapelege namna blir brukt, anten saman med faglege norske soppnamn eller aleine. Ein god del soppartar har ikkje fått norsk artsnamn, då blir det vitskapelege namnet brukt. Det er først og fremst i fagmiljøa, i samband med forskning, at dei vitskapelege soppnamna blir brukt aktivt. Heilt vanlege folk kan òg møte desse namna i soppbøker, og kan hende i Artsdatabanken. Dess meir interessert ein blir i sopp, jo tettare kjem ein på dei vitskapelege namna, og ein kan oppdage den språklege skatten som ligg der. Det er mange soppamatørar som har stor glede av å lære seg tydinga av dei vitskapelege soppnamna, det er ei kjelde til kunnskap både om språk, historie og sopp. Dersom ein bruker dei vitskapelege soppnamna kan ein bruke soppbøker på andre språk, eller ein kan finne fram til soppartar på nettsider som ikkje er norskspråklege. På den måten er det nyttig for heilt vanlege soppinteresserte å ha noko innsikt i dei vitskapelege soppnamna.

#### 4.5.4 Oppsummering og drøfting

Spreining av kunnskap er ei viktig målsetjing for all vitskap. Når det gjeld sopp har eg tidlegare peikt på soppasaka som ideologi. Når kunnskap skal ut til folket, må ein utvikle eit fagspråk som er tilgjengeleg



for lekfolk. Ein må ha gode soppnamn. Kunnskap om sopp har tradisjonelt vore mangelvare i norsk kultur, sett bort frå nokre få soppartar som *kusopp*, *røyksopp (fisesopp)*, *knivjuke* og *knuskkjuke*.

Det er fagmiljøa som har utvikla kunnskapen og sett namn på soppartane. Dei har vendt seg både mot folkemålet og til vitskaplege namn når soppartar skal få nye norske namn. Fagmiljøa har vore sterkt til stades i ideologiske organisasjonar som Norges sopp og nyttevekstforbund. Eit viktig mål er å spreie kunnskap, og gode soppnamn det viktigaste verktøyet. Fagmiljøa har arbeidd systematisk og målretta med å etablere eit norsk fagleg soppleksikon, som kan bli brukt i både i faglege og meir folkelege samanhengar. Eg tykkjer dei har lukkast, det namneleksikonet me har i dag er omfattande, presist og stort sett pedagogisk. Det er eit levande og interessert soppmiljø i randsona av fagmiljøa på universiteta, der soppnamna blir brukt og verdsett.

Dei vitskaplege namna blir brukt i faglege samanhengar, slik som i forskning og undervisning. Det er eit internasjonalt nivå der fagfolk samarbeider og kommuniserer på tvers av landegrenser. Dei vitskaplege namna er òg til stades i sopplitteratur, slik blir dei ein del av ordtilfanget til soppentusiastane som les soppbøker. På den måten kan ein som norskspråkleg lese soppbøker på nabospråka, eller på andre språk, sjølv om soppnamna på dei ulike nasjonalspråka er ulike.

Det er mange grenseflater mellom folkelege soppnamn, faglege norske soppnamn og vitskaplege soppnamn. Dei faglege norske soppnamna blir folkeleggjort og tilgjengelege for folk flest gjennom arbeidet til Sopp og nyttevekstforeningen og Artsdatabanken.



## 5. Oppsummering av resultatata

Resultata av undersøkingane kan ein oppsummere i desse punkta:

- Det er gode grunnar for å trekkje eit skilje mellom *folkelege sopnamn*, *faglege norske sopnamn* og *vitskaplege sopnamn*. Enkelte av dei folkelege sopnamna lever vidare medan andre forsvinn ut av det folkelege leksikonet. Talet på dei faglege norske sopnamna har auka enormt, frå eit tjuetals sopnamn på midten av 1800-talet til nærare 3000 i dag. Vitskapleg, kulturell og teknologisk utvikling har gjort det mogleg å utvikle ei stor mengd faglege norske sopnamn.
- Sopnamna er basert på eit primært sopnamn som kan vere eit arveord, lån, omsetjing eller nylaging. Desse primærnamna kan med tida bli bygd ut eller bygd om alt etter behov. Sopnamna er for ein stor del samansette, der tradisjonelle ord for sopp er sett saman med ei beskriving av soppen, ein metafor, ei omsetjing eller eit entonym.
- Det er svært få folkelege norske sopnamn, den viktigaste årsaka er at sopp ikkje har vore nokon viktig del av norsk kultur, verken som mat, rituelle stimuli eller til anna bruk. Dei negative haldningane til sopp speglar seg til ein viss grad i namna.
- Sopnamna frå 1800-talet er hovudsakleg lån frå Sverige.
- Innhaldet i sopnamna byggjer hovudsakleg på makromorfologiske trekk, i enkelte tilfelle også mikromorfologiske trekk. Sopnamna har ein identifiserande funksjon, dei har beskrivande namn som seier noko om arten. Ei beskriving av korleis han ser ut er det mest vanlege. Makromorfologiske trekk som går igjen er farge, voksestad, konsistens og lukt.
- To tredjedelar av sopnamna inneheld ein eller fleire metaforar.
- Det finst òg nokre entonym, der soppen får namn etter ein person, og nokre sopnamn som har fått namn som innhald eit stadnamn.
- Artsdatabanken har retningsliner for korleis ein lagar artsnamn, dei samarbeider med Språkrådet. Artsnamna, dei faglege norske sopnamna, byggjer på både folkelege språklege tradisjonar og på vitskaplege tradisjonar for namngjeving.
- Det har vore gjort eit målretta språkleg arbeid sidan slutten av 1800-talet med dei faglege norske sopnamna. Saman med utviklinga av vitskapen har sopp vore viktig i utviklinga av sopnamna. Det har vore eit ideologisk ønskje, først og fremst frå 1800-talet og framover, om å spreie kunnskap om sopp og eit ønskje om å ta i

bruk sopp som mat for folket. Det pedagogiske har vore viktig og norske soppnamn er ein viktig del av dette.

- Det er vitskapen som har utvikla kunnskapen om soppene. Autoriteten ligg der, og det er dei som har laga namna. Dei namna dei bruker har autoritet. Namn i det folkelege leksikonet som ikkje har blitt brukt av vitskapen, forsvinn.
- Når vitskapsfolk lagar namna, byggjer dei på tradisjonar innan naturvitskapane, og på språklege tradisjonar i nasjonalspråket. Nokre soppnamn har primærnamn frå det folkelege leksikonet. Målet har heile tida vore å lage artsnamn som er pedagogisk gode og som kan brukast i presis kommunikasjon både på eit vitskapleg og eit meir folkeleg nivå.
- Dei vitskaplege namna, som er internasjonale, blir brukt parallelt med dei norske artsnamna. Jo meir vitskapleg ei tekst om sopp er, dess meir synleg er dei vitskaplege namna.

Den enorme auken i norske soppnamn har vore ein raud tråd gjennom heile oppgåva. Me har sett korleis eit fagmiljø har bygd opp eit omfattande norskspråkleg soppnamneleksikon i løpet av 150-200 år. Utgangspunktet var nokre særst få folkelege soppnamn og nokre innlånte soppnamn frå Sverige. Det har vore ein livleg og til dels fantasifull vokster av namn, men ikkje heilt utan mål og styring. I Noreg var me tidleg ute med ein soppnamnkomité som leia arbeidet. Sidan talet på folkelege namn var såpass lite, og folk flest slett ikkje har brydd seg om sopp her i landet, har komiteen kunna arbeidd utan for mange innvendingar utanfrå.

I 2005 blei Artsdatabanken skipa, mange av dei retningslinene soppnamnekomiteen har arbeidd etter finn ein igjen i Artsdatabanken sine prinsipp for namngjeving. Arbeidet med å setje gode namn på artane held fram. Soppnamna er eit viktig verktøy for spreiding av kunnskap, dei gjev identitet og status til artane i ei tid der artsmangfaldet er trua.

## Etterord

For tre år sida tok eg eit fordjupingsemne i namnegransking, då oppdaga eg stadnamna. Lesing av kart blei aldri det same etter det. No har eg arbeidd med soppsnamn i eit par år. I soppsnamna har eg funne kunnskap om sopp, kultur, vitskap og språk. Ikkje minst har eg fått auga opp for alle små og store soppar. Eg er blitt kjent med dei. Soppturar er ei svært sanseleg oppleving. Soppsnamna minner ein om at soppene har ulike former og fargar, dei kan vere tørre, sprø eller slimete, og dei luktar oftast noko. Nokre er livsfarlege å ete, andre ei kjelde til kulinariske gleder på høgt nivå.

Artsnamn, anten det er soppsnamn, fuglenamn, namn på maur eller humlenamn, representerer eit stort leksikon, og ein språkleg skatt det har vore forska lite på. I løpet av arbeidet med soppsnamna har det stadig kome opp nye problemstillingar det kunne vore interessant å arbeide vidare med. Ein kan samanlikne artsnamn på ulike språk, kva for likskapar og ulikskapar finn ein? Eg har vore inne på at engelske soppsnamn ikkje er like systematiske som dei norske og skandinaviske soppsnamna. Islendingane lagar sine eigne soppsnamn, islandske soppsnamn tek ikkje opp i seg felleseuropeiske namnetradisjonar på same måten som dei norske. Og kva med soppsnamn i meir mykofile kulturar? Ein kan kanskje vente at dei er meir positivt ladde, at dei ber i seg andre konnotasjonar enn dei norske soppsnamna.

Eg har skriva noko om kva eg tenkjer kjenneteiknar gode soppsnamn, men det er ikkje det som har vore hovudtemaet. Ein kunne undersøke den pedagogiske verdien av gode artsnamn. Eg tenkjer at dei har ein slik verdi. Då eg tok soppakkunnigeksamen for to månader sidan, forsto eg at gode soppsnamn er lette å lære og hugse.

Ein bonus, i tillegg til alt eg har lært, er å erfare at folk er interesserte i å snakke om soppsnamn. Eg hadde aldri trudd emnet for ei masteroppgåve i nordisk språk og litteratur, kunne gjere lukke i selskapslivet, men slik er det faktisk.

Kristiansand 4. november 2019

Benthe Skrøvje

## Referanser

- Aasen, I. (1860). *Norske Plantenavne*. Oslo.
- Ainsworth, G. C. (1976). *Introduction to the History of Mycology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Antonsen, V. (1990). Forholdet mellom offisiell norsk nomenklatur for fugl og zoologisk systematikk. *Namn og nemne*, 7-34.
- Artsdatabanken. (2017, april 30). *Artsdatabanken*. Henta frå Artsdatabanken: <http://www.artsdatabanken.no/>
- Artsdatabanken. (2018, oktober 30). *Sopper, fungi*. Henta frå Artsdatabanken: <https://www.artsdatabanken.no/Rodliste/Artsgruppene/Sopper>
- Artsdatabanken. (2019, august 10). *Om Artsdatabanken*. Henta frå Artsdatabanken: <https://www.artsdatabanken.no/omartsdatabanken>
- Artsdatabanken. (2019, august 5). *Prinsipper for etablering av nye norske navn*. Henta frå Artsdatabanken: <https://www.artsdatabanken.no/navn/prinsipper>
- Artsdatabanken. (2019, august 12). *Takson rødne fluesopp*. Henta frå Artsdatabanken: <https://artsdatabanken.no/Taxon/Amanita%20rubescens/52160>
- Bjorvand, H., & Lindeman, F. O. (2007). *Våre arveord, Etymologisk ordbok, Revidert og utvidet utgave*. Oslo: Novus forlag.
- British Mycological Society. (u.d.). *English Names for Fungi*. Henta frå British Mycological Society: <https://www.britmycolsoc.org.uk/library/english-names>, hentet 18.08.2019
- Bugge, C. (1871). *Tyve Sopper*. Christiania: Jacob Dybwad.
- Bull, T. (2018). Andre språk i Noreg. I B. (. Mæhlum, *Norsk språkhistorie* (ss. 469-473). Oslo: Novus forlag.
- Dalberg, V. (2002). De propriale særtræk - et diskussionsindlæg. *Forskningscentralen för de inhemska språken, skrifter 4*, ss. 9-19.
- de Caprola, Y. (2013). *Norsk etymologisk ordbok*. Oslo: Kagge forlag.
- Den norske soppnavnkomiteen. (1996). *Norske soppnavn*. Oslo: Fungiflora.
- Den norske soppnavnkomiteen av 1968. (1976). *Norske soppnavn*. Oslo: Universitetets trykkeri.
- Den norske soppnavnkomiteen av 1968. (1985). *Norske soppnavn*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Dietrichson, J. (1871). *Lærebog i Botanik til Skolebrug*. Christiania: Dybwad.
- Eckblad, F.-E. (1994). *Sopp i Norge før i tiden*. Ås: Soppkonsulentent A/S.
- Floraislands. (2019, april 28). *Sveppir*. Henta frå Floraislands: <http://www.floraislands.is/SVEPPIR/lycopmol.html>
- Fries, S. (1997). Florornas svenska väkstnamn - en spegel av vårt kulturklimat? *Aspekter på väkstnamn*. Umeå, Sverige: Språk- och folkminneinstitutet.
- Garborg, H. (1903). *Heimestell for smaa hushald, helst paa lande*. Kristiania: Alb. Cammermeyers forlag.
- Garborg, H. (1907). *Matstell paa landsbygdi*. Oslo: Norigs Undomslag og student-mållaget.
- Georgiou, A. (2019, januar 17). *Dermophis donaldtrumpi*. Henta frå Newsweek: <https://www.newsweek.com/donald-trump-dermophis-donaldtrumpi-new-species-climate-change-amphibians-1264528>
- Gulden, G. (2017, desember 1). Mysteriet Hulda Garborgs trøfler. *Sopp og nyttevekster*, ss. 40-43.
- Gulden, G., & Marstad, P. (2018). *Soppboka*. Oslo: Cappelen Damm.
- Hamsun, K. (1961). *Victoria, en kjærligheds historie*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Hessen, D. O. (2000). *Carl von Linné*. Gjøvik: Gyldendal Norsk Forlag.
- Høeg, O. A. (1976). *Planter og tradisjon*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Høiland, K. (2005, november 11). Livets hjul. *Idunn*, ss. 106-113.

- Høiland, K. (2019, august 15). *Knuskkjuka*. Henta frå Store norske leksikon: <https://snl.no/knuskkjuka>
- IAPT. (2018, desember 3). *The International Code of Nomenclature for algae, fungi, and plants (Shenzhen Code) 2018*. Henta frå <https://www.iaptglobal.org/icn>
- Jacobsen, R. M. (2019, januar 19). *Klegg med vakker rumpe oppkalt etter Beyoncé*. Henta frå forskning.no: <https://forskning.no/blogg/insektokologene/hva-skal-barnet-hete-om-desperant-vepsen-og-beyonces-bakende>
- Jørgensen, P. M., Weidemann, E., & Fremstad, E. (2016). *Flora Norvegica av J.E: Gunnerus, På norsk og med kommentarer*. Trondheim: NTNU, Vitenskapsmuseet.
- Karlsen, E. (2018). Latin og gresk. I *Norsk språkhistorie, II, Praksis* (ss. 457-473). Oslo: Novus forlag.
- Karlsen, P. (2015). Japanske delikatesser i Nord-Sverige. *Sopp og nyttevekster, årgang 11 - nr 2*, 33-38.
- Kjøll, G. (2013). *Språkfilosofi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kulbrandstad, L. A., & Kinn, T. (2016). *Språkets mønstre, 4 utgave*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lakoff, G., & Johnson, M. (2003). *Hverdagslivet metaforer, fornuft, følelser og menneskehjernen*. Oslo: Pax forlag.
- Lie, S. (2003). *Innføring i norsk syntaks, 5. utgave*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Læssøe, T., & Petersen, J. H. (2019). *Nordeuropas svampe, bind 1*. København: Gyldendal.
- Magnus, A. (1256). vocatur fungus muscarum. I A. Magnus, *De vegetabilibus* (ss. Bok II, side 87 og Bok VI, side 345).
- Mayr, E. (1982). *The Growth and Biological Thought*. Cambridge, Massachusetts and London, England: The Belknap Press of Harvard University.
- Myking, J. (2018). Fagspråksamarbeid. I B. M. (red), *Norsk Språkhistorie II Praksis* (ss. 367-415). Oslo: Novus forlag.
- Norges sopp- og nyttevekstforbund. (2011). *Norske soppnavn*. Oslo: Norges sopp- og nyttevekstforbund.
- Nyttevekstforeningen. (1936, Nr. 2). Norske sopp-navn, Navneliste utarbeidet av en av Nyttevekstforeningen nedsatt komitè. *Våre Nyttevekster*, ss. 11-23.
- Ohl, M. (2018). *The Art of Naming /Michael Ohl; translated by Elisabeth Lauffer*. Cambridge, Massachusetts: The MIT Press.
- O'Reilly, P. (2016). *Fascinated by Fungi, exploring the majesty and mystery, facts and fantasy of the quirkiest kingdom on earth 2nd Edition*. Llandysul: First Nature.
- Oxford Dictionaries. (2019, Mars 09). *Jew's ear*. Henta frå English Oxford Living Dictionaries: [https://en.oxforddictionaries.com/definition/jew's\\_ear](https://en.oxforddictionaries.com/definition/jew's_ear)
- Persson, G. (1997). Fränkskivling eller poison pie. Kognitiva aspekter på namngivning av svamp i olika språk. I *Aspekter på väkstnamn* (ss. 53-63). Umeå: Dialekt- ortsnamn- och folkeminnesarkivet i Umeå.
- Ramus, J. (1715). *Norriges Beskrivelse*. København.
- Rasch, H. (1869). *Vore beste spiselige soparter*. Christiania: P. T. Mallings bogtrykkeri.
- Ryvarden, L. (2019, august 10). *Knivkjuka*. Henta frå Store norske leksikon: <https://snl.no/knivkjuka>
- Ryvarden, L., & Høiland, K. (2014). *Er det liv, er det sopp*. Oslo: Dreyers forlag.
- Selskabet for Folkeoplysningens fremme. (1871). *Vore beste spiselige Soparter*. Christiania: B. T. Mallings Bogtrykkeri.
- Smitt, J. (1863). *Skandinaviens förnämsta ätliga ock giftiga svamper*. Stockholm.
- Smitt, J. (1867). *Skandinaviens förnämsta ätliga och giftiga svampar, andre upplagan*. Stockholm: P.A. Norstedt & söner .
- Sopp, O. (1907). *Sop-bogen*. Kristiania: Cammermeyer.

- Spilde, I. (2003, april 2). *Det største i verden?* Henta frå <https://forskning.no/skog-planteverden-sopp/2008/02/det-storste-i-verden>
- Strøm, H. (1906). *Physisk-Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge. I, II.* Aalesund: Sunnmørepostens Bogtrykkeri.
- Thorsrud, A., & Reisæther, O. (1948). *Norske plantenavn, Fra Instituttet for blomsterdyrking ved Norges Landbrukshøyskole.* Oslo: Johansen & Nielsen boktrykkeri.
- Torgersen, E. (2019, mars 15). *Ny edderkopslekt oppkalt etter stormtroppene i Star Wars.* Henta frå Forskning.no: <https://forskning.no/biologisk-mangfold-edderkoppdyr-film/ny-edderkopslekt-oppkalt-etter-stormtroppene-i-star-wars/1310983>
- Torkelsen, A.-E. (2004). *Nyttevekstforeningen 1902-2004. Nyttevekstforeningens historie 1902-2004, 5-17.* Oslo: Nyttevekstforeningen .
- Torp, A. (1992). *Nynorsk etymologisk ordbok.* Oslo: Bjørn Ringstrøms antikvariat.
- UiB . (2017, mars 18). *Bokmålsordboka Nynorskordboka.* Henta frå Bokmålsordboka Nynorskordboka: <http://ordbok.uib.no/>
- Utne, I. (2011). *Hva er et navn?* Oslo: Pax forlag A/S.
- Watson, J. D. (1953). Molecular structure of Nucleic Acids. *Nature 171*, ss. 737-738.
- Wright, J. (2014). *The Naming of the Shrew, a Curisous History og Latin Names.* London: Bloomsbury Publishing.

FIGURAR OG TABELLAR, ALLE FIGURAR OG TABELLAR ER UTARBEIDD AV BENTHE SKRØVJE

TABELL 1 UTVIKLING, KANTARELL-NAMNET .....	54
TABELL 2 UTBYGGING AV NOKRE FAGLEGE NORSKE SOPPNAMN .....	57
TABELL 3: ULIKE TYPAR FORLEDD.....	58
TABELL 4: UTBYGGING AV KREMLENAMNA: SILDEKREMLE, GIFTKREMLE OG FRØKENKREMLE .....	59
TABELL 5: DØME PÅ BRUK AV FUGER.....	60
TABELL 6: FAGLEGE NORSKE SOPPNAMN SOM NOMENFRASAR .....	60
TABELL 7: OMBYGGING AV SOPPNAMN .....	61
TABELL 8: TYPER OMBYGGING AV SOPPNAMN.....	62
FIGUR 9: UTVIKLING AV SOPPNAMN, OPPHAV.....	65
TABELL 10: OMSETJINGAR FRÅ VITSKAPLEGE NAMN .....	72
TABELL 11: FLEIRLEDDA SOPPNAMN, OPPHAV .....	75
TABELL 12: MAKROMORFOLOGISKE TREKK, ADJEKTIV.....	80
TABELL 13: MAKROMORFOLOGISKE TREKK, SUBSTANTIV .....	81
TABELL 14: SOPPNAMN MED FARGE SOM FORLEDD .....	82
TABELL 15: SOPPNAMN MED FARGEMODIFISERINGAR SOM BESKRIVAR/FORLEDD.....	82
TABELL 16: SOPPNAMN MED LUKT ELLER SMAK SOM BESKRIVAR/FORLEDD .....	83
TABELL 17: SOPPNAMN DER BESKRIVAREN/FORLEDDET VISER TIL TRESLAG/PLANTE .....	84
TABELL 18: SOPPNAMN MED STADNAMN SOM FORLEDD .....	85
TABELL 19: SOPPNAMN MED HIMMELRETNING SOM BESKRIVAR/FORLEDD .....	85
TABELL 20: SOPPNAMN SOM HAR LANDSKAPSTYPE SOM FØRSTELEDD.....	86
TABELL 21: SOPPNAMN SOM HAR SPESIALISERT VEKSESTAD SOM BESKRIVAR/FORLEDD .....	87
TABELL 22: SOPPNAMN MED BESKRIVAR/FORLEDD SOM PEIKER PÅ ÅRSTID ELLER TIDSPUNKT .....	88
TABELL 23: OPPSUMMERING VOKSESTAD .....	88
TABELL 24 METAFORAR I SOPPNAMN .....	92
TABELL 25: SOPPNAMN MED ULIKE METAFORER .....	97
TABELL 26: BRUK AV SOPPNAMN .....	101